



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Dansesalen, Honndalshallen
Dato: 01.11.2018
Tid: 13:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 44/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 45/18	Orientering om skulekrinsar i nye Volda kommune
PS 46/18	Reglement for Volda valstyre - ny handsaming
PS 47/18	Valstyret nye Volda kommune - oppsett varaliste
PS 48/18	Kommune og fylkestingsvalet 2019 - fastsetjing av valdag
PS 49/18	Veterinærvakt - Inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal
PS 50/18	Anskaffingsprosess for grafisk profil - ny handsaming
PS 51/18	Orienteringssaker
OS 46/18	Orientering om oppseiing av avtalar
OS 47/18	Førespurnad om deltaking i interkommunalt plansamarbeid - reiseliv og turisme
OS 48/18	Orientering frå temakomité for kulturbygging
OS 49/18	Rapport om helsetenestetilbodet i Hornindal og Volda

PS 44/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 45/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 45/18 Orientering om skulekrinsar i nye Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/1177
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11.2018

REGLEMENT FOR VOLDA VALSTYRE - NY HANDSAMING

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda syner til vedtak i møte 06.09.2018, PS-sak 38/18 vedkomande reglement for Volda Valstyre og vedtek å endre reglementet ii samsvar med Vedlegg 1 til denne saka.

Vedleggsliste:

1. Reglement for Volda Valstyre vedteke i Fellesnemnda 06.09.2018, PS-sak 38/18

Samandrag av saka:

Fellesnemnda vedtok reglement for nemnder/utval i Nye Volda kommune i møte 06.09.2018, PS-sak 38/18. Ved ein «glipp» inneheld reglementet reglar som ikkje er i samsvar med seinare endringar i vallova i tillegg til at reglane om delegering kan verke uklare slik dei no ligg føre.

I samband med at ein no går inn i ei fase der ein skal førebu val til den nye kommunen ser ein at desse «feila» bør rettast opp.

Saksopplysningar/fakta:

Fellesnemnda vedtok reglement for nemnder/utval i Nye Volda kommune i møte 06.09.2018,

Nokre av punkta i reglementet bør ein vurdere på nytt:

3. FASTE UNDERUTVAL/KOMITEAR

Kommentar:

2. avsnitt; «*Kommunestyremedlemer frå krinsen skal gå inn som medlemer.*» bør gå ut då den kan vere i strid med vallova §9-3 pkt. 4:

§ 9-3. Tid og sted for stemmegivningen. Organisering

(4) Kandidat som er oppført på valgliste ved kommunestyrevalget, kan ikke oppnevnes til stemmemottaker eller valgfunksjonær i valglokalene i vedkommende kommune. Kandidat som er oppført på valgliste ved stortingsvalget eller fylkestingsvalget, kan ikke oppnevnes til stemmemottaker eller valgfunksjonær i valglokalene i kommunene i vedkommende valgdistrikt.

Berre dersom vedkomande kommunestyremedlem ikkje står på liste for det nye kommunestyret vil setninga ha meining, men kva ynskjer ein då å oppnå?

Komitear/ad-hoc-utval

Valstyret kan opprette komitear til førebuaande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 4 §.

Kommentar:

§ 10 pkt. 4 og pkt. 5 lyder slik:

§ 10. Faste utvalg. Komiteer.

4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

5. Kommunestyret og fylkestinget kan opprette komiteer til forberedende behandling av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også tildeles myndighet til å avgjøre enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteens oppdrag.

Rådmannen går ut frå jamføringa i reglementet er til § 10, nr. 4 då det er Valgsstyret «Utvalget» ein ynskjer å gje mynde til å opprette komitear m.v...

4. OPPGÅVER OG RETTAR

Avgjerdsrett

Valstyret avgjer saker som følgje av vallova **dersom ikkje anna er bestemt eller går fram av lov.**

Mynde etter reglane om val av sameting som samevalstyre er lagt til valstyret **så langt ikkje anna er bestemt eller går fram av lov.**

Kommentar:

Sjølv om det framgår av lova ynskjer ein å få presisert at dersom ikkje anna er bestemt av kommunestyret eller går fram av lov så er det Valstyret som står for gjennomføringa av vala.

Vidaredelegering

~~Ovannemnde delegeringar omfattar ikkje mynde til vidaredelegering. Dersom utvalet ønskjer å delegere til andre utval eller administrasjonen, må forslag om dette sendast kommunestyret for endeleg avgjerd.~~

Kommentar:

Når valstyret er tillagt mynde gjennom lova til å gjennomføre vala, gjev dette punktet lita meining. Eg syner også til det mynde som er tillagt etter pkt.2 ovanfor vedkomande Komitear/ad-hoc-utval og punkt 5 under.

5. DELEGERING TIL LEIAREN I VALSTYRET

Avgjerdsmynde i enkeltsaker eller typar av saker som er å sjå på som kurante vert delegert til leiaren. **Døme på dette kan vere oppnemning av ekstra valfunksjonærar eller medlemer/vamedlemer til røystestyre.**

Kommentar:

Det bør presiserast at det er leiaren i valstyret som har mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker eller typar av saker som er å sjå på som kurante.

Ofte ser ein at sjukdom og t.d. reise kan gjere det naudsynt med oppnemning av ekstra valfunksjonær eller medlem/vamedlem til eit røystestyre i samband med valgjennomføringa. Haster det med slik oppnemning bør det vere leiar i valstyret og ikkje leiar i røystestyret som godkjenner oppnemninga. Leiar i vedkomande røystestyre bør gje tilråding.

REGLEMENT FOR VOLDA VALSTYRE

1. VAL OG SAMANSETJING

I kommunen skal det vere eit valstyre, som består av formannskapet.
Leiarfunksjonen vert lagt til ordførar og nestleiarfunksjonen til varaordførar.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

2. ARBEIDSOMRÅDE

Valstyret skal førebu og gjennomføre val i kommunen, herunder m.a. arbeid med stortingsval, sametingsval, fylkestingsval og kommunestyreval, i samsvar med:

- "Lov om stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval (Vallova)" av 1. mars 1985 med seinare endringar.
- "Lov om Sameting og andre samiske rettsforhold" av 12. juni 1987 nr. 56.
- Reglar for val av sameting, fastsett ved kgl.res. av 8. juli 1988, 14. april og 28. juli 1989, og 8. januar 1993.

3. FASTE UNDERUTVAL/KOMITEAR

Røystestyra:

Følgjande faste underutval er oppretta:

- Røystestyre for Hornindal krins
- Røystestyre for Mork krins
- Røystestyre for Øyra krins
- Røystestyre for Austefjord krins
- Røystestyre for Folkestad krins
- Røystestyre for Dalsfjord krins

Valstyret får fullmakt til å velje røystestyre på minst 3 medlemmer med varamedlemmer for kvar av krinsane og leiar og nestleiar for styra.
Som medlemmer/varamedlemmer skal helst veljast personar busette i krinsen.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Komitear/ad-hoc-utval

Valstyret kan opprette komitear til førebuande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 4.

4. OPPGÅVER OG RETTAR

Avgjerdsrett

Valstyret avgjer saker som følgje av vallova dersom ikkje anna er bestemt eller går fram av lov.

Mynde etter reglane om val av sameting som samevalstyre er lagt til valstyret så langt ikkje anna er bestemt i lov.

Valstyret oppnemner/utpeikar sjølv nødvendige hjelparar i arbeidet med gjennomføringa av dei ulike vala (til røysting på førehand, manntalsførebuing, ev. sekretærhjelp).

Rådgjevande rett

Valstyret har rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har også elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

5. DELEGERING TIL LEIAREN I VALSTYRET

Avgjerdsmynde i enkeltsaker eller typar av saker som er å sjå på som kurante vert delegert til leiaren. Døme på dette kan vere oppnemning av ekstra valfunksjonærar eller medlemer/varamedlemer til røystestyre.

REGLEMENT FOR VOLDA VALSTYRE

1. VAL OG SAMANSETJING

I kommunen skal det vere eit valstyre, som består av formannskapet.
Leiarfunksjonen vert lagt til ordførar og nestleiarfunksjonen til varaordførar.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

2. ARBEIDSOMRÅDE

Valstyret skal førebu og gjennomføre val i kommunen, herunder m.a. arbeid med stortingsval, sametingsval, fylkestingsval og kommunestyreval, i samsvar med:

- "Lov om stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval (Vallova)" av 1. mars 1985 med seinare endringar.
- "Lov om Sameting og andre samiske rettsforhold" av 12. juni 1987 nr. 56.
- Reglar for val av sameting, fastsett ved kgl.res. av 8. juli 1988, 14. april og 28. juli 1989, og 8. januar 1993.

3. FASTE UNDERUTVAL/KOMITEAR

Røystestyra:

Følgjande faste underutval er oppretta:

- Røystestyre for Hornindal krins
- Røystestyre for Mork krins
- Røystestyre for Øyra krins
- Røystestyre for Austefjord krins
- Røystestyre for Folkestad krins
- Røystestyre for Dalsfjord krins

Valstyret får fullmakt til å velje ~~ett~~ røystestyre på minst 3 medlemmer med varamedlemmer for kvar av krinsane og leiar og nestleiar for styra.

Som medlemmer/varamedlemmer skal helst veljast personar busette i krinsen.

~~Kommunestyremedlemmer frå krinsen skal gå inn som medlemmer.~~

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Komitear/ad-hoc-utval

Valstyret kan opprette komitear til førebuande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 4 ~~5~~.

4. OPPGÅVER OG RETTAR

Avgjerdsrett

Valstyret avgjer saker som følgje av vallova ~~dersom ikkje anna er bestemt eller går fram av lov.~~

Mynde etter reglane om val av sameting som samevalstyre er lagt til valstyret ~~så langt ikkje anna er bestemt i lov.~~

Valstyret oppnemner/utpeikar sjølv nødvendige hjelparar i arbeidet med gjennomføringa av dei ulike vala (til røysting på førehand, manntalsførebuing, ev. sekretærhjelp).

Vidaredelegering

~~Ovannemnde delegeringar omfattar ikkje mynde til vidaredelegering. Dersom utvalet ønskjer å delegere til andre utval eller administrasjonen, må forslag om dette sendast kommunestyret for endeleg avgjerd.~~

Rådgevande rett

Valstyret har rådgevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har også elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

5. DELEGERING TIL LEIAREN I VALSTYRET

Avgjerdsmynde i enkeltsaker eller typar av saker som er å sjå på som kurante vert delegert til leiaren. ~~Døme på dette kan vere oppnemning av ekstra valfunksjonærar eller medlemmer/varamedlemmer til røystestyre~~



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/1028
		Arkivkode:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11.2018

VALSTYRET NYE VOLDA KOMMUNE - OPPSETT VARALISTE

Administrasjonen si tilråding:

Varalista til valstyret skal ha slik oppstilling:

Vedleggsliste:

Vedtak fellesnemnda PS 28/18

Saksopplysninger/fakta:

Det vert vist til handsaming i fellesnemnda PS 28/18, Val av valstyre nye Volda, og merknad frå Odd A. Folkestad i fellesnemnda sin møteprotokoll sak PS 40/18.

Fellesnemnda gjorde i sak PS 28/18 den 21.06.2018 slikt vedtak:

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer. Samansetjing av valstyret:

- ***Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt***
- ***Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt***
- ***Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.***

• **Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Raftevold, Per Maurset og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt. Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.**

I fellesnemndsak PS 40/18, Godkjenning av møteprotokoll, går det fram at saka skal tilbake til administrasjonen, som skal legge fram ny varaliste til valstyret i nye Volda kommune.

Val av medlemmer og varamedlemmer i valstyret vert regulert i *Forskrift ved valg til kommunestyre 2019* § 4. Forskrifta gir fellesnemnda mynde til å velje valstyre.

Det går ikkje fram av vedtaket om dei politiske partia stiller med felles liste i valstyret eller korleis varalista skal oppsettast. Det går heller ikkje fram om det skal vere personlege vara eller «blokkvis» varaliste, slik som fellesnemnda har. Fellesnemnda vert soleis bedne om å presisere varalista, slik at det går fram av vedtaket kven som er personleg vara og ev. rekkefølge på varalista for parti som stiller felles liste.

Til orientering er medlemmer og varamedlemmer i fellesnemnda organisert slik:

Fellesnemnda	Vara fellesnemnda
Stig Olav Lødemel (H)	Anne Raftevoll (H)
Jørgen Amdam (AP) Sølvi Dimmen (SP) Odd Harald Sundal (SP)	1. Hild Våge (AP) 2. Gunnar Strøm (SV) 3. Øivind Festø (MDG) 4. Margrete Trovåg (AP)
Margrete Bjerkvik (KRF) Odd Arne Folkestad (FRP)	1. Dan Helge Bjørneset (H) 2. Arild Iversen (KRF) 3. Roald Espset (FRP) 4. Sindre Rotevatn (H)
Randi Langlo (AP)	Per Maurset (AP)
Eldar Englund (SP) Bente Tryggestad (SP)	1. Silvia Prøven Tangen (SP) 2. Anders Hjellbakk (SP)
Brynhild Lund Notøy (V)	Nina Lødøen Øen (V)

Vurdering og konklusjon:

Fellesnemnda presiserar rekkefølge på vedteke varaliste.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST» «POSTSTED»
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/1028	8722/2018	014	ADM/ JOAROD	25.06.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VALSTYRE - NYE VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at Fellesnemnda for nye Volda kommune den 21.06.2018, hadde føre
ovannemnde som sak PS 28/18, der det vart gjort slikt vedtak:

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.

Samansetjing av valstyret:

- ***Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt***
- ***Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt***
- ***Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.***
- ***Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Raftevold, Per Maurset og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt.***

Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, samfunn og rådgjeving

Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Org. nr:
6100 Volda	70058701	939 760 946
		Bankgiro:
		3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2018/1028
		Arkivkode:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	21.06.2018

VALSTYRE - NYE VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Jørgen Amdam kom med følgjande framlegg til vedtak:

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.

Samansetjing av valstyret:

- *Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Raftevold, Per Maurset og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt.*

Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.

Røysting:

Amdams framlegg til vedtak samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 21.06.2018

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.

Samansetjing av valstyret:

- *Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.*

- *Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Räftevold, Per Maurset og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt.*

Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.

Administrasjonen si tilråding:

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.

Samansetjing av valstyret:

- *Som leiar i valstyret blir valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir valt*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir valt*

Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.

Vedleggsliste:

[Forskrift om gjennomføring av valg til kommunestyre 2019, gjeldande frå 1.5.18](#)

[Valloven](#)

[Forskrift til valgloven](#)

Saksopplysningar/fakta:

Ved gjennomføring av val til kommunestyre i kommunar som er omfatta av grensendringar som trer i kraft frå 1. januar 2020, gjeld vallova og valforskrifta med dei unntak og presiseringa som følgjer av *Forskrift ved valg til kommunestyre 2019*.

Forskrifta gir fellesnemnda for Nye Volda kommune mynde til å velje eit felles valstyre for Hornindal og Volda.

Bestemmelsane i vallova og valforskrifta om listeforslag, røysterett, manntall, om kven som er valbare, førehandsrøysting, røysting og klagerett, er gjeldande som om grenseendringane er gjennomført.

Valstyret er etter kommunelova eit fast utval, og reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld. Det er ingen særskilte reglar om samansetjing, men dei generelle reglane om offentlege organ gjeld, det vil sei at begge kjønn skal vera representert og med minst 40 prosent dersom antal medlemmer er over tre. Det er vanleg å sørgja for brei politisk representasjon i valstyret.

Fellesnemnda kan gje valstyret mynde til å oppnemne røystestyre (§4 i Forskrift om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019).

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen råar til at det blir valt valstyre for Nye Volda kommune, og viser til dei prinsippa som er lagt til grunn for intensjonsavtalen når det gjeld antal medlemmer i valstyret.

Rådmannen råar til at valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre for dei ulike røystekrinsane.

Økonomiske konsekvensar:

Møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt arbeidsforteneste til medlemene i valstyret vert utbetalt i samsvar med reglement for møtegodtgjersle for Nye Volda kommune.

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune v. valadministrasjonen

Volda kommune v. valadministrasjonen

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/643
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11.2018

KOMMUNESTYRE OG FYLKESTINGSVALET 2019 - FASTSETJING AV VALDAG

Administrasjonen si tilråding:

I Volda og Hornindal kommunar skal valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vere måndag 9. september 2019.

Vedleggsliste:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Saksopplysningar:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 er i statsråd 16. mars 2018 fastsett til måndag 9. september 2019.

Departementet har vedteke forskrifter for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 for kommunar og fylkeskommunar som er råka av grenseendringar. Desse kommunane og fylkeskommunane skal gjennomføre val som om samanslåingar, deling og grensejusteringar er gjennomført, jf. § 3 i forskrift om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019.

Vallova § 9-2 opnar for at kommunen kan legge til rette for val også på søndag 8. september 2019. Det er fellesnemnda for nye Volda kommune som vedtek om det, eit eller fleire stadar, skal leggstil rette for val søndag 8. september, jf. § 5 i forskrift om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019.

Det er lang tradisjon, både i Volda og Hornindal, til å halde val på den offisielle valdagen. Erfaringar viser at kapasiteten ved vallokala har vore god, og at valgjenomføringa har fungert godt. Det har vore lite kødanning i dei ulike vallokala. Trenden viser at fleire nyttar høvet til å røyste på førehand. I Volda røysta 29,1 % på førehand ved sist stortings- og sametingsval i 2017, medan det var 19,2 % som røysta på førehand ved valet i 2015. I

Hornindal røysta 24,43 % på førehand i 2017, medan det var 20 % som førehandsrøysta i 2015.

Førehandsrøysting	Kommune- og fylkestingsvalet 2015	Stortings- og sametingsvalet 2017
Volda	19,2 %	29,1 %
Hornindal	20,0 %	24,43 %

Det vert lagt godt til rette for tidlegrøysting og førehandsrøysting frå 01.07.2019 til 06.09.2019, det er soleis god moglegheit til å røyste utanom den offisielle valdagen.

Gjennomføring av eit to-dagars val vil gi auka kostnader i høve valg gjennomføringa. To-dagars val vil krevje auka ressursar både personalmessig, organisatorisk og økonomisk. En ekstra valdag vil medføre auka kostnader knytt til mellom anna: godtgjersle til valfunksjonærar, IT-support, reinhald, informasjon m.m. Dersom fellesnemnda ynskjer to-dagars val i Volda og Hornindal, må kostnadane innlemmast i budsjettet for 2019.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen erfarar at det ikkje er behov for å halde val på søndag for å sikre god valdeltaking. Ordninga med ein-dags val har fungert, og rådmannen rår til at ein held fram med ein-dagsval.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane ved gjennomføring av kommunestyre og fylkestingsval over to-dagar, vil auke monaleg.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Administrasjonen for vidare arbeid

Departementene
Fylkesmennene
Fylkeskommunene
Kommunene
Registrerte politiske partier
Stortinget

Deres ref

Vår ref

Dato

18/584-8

16. mars 2018

Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Valgloven § 9-2 (1) lyder:

"Kongen fastsetter før hvert valg valgdagen til en mandag."

I statsråd 16. mars 2018 er valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget fastsatt til **mandag 9. september 2019.**

Hvert enkelt kommunestyre kan – i medhold av valgloven § 9-2 (2) – bestemme at det i vedkommende kommune skal holdes valg også søndag 8. september 2019.

Departementet vil i løpet av våren fastsette forskrifter for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 for kommuner og fylkeskommuner som er berørt av grenseendringer. Disse kommunene og fylkeskommunene skal gjennomføre valg som om sammenslåinger, deling og grensejusteringer er gjennomført. Departementet vil forskriftsfeste at fellesnemnda får myndighet til å bestemme om det skal avholdes valg også på søndagen.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Sissel Lian
seniorrådgiver

Kopi: Valgdirektoratet

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/1915
		Arkivkode:	V50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11.2018

VETERINÆRVAKT - INNDELING I VETERINÆRVAKTOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL

Administrasjonen si tilråding:

Med tilvising til saksutgreiinga under og innspela som er komne i samband med denne fråsegna vil Fellesnemnda i Nye Volda ikkje tilrå at det vert gjort endringar i veterinærvaktområda Ørsta Volda og Stryn Hornindal no.

Vedleggsliste:

1. Skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal d.s. 01.10.2018 vedkomande Innspel på ny inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal
2. Skriv frå Landbruksdirektoratet d.s. 22.06.2018 vedkomande Innspel på ny inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal
3. Skriv frå Seksjonsleiar Landbrukskontoret Ørsta Volda d.s. 09.10.2018 vedkomande «Innspel på ny inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal»
4. Skriv frå veterinærvakta i Ørsta Volda d.s. 18.10.2018
5. Mail frå veterinærvakta Hornindal Stryn d.s. 1.oktober 2018
6. Sak PS 35/18 Landbruksnemnda i Ørsta vedkomande «Innspel på ny inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal»

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Med tilvising til m.a. komande endringar i kommunestrukturen, ber Landbruksdirektoratet i brev d.s., 18.06.2018 fylkesmannen om innspel på ny inndeling av vaktdistrikt for den kommunale veterinærvakta frå 2020.

Fylkesmannen legg opp til ein prosess, der kommunar, dei lokale veterinærforeiningane og jordbruksorganisasjonane kan komme med sine innspel. **Fristen for å sende inn innspel frå Fylkesmannen til Landbruksdirektoratet er 1.desember 2018.**

Saksopplysningar/fakta:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal gi innspel til Landbruksdirektoratet om ny inndeling i veterinærvaktområde i fylket, og har bedt kommunane om å diskutere lokalt med dei involverte partane, og sende skriftleg innspel på ny inndeling til fylkesmannen innan 09.11.18. Landbruksdirektoratet har varsla at det kan kome større endringar i forvaltningsmodellen for tilskotet dei næraste åra, slik at dei i denne omgang berre ynskjer innspel på endringar med bakgrunn i endra kommunestruktur eller andre vesentlege endringar

For å få inn innspela frå den nye kommunen har ein lokalt lagt opp til ein prosess der saka vil verte teken opp på møte i fellesnemnda for Nye Volda **1. november**, og i landbruksnemnda/formannskapet i Ørsta 23. oktober. Innspel frå veterinærane i vaktordninga Ørsta Volda og Stryn Hornindal vil verte lagt med i saka, og dei vil fylgje med til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

I vårt distrikt er endring av vaktdistrikta aktuelt sidan Volda og Hornindal kommune vert slått saman 01.01.2020. Det er lagt ved kart over veterinærvaktområda slik dei er no.

Ørsta Volda er i dag eitt distrikt, og det er Ørsta kommune som administrerer ordninga. I nabofylket er Stryn og Hornindal eige distrikt, med Stryn som adm.kommune. Eid kommune administrerer ordninga for kommunane Eid, Selje, Bremanger og Vågsøy. Iflg innspelet frå veterinærane i Ørsta Volda som er lagt ved denne saka får Bjørkedalen i Volda veterinærtenester utført frå Eid.

Kommunane er ansvarlege for at det er ei veterinærvaktordning utanom ordinær arbeidstid, dvs. for alle tider utanom kl 08 – 16 på kvardagar (måndag – fredag). Vaktdistrikta får tilskot frå staten tilsvarende det som vert utbetalt som vaktgodtgjersle, etter fastlagde satsar. Det er som hovudregel ein veterinær på vakt pr. vaktdistrikt (gjeld for Ørsta Volda). I Ørsta Volda har ein avtale med 4 veterinærar om slik vaktordning, det vart inngått ny 4-årig avtale hausten 2017. Avtalen gjeld i perioden 01.12.17 – 30.11.2021, det er teke med i avtaleteksten at det kan kome endringar i vaktdistriktet i løpet av perioden. Stryn Hornindal har også relativt ny avtale.

I tillegg har Ørsta og Volda felles avtale med 3 veterinærar om eit årleg driftstilskot (etter den tidlegare kommuneveterinærordninga), for å sikre veterinærtenester utanom vaktidene ovanfor. Desse avtalane er ikkje ein del av denne høyringa.

Iflg. Mailen vedlagt frå Landbrukssjefen i Stryn, har Stryn Hornindal avtale med fire veterinærar i vaktdistriktet om veterinærvakt/tilskot. Ein er nyutdanna og er inne i andre året med vakter, to andre er busette i kommunen, ein er busett i Hornindal.

Det er to veterinærar på vakt i ein periode på ca 1 mnd under lamming. Veterinærane organiserer dette sjølve.

Det er ikkje felles kontor i vaktdistriktet. Veterinær i Hornindal tek imot telefonar frå Hornindal, Iflg. Landbrukssjefen i Stryn (sjå vedlegg) har to av veterinærane i Stryn har telefonvakt der. Dei har felles vakttelefon.

Lokale innspel til saka;

1. Skriv frå veterinærvakta i Ørsta Volda d.s. 18.10.2018 (fylgjer vedlagt)
«ser det som mest tenleg både for brukarane av vakttenesta og veterinærane som deler vakta i dei noverande to områda, å halde fram med ordninga slik ho er i dag.»
2. Mail frå veterinærvakta Hornindal Stryn d.s. 1.oktober 2018 (fylgjer vedlagt)
Landbrukssjefen i Stryn gjev i mailen uttrykk for at vaktordninga i Stryn er god og «Inntil vidare og ut avtaleperioden vil Stryn/Hornindal vere vakt-distriktet.»
3. Sak PS 35/18 Landbruksnemnda i Ørsta (fylgjer vedlagt)
Uttale;
Det vert vist til at Volda og Hornindal kommunar vert slått saman til ei kommune 01.01.20. Ørsta landbruksnemnd har ikkje merknader til at Hornindal vert ein del av vakt-distrikt Ørsta Volda, på vilkår av at dyreeigarane i området vert sikra god nok beredskap.

Vurdering og konklusjon:

Fellesnemnda gjorde i møte 22.02.2018 sak 10/18 eit prinsippvedtak om at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Seinare i møte 19.04.2018 har Fellesnemnda vidare tilrådd at Politidistrikt og Domstolgrenser skal tilhøyre Møre og Romsdal. Såleis vil det på sikt vere naturleg at heile «Nye Volda» vert med i vakt-distrikt Ørsta Volda, slik at den nye kommunen ikkje vert delt og må forhalde seg til to ulike vakt-distrikt, som i tillegg ikkje fylgjer fylkesgrensa. Ulempa vil som landbrukssjefen i Ørsta skriv vere at med ei utviding av vaktområdet vil verte eit større geografisk distrikt som skal dekkjast, og med fleire husdyrhaldarar, kanskje med same bemanning av veterinærar som i dag.

Det er i tillegg varsla at det kan kome større endringar i forvaltningsmodellen for tilskotet dei næraste åra, slik at dei i denne omgang berre ynskjer innspel på endringar med bakgrunn i endra kommunestruktur eller andre vesentlege endringar.

Når det då er relativ stor semje om at vaktområda i dag fungerer greitt, er det kanskje ikkje nokon grunn til at ein i denne omgang treng å gjere endring av veterinærområda.

Med bakgrunn i dei innspela som er komne og saksutgreiinga ovanfor vil rådmannen ikkje tilrå at det vert gjort endringar i veterinærområda mellom Ørsta Volda og Stryn Hornindal no.

Utskrift av endeleg vedtak:



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Innspel på ny inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til brev frå Landbruksdirektoratet av 22.06.2018, samt diskusjonar på samling om tilskot i jordbruket for kommunane i Møre og Romsdal i september 2018.

Med bakgrunn i komande endringar i kommunestrukturen ber Landbruksdirektoratet Fylkesmannen gi innspel på nye vakt-distrikt for den kommunale veterinærvakta frå 2020. Dei ber Fylkesmannen om å legge opp til ein god prosess, der kommunar, dei lokale veterinærforeiningane og jordbruksorganisasjonane kan komme med sine innspel. Fristen for å sende inn innspel frå Fylkesmannen til Landbruksdirektoratet er 1. desember 2018.

Landbruksdirektoratet skriv at det kan komme større endringar i forvaltningsmodellen for tilskotet dei næraste åra, og at dei derfor i denne omgangen berre ønsker innspel på endringar med bakgrunn i endra kommunestruktur eller andre vesentlege endringar som påverkar vaktstrukturen (t.d. nye tunnelar, bruer etc).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tok opp temaet på samling om tilskot i jordbruket for kommunetilsette i september 2018. Vi kommer også til å diskutere saka og hente inn innspel frå veterinærforeininga og næringsorganisasjonane i fylket.

Vi ber kommunane om å diskutere lokalt med dei involverte partane, og sende skriftleg innspel på ny inndeling i vakt-distrikt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal **innan 9. november 2018**.

Vi legg ved brevet frå Landbruksdirektoratet, samt ein oversikt over inndelinga i vakt-distrikt for kommunal veterinærvakt i dag.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Marianne Aas Halse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:


- 1 Veterinærvaktområder 2018**
- 2 Brev frå Landbruksdirektoratet om innspel på nye vaktdistrikt**

Veterinærvaktområder idag

Vaktområde 2018

KOMM

	Molde (Molde, Midsund, Aukra)
	Stranda og Ålesund (Ålesund, Stranda, Sykkylven, Sula, Giske)
	Gjemnes (Gjemnes, Kristiansund Eide)
	Vanylven
	Ulstein (Sande, Herøy, Ulstein, Hareid)
	Voile og Ørsta
	Ørskog (Ørskog, Norddal, Stordal, Skodje)
	Haramsøy (Haram, Sandøy)
	Andalsnes (Rauma, Vestnes)
	Nesset
	Årøy og Fræna
	Tingvoll og Sunndal
	Rindal (Halsa, Rindal, Sunndal)
	Åure og Smøla



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Pb 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 22.06.2018
Vår referanse: 18/33445 - 1
Deres dato:
Deres referanse:

Innspill til nye vaktdistrikt for den kommunale veterinærvakten

Tilskudd til kommunale veterinærtjenester utbetales til det enkelte vaktdistrikt. Landbruksdirektoratet er gitt myndighet til å fastsette disse vaktdistriktene og utbetale tilskuddet.

Det er som kjent vedtatt en rekke endringer i kommunestrukturen som gjøres gjeldende fra og med 2020. Som følge av dette er det behov for å endre noen vaktdistrikter, siden de følger kommunegrensene. I tillegg kan det også ha skjedd andre vesentlige endringer som påvirker vaktopplegget på en slik måte at det er behov for å gjøre endringer i noen vaktdistrikt. Vi viser i denne sammenheng til tildelingsbrevet for 2018 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet, hvor fylkesmennene fikk i oppdrag å bistå i arbeidet med endringer i veterinærvaktdistrikt. Dette brevet gir nærmere føringer for dette oppdraget.

Først vil vi si at vi er kjent med at det er både skjevheter og utfordringer med dagens utforming av ordningen. Blant annet kan utmålingen av tilskuddet oppleves som lite dynamisk og tilpasset vaktopplegg og næringsgrunnlag. Det kunne derfor vært hensiktsmessig med en større gjennomgang av ordningen.

Når vi likevel ikke legger opp til det nå, må det ses i lys av at en ekspertgruppe oppnevnt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet leverte sin rapport «Områdegjennomgang av øremerkede tilskudd til kommunesektoren» 19. desember 2017. Ekspertgruppens skulle identifisere utfordringer og forbedringsområder for dagens tilskuddsordninger rettet mot kommunesektoren. Ekspertgruppen anbefaler at rammefinansiering skal være hovedprinsippet for all finansiering av kommunesektoren. Rapporten fra ekspertgruppa er så langt ikke fulgt opp av Regjering og Storting i konkrete forslag. Hvorvidt den videre oppfølgingen av dette arbeidet kan føre til endringer i utformingen av tilskudd til kommunal veterinærtjenester er derfor usikkert per nå.

I lys av at det er usikkert om det kan bli større endringer i forvaltningsmodellen for tilskuddet de nærmeste årene, og fordi det er begrenset med tid frem til kommunesammenslåingene som trer i kraft 1. januar 2020, legger vi derfor opp til kun begrensede endringer i denne omgang.

Vi ber om at dere utarbeider forslag til nye vakt-distrikt for deres fylke som følge av nye kommunegrenser og andre vesentlige endringer som har hatt stor betydning for vaktorganiseringen. Sistnevnte kan for eksempel være nye tunneller og broer som gjør at avstanden mellom veterinær og rekvirent er betydelig endret.

Større endringer i vakt-distrikt kan man tenke seg at bør få betydning for utmålingen av tilskuddet. Det er per nå ikke vedtatt økninger i budsjettet for denne ordningen, og i forslag til endringer i ordningen må vi derfor forutsette at dagens bevilgning blir videreført. Vi ser for oss at ved sammenslåing av to av dagens distrikter, blir også vakttilskuddet slått sammen. Dersom dere foreslår endringer i vakt-distrikt som innebærer oppsplitting av dagens distriktsstrikt, ber vi også om forslag på hvordan tilskuddet kan fordeles på de nye distriktene.

Fylkesmannen bes om å legge opp til en god prosess i sitt fylke, der kommuner, de lokale veterinærforeningene og jordbruksorganisasjonene inviteres til å komme med innspill.

Nye distrikt skal gjelde fra 2020 og danner grunnlag for fordeling av vakt- og administrasjonstilskudd for 2020. Veterinærer og kommuner må ha tid til å tilpasse seg eventuelle endringer i forkant. Det innebærer at vi har det travelt og direktoratet ønsker å gå ut så tidlig som mulig med signaler til kommunene om de nye distriktene, nærmere bestemt før påske 2019. Fristen for å sende inn deres innspill er derfor satt til 1. desember 2018.

Med hilsen
for Landbruksdirektoratet

Reidar Olsen
direktør

Hilde Haug Simonhjell
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Aust- og Vest Agder	Postboks 788, Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus	9815	VADSØ



ØRSTA KOMMUNE

Veterinærvakta i Ørsta Volda
v. Per Navelsaker

Veterinærvakta i Stryn Hornindal
v. Charlotte Haukaas

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2018/2624	13925/2018	V50	VIDDAL	09.10.2018

INNSPEL PÅ NY INNDELING I VETERINÆRVAKTOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL

Viser til kopi av brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, der det er bedt om at kommunane sender innspel på ny inndeling i vakt-distrikt til fylkesmannen innan 9. november. I vårt område er dette aktuelt sidan Hornindal og Volda slår seg saman frå 2020.

Saka vil verte teken opp på møte i fellesnemnda for Nye Volda 1. november, og i landbruksnemnda/formannskapet i Ørsta 23. oktober. Innspel frå veterinærane i vaktordninga Ørsta Volda og Stryn Hornindal vil verte lagt med i saka, og dei vil fylgje med til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Eg ber om at de samordnar ein evt. uttale frå veterinærane i dykkar vakt-distrikt, og sender dei til postmottak i Ørsta kommune, seinast innan **måndag 22. oktober 2018**.

Med helsing

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar
Landbrukskontoret Ørsta Volda

Vedlegg: Brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 01.10.18
Brev frå Landbruksdirektoratet, datert 22.06.18

Kopi: Asbjørn Moltudal, ass. rådmann Volda kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Veterinærvakta i Ørsta Volda
Voldavegen 2

6155 ØRSTA

Ørsta Kommune
Seksjon for Landbruk og Næring

6150 Ørsta

Att. Liv Bente Viddal

ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon: KUN	Saksnr: Viddal
19 OKT 2018	
Saksnr: 2018/2624	Løpenr: 10
Klass: V50	Figk: A

18.10.2018

Dykkar saksnr.
2018/2624

Innspel på ny inndeling av veterinærvaktområde i Møre og Romsdal.

Vi syner til dykkar brev dagsett 9.10.2018 og vil kome med følgjande innspel:

Geografi.

Ørsta og Volda vakt-distrikt er stort, med tre ferjestrekningar. Av omsyn til brukarane av tenesta, er det ikkje ynskjeleg å gjere det større. Allereie no er marginane små med omsyn til liv og helse hjå dyra ved akutt sjukdom. Situasjonen blir stundom berga med frivillig hjelp av kolleger som har fri. Stryn/Hornindal vakt-distrikt er også stort og dermed lite teneleg å endre før eventuelle endringar i kommunikasjonstilhøva har kome på plass.

Endra kommunegrenser.

Det kan sjå ut til at Fylkesmannen si side legg til grunn at vakt-distrikta skal fylgje kommune- og fylkesgrensene. Slik er det ikkje i dag, og etter vårt syn treng det heller ikkje vere slik i framtida. Til dømes får Bjørkedalen i Volda veterinærtenester utført frå Eid i Sogn og Fjordane.

Bemanning.

Veterinærane med praksis i Ørsta Volda og Hornindal nærmar seg alle pensjonsalder, og ingen av oss er interesserte i eit meir slitande vaktopplegg enn det vi har i dag. Vi meiner at god seniorpolitikk tilseier at dette bør takast omsyn til.

Eksisterande vaktordning.

Ørsta Volda og Stryn Hornindal har i dag 4-delt vakt, noko vi ser på som den maksimale vaktbelastninga som vil fungere over tid. Ei for stor vaktbelastning vil vere til hinder for rekruttering og stabile tenester.

Vi er no inne i ein periode der det er skrive kontrakt om vakttdeltaking med noverande mannskap fram til november 2021.

Vår tilråding.

Vi ser det som mest tenleg både for brukarane av vakttenesta og veterinærane som deler vakta i dei noverande to områda, å halde fram med ordninga slik ho er i dag.

For Veterinærvakta i Ørsta Volda

Per M. Navelsaker

(sign.)

Videresendt melding:

Fra: Ellen Kirkeeide <ellen.kirkeeide@stryn.kommune.no>

Dato: 4. oktober 2018 kl. 15:13:24 CEST

Til: Stig Olav Lødemel <Stig.Olav.Lodemel@hornindal.kommune.no>

Emne: VS: Påminning og dagsorden - Endringer i vakt-distrikta for veterinærer

Fra: Ellen Kirkeeide

Sendt: 1. oktober 2018 11:32

Til: 'Bjerkset Karoline Aldis' <fmsfkab@fylkesmannen.no>

Emne: SV: Påminning og dagsorden - Endringer i vakt-distrikta for veterinærer

Litt om veterinærordninga i Stryn, jf punkt i møteinnkallinga.

Vi har ei god vaktordning i Stryn. Eg hadde samtale med veterinæren som er kontaktperson og set opp vaktlister mm fredag, og veterinærane deler denne oppfatninga. Vi har fire veterinærer i vakt-distriktet, ein er nyutdanna og er inne i andre året med vakter, to andre er busette i kommunen, ein er busett i Hornindal. Tilknytting til kommunen gjer at desse er stabile og vil bli verande. Vi har ingen negative tilbakemeldingar på ordninga eller dei veterinærane som køyrer vakter, veterinærane er også tilfredse med slik ting fungerer.

Stryn kommune har pr i dag eit kommunalt tilskot på kr 300.000. Hornindal kommune har ikkje noko slikt tilskot.

Vi har pr i dag avtale med to veterinærer om kommunalt tilskot. Vi har saman med Hornindal avtale med fire veterinærer om veterinærvakt/tilskot.

Det er to veterinærer på vakt i ein periode på ca 1 mnd under lamming. Veterinærane organiserer dette, kjenner ikkje til særleg kompensasjon utover vakttilskotet.

Det er ikkje felles kontor i vakt-distriktet. Veterinær i Hornindal tek imot telefonar frå Hornindal, To av vtr. i Stryn har telefonvakt her. Dei har felles vakttelefon.

Eg kjenner ikkje til korleis stoda er med avtaler om veterinærvakter i Nye Volda kommune, men forstod det slik at dette arbeidet kjem litt ned på prioriteringslista. Inntil vidare og ut avtaleperioden vil Stryn/Hornindal vere vakt-distriktet.

Med helsing

Ellen Kirkeeide

Landbrukssjef

Tlf. 57874721

ellen.kirkeeide@stryn.kommune.no



www.stryn.kommune.no

Sentralbord: 57 87 47 00

postmottak@stryn.kommune.no



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2018/2624	14534/2018	V50	VIDDAL	24.10.2018

Melding om vedtak i landbruksnemnda 23.10.18, sak PS 35/18:

INNSPEL PÅ NY INNDELING I VETERINÆRVAKTOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL

Saksprotokoll i landbruksnemnda - 23.10.2018

UTTALE:

Det vert vist til at Volda og Hornindal kommunar vert slått saman til ei kommune 01.01.20. Ørsta landbruksnemnd har ikkje merknader til at Hornindal vert ein del av vakt-distrikt Ørsta Volda, på vilkår av at dyreeigarane i området vert sikra god nok beredskap.

Handsaminga (4 r.f.)

Merknad frå Veterinærvakta i Ørsta Volda, datert 18.10.18, vart utsendt på e-post til medlemmane i landbruksnemnda før møtet.

Tilråding til uttale vart vedteke med 4 mot 0 røyster.

Rett utskrift av møteprotokollen, 24.10.18

Åshild Steinnes
førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak: 2018/2624

Løpenr.: 14014/2018

Utvalsaksnr.
35/18

Utval
landbruksnemnda

Møtedato
23.10.2018

Saka gjeld: INNSPEL PÅ NY INNDELING I VETERINÆRVAKTOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL

TILRÅDING TIL UTTALE:

Det vert vist til at Volda og Hornindal kommunar vert slått saman til ei kommune 01.01.20. Ørsta landbruksnemnd har ikkje merknader til at Hornindal vert ein del av vaktistrikt Ørsta Volda, på vilkår av at dyreeigarane i området vert sikra god nok beredskap.

Saksvedlegg:

1. Ny inndeling i veterinærvaktområde i M. og R., brev frå fylkesmannen datert 01.10.18
2. Innspill til nye vakt-distrikt for den kommunale veterinærvakten, brev frå landbruksdirektoratet datert 22.06.18
3. Brev til veterinærvakt-distrikta, datert 09.10.18
4. Kart veterinærvaktområde M. og R.

Saksopplysningar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal gi innspel til Landbruksdirektoratet om ny inndeling i veterinærvaktområde i fylket, og har bedt kommunane om å diskutere lokalt med dei involverte partane, og sende skriftleg innspel på ny inndeling til fylkesmannen innan 09.11.18. Landbruksdirektoratet har varsla at det kan kome større endringar i forvaltningsmodellen for tilskotet dei næraste åra, slik at dei i denne omgang berre ynskjer innspel på endringar med bakgrunn i endra kommunestruktur eller andre vesentlege endringar.

I vårt distrikt er dette aktuelt sidan Volda og Hornindal kommune vert slått saman 01.01.2020. Det er lagt ved kart over veterinærvaktområda slik dei er no. Ørsta Volda er eitt distrikt, og det er Ørsta kommune som administrerer ordninga. I nabofylket er Stryn og Hornindal eige distrikt, med Stryn som adm.kommune. Eid kommune administrerer ordninga for kommunane Eid, Selje, Bremanger og Vågsøy.

Kommunane er ansvarlege for at det er ei veterinærvaktordning utanom ordinær arbeidstid, dvs. for alle tider utanom kl 08 – 16 på kvardagar (måndag – fredag). Vakt-distrikta får tilskot frå staten tilsvarende det som vert utbetalt som vaktgodtgjersle, etter fastlagde satsar. Det er som hovudregel ein veterinær på vakt pr. vakt-distrikt (gjeld for Ørsta Volda). I Ørsta Volda har ein avtale med 4 veterinærar om slik vaktordning, det vart inngått ny 4-årig avtale hausten 2017. Avtalen gjeld i perioden 01.12.17 – 30.11.2021, det er teke med i avtaleteksten at det kan kome endringar i vakt-distriktet i løpet av perioden. Stryn Hornindal har også relativt ny avtale.

I tillegg har Ørsta og Volda felles avtale med 3 veterinærar om eit årleg driftstilskot (etter den tidlegare kommuneveterinærordninga), for å sikre veterinærtenester utanom vaktidene ovanfor. Desse avtalane er ikkje ein del av denne høyringa.

Veterinærane i Ørsta Volda og Stryn Hornindal har fått frist til 22.10.18 med å kome med evt. uttale til kommunane i saka, det same har lokale bondelag fått. Desse uttalene vil vert lagt fram på møte i landbruksnemnda.

Vurdering og konklusjon:

På sikt vil det vere naturleg at heile «Nye Volda» vert med i vakt-distrikt Ørsta Volda, slik at den nye kommunen ikkje vert delt og må forhalde seg til to ulike vakt-distrikt. Ulempa vil vere at dette vert eit større geografisk distrikt som skal dekkjast, og med fleire husdyrhaldarar, kanskje med same bemanning av veterinærar. I 2017 var det 175 som søkte produksjonstilskot i Ørsta, 104 i Volda og 66 i Hornindal (ikkje alle desse har husdyr). Også eigarar av kjæledyr nyttar ordninga. Ved ei evt. utviding av vakt-distriktet må dyreeigarar i området vere sikra gode nok tenester.

Ørsta, 11.10.2018

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Joakim Rødven		Arkivsak nr.: 2018/1503
		Arkivkode: 061
Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11.2018

ANSKAFFINGSPROSESS FOR GRAFISK PROFIL - NY HANDSAMING

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda går vidare med anskaffingsprosess med Grafia Reklamebyrå som skissert i saksutgreiinga.

Vedleggsliste:

1. Arbeidsnotat om prosess for utarbeiding av profil

Uprenta saksvedlegg:

1. Presentasjon frå Grafia Reklamebyrå

Samandrag av saka:

Tidlegare i haust vart åtte aktørar inviterte til å gi eit tilbod om grafisk profil for nye Volda kommune. I denne konkurransen kom det inn eitt forslag, frå Grafia Reklamebyrå. Presentasjon frå Grafia vart lagt fram for Fellesnemnda 18. oktober, der Fellesnemnda utsette saka med eit ønske om meir detaljar om prosess og i kva grad nye Volda kommune som bestillar kan vere med å medverke sluttproduktet.

Administrasjonen har så vore i kontakt med reklamebyrået for å få meir konkrete detaljar om prosess frå ei eventuell signering av kontrakt og fram til endeleg leveranse av profilhandbok for den nye kommunen.

Tilbydar ser føre seg ein tre-trinns prosess der kommunen, ved Fellesnemnda, godkjenner kvart trinn før ein går vidare til neste trinn. Tiltent prosess vert derfor etter følgjande framdriftsplan:

Trinn	Agenda	Tidspunkt
Første trinn	Kommunen skildrar sin identitet, ønskt profil og målgruppe som vil verte grunnlaget for konseptforslag.	Fellesnemnda 7. desember
Andre trinn	Tilbydar legg fram 2-3 konseptforslag og kommunen vel det konseptet ein vil gå vidare med.	Fellesnemnda 10. januar
Tredje trinn	Basert på det valde konseptforslaget vert sluttproduktet ferdigstilt med innhald som skildra i anbodet.	Fellesnemnda (februar?)

Saksopplysningar/fakta:

For å gjere greie for planlagt prosess inviterte Grafia til eit møte med administrasjonen fredag 26. oktober. På dette møtet vart det gått gjennom korleis tilbydar ser føre seg å arbeide med profilprosjektet. Tilbydar er klare på at dei ønskjer innspel og tilbakemeldingar frå kunden, som dei vidareutviklar til konseptforslag.

Det vart på dette møtet starta på eit arbeidsnotat der det vart lagt fram idear til eit utkast, som kan vidareutviklast og forankrast i Fellesnemnda. Dersom kommunen ønskjer å gå vidare med prosessen, ønskjer tilbydar at notatet vert revidert og sendt tilbake for vidare konseptutvikling. Dette notatet ligg vedlagt.

Vurdering og konklusjon:

Proessen som Grafia legg opp til gir nye Volda som kunde stor grad av påverknad, der det vert lagt opp til at ein kan gi attendemelding på korleis kommunen ønskjer at sin profil skal vere. Prosessen føreset at eitt trinn vert godkjent før ein går vidare til neste, som sikrar at nye Volda får setje sitt preg på det som skal bli sluttproduktet.

Ved behov kan ein vurdere å knyte til seg lokal kompetanse innanfor yrket for grafisk design som kan bistå i ein rådgevande funksjon i retningsvaldet for den grafiske profilen.

Økonomiske konsekvensar:

Tilbodet som har blitt gitt frå Grafia er godt under det avsette budsjettet til ny profil. Tilbydar hadde lagt opp til ein prosess som skildra over i sitt tilbod, som gjer at den førespegla prisen ikkje vil endre seg med den framdrifta som er skissert i denne saksutgreiinga.

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunikasjonsrådgjevar i nye Volda
Grafia Reklamebyrå

PROFIL VOLDA KOMMUNE 2020

Prosess for utarbeiding av profil for Volda kommune. Tre trinn.
Hvert trinn forankres i kommunen, og "godkjennes", før neste trinn utvikles.

TRINN 1: Profilbeskrivelse

Profilbeskrivelse utarbeides i samarbeid med fellesnemda og kommunikasjonsavdelinga i kommunen.

IDENTITET: Beskrivelse av dagens verdier og egenskaper, samt felles mål.

ØNSKET PROFIL: Beskrivelse av Volda sin ønskede profil.
Hva skal kommunen bli kjent som.

MÅLGRUPPER: Beskrivelse av Volda sine målgrupper. Rangert.

Kommunen godkjenner endelig profilbeskrivelse.



TRINN 2: Valg av konsept

Med basis i godkjent profilbeskrivelse utvikler Grafia i samarbeid med kommunikasjonsavdelingen i kommunen to til tre ulike konseptforslag for grafisk profil.

Konseptene viser den røde tråden i profilen + eksempel på hvordan det vil se ut på noen flater.

Kommunen velger så hvilket konsept de ønsker å gå videre med.

TRINN 3: Ferdigstillelse

Med basis i valgt konsept utvikler Grafia i samarbeid med kommunikasjonsavdelingen i kommunen profilprogrammet med innhold som beskrevet i anbudet.




Grafia leverer et komplett profilprogram som pdf til kommunen.

ARBEIDSMØTE TRINN 1: Profilbeskrivelse

Oppstart av profilbeskrivelse i arbeidsmøte 26.10.18



Påbegynt arbeidsdokument til videre bearbeiding og utfylling i fellesnemda.

IDENTITET: Beskrivelse av dagens verdier og egenskaper, samt felles mål.



ØNSKET PROFIL: Beskrivelse av Volda sin ønskede profil.

Hva skal kommunen bli kjent som.



Hva skal kommunen bli kjent som.

Eksempel 2

DIGITALE VOLDA?

- mål om digitalisering
- mål om komp. utdanning
- Helseeksamen - velferdsteknologi
- Turistkontroll - disruptive teknologi
- Dok.film + animation - Høgskulen i Volda
- Fødsel i prenatal - nå punkt i digitalisering

*Innovativ?


Eksempel 3

Volda - mangfold og innovasjon

- Likerend
- Levende bygder
- Digitalisering og kompetanseutvikling
- Sysselsetting
- Innovasjon i næringer - fra primær til teknol

*Innovativ?
Jordnær?

MÅLGRUPPER: Beskrivelse av Volda sine målgrupper. Rangert.



PS 51/18 Orienteringssaker



NOTAT

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1165	14826/2018	026	ADM/RUNSJU	26.10.2018

ORIENTERING OM OPPSEIING AV AVTALAR

Den nye kommunen overtek alle rettar og plikter til Hornindal og gamle Volda. Dette inneber at avtaler som er inngått i desse to gamle kommunane vil løpe i den avtalte avtaleperioden. Der det ikkje er grunnlag for oppseiing eller reforhandling vil avtalene løpe ut perioden. I forkant av utløpetidspunktet vil ein i nye Volda ta stilling til om avtalene skal reforhandlast, avsluttast ev om det skal gjennomførast konkurranse. Det er laga eit register over alle avtaler som kommunane har oversikt over, og det vert gjort ein gjennomgang av desse avtalene.

For ein del avtaler må ein innan 1 år før samanslåingstidspunktet effektuere oppseiing. For enkelte av desse handlar det om å unngå doble avtaler der vi berre skal ha eitt sett. Dette gjeld t.d interkommunale tenestesamarbeid der det er gjort vedtak om at nye Volda skal ha tenestesamarbeid saman med kommunane på søre Sunnmøre. Det same vil gjelde IKT-avtaler der ein må unngå avtaler om ulike system som skal tene same oppgåve/funksjon. Innanfor IKT går ein også gjennom avtaler som bør seiast opp for å reforhandle vilkåra og ev skifte ut applikasjonar.

På område der Hornindal og Volda har ulik praksis, og der dette for begge eller den eine av kommunane er regulert ved avtale, så må avtalane seiast opp for å få ein gjennomgang for harmonisere ordningar for nye Volda. Eit slikt område er avtalene som Volda kommune har inngått med styre for ulike grendehus. Volda kommune eig dei fleste grendehusa, og der det er skuledrift er desse bygga kombinerte lokale for skulen/gymsalar og grendehus. Grendestyra betaler 5 % av definerte utgifter, og resten vert betalt av Volda kommune. Desse avtalene bør seiast opp for å få ein harmonisert praksis i høve til dei andre grendehusa som vil ligg i den nye kommunen, jfr i Hornindal og Bjørke. Ein må ha ein gjennomgang av dette og leggje fram politisk sak som trekkjer opp kva tilskotsordning ein skal ha til grendehus i den nye kommunen.

Det er ikkje uventa om det kan kome reaksjonar på at det vert sendt ut oppseiingar av avtaler fram mot nyttår. I mange høve inneber dette at ordningar ikkje fell bort, men at ein derimot får ein ny gjennomgang der ein trekkjer opp kva som skal vere praksis i nye Volda.

Rune Sjurgard

Til formannskapa i:

Stryn kommune
Sykkylven kommune
Stranda kommune
Ørsta kommune
Hornindal kommune
Volda kommune

Frå:
Sunnmøre kulturnæringshage
v/Erlend Krumsvik

NOTAT: Interkommunalt plansamarbeid om reiseliv og turisme

Kort samandrag/formål

Turisten er grenselaus, og ser ikkje kommunegrenser eller fylkesgrenser. Straumen av turistar til våre område har auka, og er forventa auka i åra som ligg framfor oss. I våre kommuner er det tre store «naturmotorar», gjennom Geirangerfjorden, Olden/Loen og Hjørundfjorden. Naturkapasitet og kommunal infrastruktur blir utfordra, og næringsstrukturen framstår som fragmentert.

Ei felles kommunal plantilnærming, i tett samhandling med næringslivsaktørar, kan styrke verdiskaping og ressursforvaltning for alle. Ein står sterkare saman enn kvar for seg.

Forslag til vedtak i formannskapet

«Formannskapet ynskjer å fremje sak til kommunestyret om å delta i interkommunalt plansamarbeid om reiseliv og turisme, og takkar ja til forslaget om saksdokument utarbeida av Volda kommune.»

Kopi av vedtak sendast:

Stryn kommune:	postmottak@stryn.kommune.no
Sykkylven kommune	postmottak@sykkylven.kommune.no
Stranda kommune	post@stranda.kommune.no
Ørsta kommune	postmottak@orsta.kommune.no
Hornindal kommune	post@hornindal.kommune.no
Volda kommune	postmottak@volda.kommune.no
Volda Næringsforum	stefan@voldaforum.no
Sunnmøre Kulturnæringshage	erlend@sknh.no

Bakgrunn

Sunnmøre Kulturnæringshage AS er eit innovasjonsselskap i SIVA nettverket. Siva er statens virkemiddel for tilretteleggjande eigarskap og utvikling av bedrifter, nærings- og kunnskapsmiljø i heile landet, med eit særlig ansvar for å fremje vekstkrafta i distrikta. Hovudmålet er å utløyse lønsam næringsutvikling i bedrifter og regionale nærings- og kunnskapsmiljø. Næringshagen er ein regional ressurs og eit knutepunkt for dei kreative næringane med fokus på film, video, animasjon, fotografi, PR, kommunikasjon, media, IKT og design.

På oppdrag frå nye Volda kommune utfører Sunnmøre Kulturnæringshage eit prosjekt med fokus på naturbaserte næringar i dagens Hornindal kommune. Dette blir gjennomført gjennom Smia utvikling, med kontor på Grodås. Det vesentlege kundegrunnlaget for naturbaserte næringar er turistar og reiseliv, og Grodås er eit sentralt knutepunkt for turistar som reiser gjennom heile omlandet. Tidleg i prosjektet vart det identifisert eit behov for interkommunal koordinering av reiseliv og turisme, for å realisere verdiskaping og næringsutvikling.

Dei store «turistmotorane» er Geiranger/Geirangerfjorden, Olden/Loen, og Hjørundfjorden. Kva vil det bety for desse destinasjonane, kommunane, og omkringliggande næringsliv, om turistane blir ei natt til? Korleis kan vi realisere dette, kva blir konsekvensane dersom vi får det til, og kva må leggest til rette for optimal samfunnsnytte?

Etter ein gjennomgang av status i kommunale planar om turisme og/eller reiseliv, så er det få kommuner som har dette. Ørsta kommune har kome lengst i sitt arbeid gjennom «Masterplan – produktutvikling reiseliv Ørsta/Hjørundfjord». Dette arbeidet står fram som eit eksempel på korleis ein kan få til eit godt utviklingsarbeid med samhandling mellom næringsliv og kommuner. Masterplanen er ikkje slutført, men arbeidsmåtene som har blitt nytta står som eksempel for korleis ein kan samordne eit naturleg omland for turisme og verdiskaping.

Naturkapasitet og kommunal infrastruktur blir utfordra gjennom aukande turisme, og kanskje særleg gjennom masseturisme. Næringsstrukturen knytt til turisme framstår som fragmentert og for lite samordna. Samla er det spørsmål om å utvikle, bevare og gevinstrealisere. Her står kommunane truleg sterkare saman enn kvar for seg, då turistane er grenselause, og ser ikkje forskjell på kommunegrenser eller fylkesgrenser.

Skisse for prosess

Samhandling mellom kommuner og næringsliv er eit viktig kriterium for suksess. Prosessen og involveringa av næringslivet, er viktigare enn sjølve planresultatet.

Initiativet til interkommunalt plansamarbeid om reiseliv og turisme har sitt utspring i nye Volda kommune, og Volda kommune har blitt utfordra på å ta ansvaret for planprosessen. Dette betyr at Volda kommune tek ansvar for å føre planarbeidet i pennen, og koordinere planarbeidet med samarbeidande kommuner. Kvar einskild

kommune som deltek i planarbeidet må stille plankompetanse til rådighet, for å sikre kvar deltakande kommune sine behov i prosessen.

Volda næringsforum har blitt utfordra på å ta koordineringsansvar for næringslivet gjennom planprosessen. Dette fordi Volda næringsforum er delfinansiert av Volda kommune. Dei deltakande kommunene må stille næringskompetanse til rådighet, gjennom kommunale næringssjefar, eller næringsorganisasjonar som er kommunalt finansiert. Dette for å støtte og sikre i nødvendig lokal mobilisering i næringslivet til deltakande prosessarbeid.

Sunnmøre Kulturnæringshage stiller med ein koordinerande ressurs mellom kommune og næringsliv, gjennom Smia utvikling. Koordineringsansvaret omfattar også tilrettelegging av møteplassar for prosessarbeidet. Næringshagen tar særleg ansvar for oppstartsbedrifter og vekstutvikling i næringslivet, knytt til den kommunale planprosessen.

Status i førebuande prosessarbeid:

1. Individuelle møter med ordførar; sondering av interesse for å delta i interkommunal planarbeid.
 - a. Status: Positiv tilbakemelding frå alle ordførarar
2. Felles sonderingsmøte for alle involverte kommuner
 - a. Status: Utført, 15. oktober 2018, på Raftvoll hotell på Grodås.
3. Handsaming av notat, og innvolvering av alle deltakarkommunene sine formannskap.
 - a. Status: Vedtakspunkt, Ikkje utført
4. Administrasjonen i Volda kommune utarbeider sak til deltakarkommunene.
5. Handsaming av politisk sak i deltakarkommunene sine kommunestyre; Endringssak for gjeldande planstrategi: deltakelse i interkommunalt plansamarbeid om reiseliv og turisme
 - a. Status: avhenger av vedtak i punkt 3
6. Planoppstart for deltakande kommuner

Prosess i formannskapa

Dette notatet er eit kort innspel til formannskapet for å involvere og utfordre til samarbeid. Eit innspel for å modne ein prosess. Eit evt. saksdokument seinare vil ha ei større detaljrikdom, og være meir spesifikk på prosessar.

Spørsmål knytt til innhaldet i notatet kan rettast til ordførar, eller Erlend Krumsvik i Sunnmøre Kulturnæringshage: erlend@sknh.no eller mob: 410 40 838.

Vedlegg

Utkast til Masterplan – produktutvikling reiseliv Ørsta/Hjørundfjorden
Referat frå felles sonderingsmøte på Grodås, måndag 15. oktober 2018.
Sluttrapport: Ny næring på gamle tufter.

Møtereferat 15.10.2018 – Interkommunalt plansamarbeid på turisme og reiseliv

Tilstade

Ordførarane, varaordførar og andre ressurspersoner knytt til;

- Stryn kommune
- Hornindal kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune
- Stranda kommune
- Sykkylven kommune

Sak 1

Velkomen v/ Erlend Krumsvik og Stig Olav Lødemel

Sak 2

Presentasjon av «Masterplan – reiseliv for Ørsta/Hjørundfjorden» v/Per Ivar Lied. Ørsta kommune er den kommunen som har kome lengst i arbeidet med ein plan for turisme og reiseliv. Arbeidsmetoden som Ørsta kommune har nytta står som eksempel for fellesskapet i ein evt. interkommunal planprosess.

Sak 3

Ordførarane gav ei kort orientering om korleis den respektive kommune kan ha nytta av å delta i ein interkommunal planprosess for reiseliv og turisme

- Stryn har hatt eit formøte, og stiller seg positiv til ideen om eit felles plansamarbeid. Det blir viktig å finne gode samarbeidsløysingar, og dei seier ja til ein vidare prosess. Ein må slutte å prate, og heller sjå på korleis ein kan handle, og ein vil lukkast i arbeidet når ein har aktørar og kommunar som tør å satse. Stryn er ein av dei største reiselivskommunane på Vestlandet, og vil difor vere ein bauta for arbeidet vidare. Har tidligare erfaring med modernisering av reiselivet (døme Loen Skylift) som har gitt store ringverknader i regionen og utover fylkesgrensa. Ein kortsiktig og langsiktig plan på infrastruktur må på plass, samt ein kopling mot destinasjonsselskapa.
- Stranda har skapt heilårsturisme for regionen med kringliggande stader som Hotell Union Øye, Stranda Skisenter og Geiranger, o.l. Mykje problematikk knytt til at turistane som kjem med cruiseskip slepp ut mykje eksos og lite pengar. Geiranger er Noregs største «eksportvare», og marknadsfører seg med fin natur og god luft, og då må ein levere på det. Ein strategisk næringsplan er påbegynt, men dei ser fordelane med eit samarbeid og stiller seg positive til vidare prosess.
- Ørsta har begynt eit slikt arbeid med masterplanen, men ser at diskusjonen kring slike tema er viktig i ein tid med kommunesamanslåing. For å vidareutvikle og lukkast i eit slikt arbeid er det viktig at ein ser på dei som har gjort det godt, og ha eit godt samarbeid. Nasjonalt er det ein satsing og interesse for «fjord-Noreg», og om ein

stiller seg positiv til utviklinga, så kan det potensielt drøype tilbake på kommunane. Ørsta foreslår at ein møtast igjen i januar.

- Sykkylven er bland anna aktuell med satsinga på prosjektet «Designvegen» samt ein satsing på bygging og tilrettelegging for hytteeigarar. Dei ser potencialet i å nytte seg av moglegheita som turistane skaper. Foreslår at kvar kommune har ein handlingsplan, slik at ein har noko handfast å jobbe ut frå. Næringssselskapet Sykkylven Næringsutvikling har teke kontakt med Hornindal, Stryn, Volda og Stranda for eit samarbeid om Designvegen. Fikk tilslutning på 11 prosjekt, og gir eit signal om kor viktig det er å samarbeide på tvers av kommunegrensa.
- Volda har ikkje nokon tradisjon om å vere reiselivskommune. Dei har tidlegare satsa på bygdeutvikling, då dei ser store fråflyttingstall frå bygda og til sentrumsområda. Småskalaverksemd kring i kommunane og arrangement knytt til studentar i Volda må bli betre på samordning. Høgskulen i Volda ser ein økt interesse for friluftsliv og naturguideutdanning, og ser moglegheiter for å kople det inn i arbeidet. Foreslår å fordele vidare koordinering mellom Ørsta og Volda.
- Hornindal er ei kommune som i likskap med Sykkylven ein kommune som satsar tungt på hyttenæring. Dei ser ein mangel på overnattingsplass med berre eit hotell, og det medfører vanskar når det vert arrangert større festivitatar. Det blir viktig å finne måtar der turistane som stopper på Grodås nyttar seg av tilboda der.

Samandrag

Møtet konkluderte med at spørsmålet om å få utarbeida ei felles sak til politisk handsaming skulle opp til diskusjon i dei respektive formannskapa. Vidare vart det gitt mandat til å kalle inn ordførarar og rådmenn til eit nytt møte i starten av januar 2019.



©Lenita Storeide / Destinasjon Ålesund og Sunnmøre

MASTERPLAN PRODUKTUTVIKLING REISELIV

PLAN FOR UTVIKLING AV REISELIVSPRODUKT I ØRSTA REGIONEN

JUNI 2017

Av Jan Sverre Sivertsen og Børre Berglund

2469
reiselivsutvikling

Innhald

1	Forord	2
2	Innleiing	3
3	Status og rammevilkår	4
3.1	Reiselivet i regionen i dag	4
3.2	Verdiskapingsanalyse	4
3.3	Marknadsgrunnlag	4
3.3.1	Gjestedøgn	9
3.4	Stortingsmelding om reiseliv	9
3.5	Innovasjon Norge sin handlingsplan for Reiseliv	10
4	Mål og strategi	11
4.1	Hovudmål	11
4.2	Hovudstrategi	11
5	Posisjonering av reiselivet i regionen	12
5.1	Identitet	13
5.2	Berande produktkonsept	14
5.3	SEKUNDÆRPRODUKT	15
5.4	VERDIGRUNNLAG	17
6	Vidare tilrådingar	17
6.1	NATURBASERT OPPLEVINGSTURISME	17
6.2	KULTUR, MAT OG HISTORIE-TURISME	18
6.3	CRUISETURISME	18
7	Tiltak	19
8	Føresetnader	21
8.1	Gjennomføring	21
8.2	Heilskapleg utvikling	21
8.2.1	Online booking – også av pakkar	22
8.2.2	Segmentering	22
8.2.3	Reiselivsnæringa sitt ansvar	22
8.2.4	Kommunalt ansvar	22
9	Finansieringsmulegheiter	23
10	Avslutning	27

1 Forord

Ørsta har eit fantastisk område for opplevingar og vidareutvikling av reiseliv!

"Masterplan produktutvikling reiseliv" gir ein analyse av situasjonen i dag, ser på vidare utviklingsmulegheiter og foreslår konkrete tiltak og viktige føresetnader for slik vidare utvikling.

Planen er utvikla i regi av Ørsta kommune og i ein felles prosess med reiselivsaktørar i Ørsta. Planen tek for seg dei produktutviklingstiltaka som på kort og lang sikt kan gi auka verdiskaping for aktørar i reiselivsnæringa og i tilgrensa næringar i Ørsta-regionen.

Tiltaka som blir foreslått er tiltak som reiselivsnæringa bør utvikle i fellesskap, men også tiltak som den enkelte aktør skal utvikle på eigenhand.

Omgrepet produktutvikling inneber utvikling av nye produkt, vidareutvikling av eksisterande produkt og etablering av produktpakkar og heilskaplege produktkonsept.

Planen er meint som ei prioritering av produktutviklingstiltaka. Det er imidlertid viktig at større og meir omfattande tiltak også vert følgt opp av enklare produktutviklingstiltak som kan gi raske effektar – kanskje allereie for vinteren 2018.

Det bør lagast ein kommunikasjonsplan rundt tiltaka som blir endeleg prioritert. Dette for å sikre involvering og samhandling mellom aktørar, samt mellom aktørar og det offentlege verkemiddelapparatet og fellesselskap i reiselivet.

Det har våren 2017 vore gjennomført tre arbeidssamlingar med næringsaktørar, kommune og verkemiddelapparat. Her har det vore arbeid med oppgåver knytt til produktidear, prioriteringar og innspel. I tillegg har det vore mindre idégrupper som har kome med innspel til planen i samarbeid med Ørsta kommune og Ørsta Næringskontor. Det har også kome mange gode innspel på e-post og telefon gjennom prosessen.

Mange reiselivsaktørar og privatpersonar har bidratt med verdifulle innspel i prosessen. Ei spesiell takk vert retta til Per Ivar Lied (Ørsta kommune) og Odd Magne Vinjevoll (Ørsta Næringskontor) for samarbeid og innspel i arbeidet.

Molde, 03.07.2017



Jan Sverre Sivertsen

Børre Berglund

2 Innleiing

Kommunane Ørsta - Volda har til saman rundt 20 000 innbyggjarar, medan regionen har nærare 67 000. Ørsta og Volda har fleire sentrale regionale funksjonar som sjukehus, høgskule, flyplass og ISPS kaianlegg. Dette gjer området lett tilgjengeleg både frå luft og frå sjø. Ørsta ligg også i rimeleg nærleik til Stryn, Hellesylt og Ålesund slik at det kan vere aktuelt med buss- og båtruter til Ørsta/Hjørundfjorden med ulike opplevingsturar lokalt. Nye vegsamband som Kvivsvegen og Eiksundsambandet opnar for ein større og meir fleksibel nærmarknad. Frå flyplassen i Hovdebygda er det direkteruter fleire gonger dagleg til Oslo, Bergen og Sogndal – noko som gjer området endå meir sentralt.

Ørsta er den største kommunen i areal på Søre Sunnmøre med 850 kvadratkilometer landområde, den største tettstaden med 10.700 innbyggjarar og det største handelssenteret. Nokre av dei kjende turistmåla er Hjørundfjorden, Norangsdalen og Molladalen. Tida ligg no godt til rette for å samle dei små og store reiselivsaktørane for å jobbe strategisk fram ei heilårs berekraftig næring.

Ei auka satsing på lokale reiselivsprodukt skal kome heile Ørsta til gode. Dess fleire kvalitativt gode reiselivsprodukt dess fleire besøk og dess fleire arbeidsplassar. Dette kan vere med å sikre og utvide regionale servicefunksjonar i regionen som sjukehus og høgskule.

Telemarksforskning sin attraktivitetsanalyse viser at Ørsta har hatt god vekst i besøksnæringane (overnatting, servering, butikkhandel, kultur og diverse personlege tenester) dei siste åra, trass i forholdsvis svak folketalsvekst. Det tyder på at besøksattraktiviteten til kommunen har blitt betre, men framleis har stort potensial. Dersom kommunen evnar å forbetre nærings- og bustadsattraktiviteten, er det eit potensial for sterkare vekst i næringslivet og høgare innflytting. Her vil ei positiv utvikling i reiselivsnæringa spele inn.

Eit aukande tal turistar, og fjord og fjell som merkevare, må koplast til det lokale i Ørsta; mat, kultur, natur og opplevingar. Det er dermed eit stort behov for å koordinere, utvikle, pakke og kople saman eksisterande produkt og turistar som allereie besøker regionen (inkludert Ålesund, Geiranger og Nordfjord), og samtidig arbeide målretta for å utvikle nye produkt som passar til merkevara og det lokale. Koplinga av eksisterande og nye produkt vil tene alle, og prosjektet vil også kople sentrum/handel til fjord og opplevingar.

Regjeringa si stortingsmelding for reiseliv framhevar at tida både er rett og moden for å satse på reiselivsutvikling i Norge. Reiselivssatsing er i stor grad eit offentleg ansvar, ettersom det inneber både tilrettelegging, fellesgodefinansiering og koordinering for å få til ei god satsing. Det er flere gode grunnar til at kommunar og fylkeskommunar bør satse på reiseliv:

- Reiselivsnæringa skaper sysselsetjing og skatteinngang
- Reiselivstenester og opplevingar byggjer profil og merkevare for ein region - og skaper stoltheit
- Reiselivsprodukt er tilgjengelege - også for lokalbefolkninga og er med å skape bulyst
- Reiselivsutvikling og -omsetnad skaper lokale ringverknader
- Reiselivsnæringa inneber gode integreringstiltak
- Det er lav kapitalterskel for etablering

3 Status og rammevilkår

3.1 REISELIVET I REGIONEN I DAG

Dei kommersielle reiselivsprodukta i Ørsta er fragmenterte, men for så vidt mangfaldige. I hovudsak gjeld dette overnattingsstadar, mattilbod og aktivitetar der vintertoppturar er mest synleg i marknaden i dag.

Ørsta kommune har laga ei oversikt over eksisterande aktørar i reiselivet i regionen. Dette er ei oversikt over enkeltaktørar, verksemdar og lag/organisasjonar knytt til regionen som har produkt eller prosjekt inn mot reiseliv i dag. I tillegg finst det ein del aktørar (nasjonale og internasjonale) som bruker området for eigne turopplegg utan lokal tilknytning.

Oversikta er ikkje utfyllande, men er tatt med for å vise kva hovudprodukt som finst i regionen i dag. Generelt vil vi påpeike at det er mange ulike overnattingstilbod i regionen, dei fleste tilgjengelege i sommarsesongen, både for individuelle og grupper. Når det gjeld aktivitetsprodukt er desse færre, fleire guide-firma er nystarta. Dei aller fleste er tilgjengeleg for grupper, ein god del også for individuelle.

I tillegg til aktørane i oversikta nedanfor har destinasjonsselskap, landsdelsselskap, kommune/næringskontor og det offentlege verkemiddelapparatet ei viktig rolle for reiselivet i regionen.

3.2 VERDISKAPINGSANALYSE

Regjeringa si "Verdiskapingsanalyse av reiselivsnæringen" frå 2015 viser at norsk reiseliv skaper verdiar for 70 milliardar kroner i året. Framover er det forventa at både nordmenn og utlendingar vil feriere meir i Norge.

Tal frå Menon Business Economics si verdiskapingsanalyse¹ for reiselivet i Møre og Romsdal viser at reiselivet i Ørsta står for ei verdiskaping på om lag 64 millionar kroner, og at det samla er rundt 160 personar sysselsett i reiselivsnæringa i kommunen.

3.3 MARKNADSGRUNNLAG

Norge som reisemål og ferieland har dei siste åra opplevd ein stor auke både i tal reisande, overnattingar og turistkonsum. Innvasjon Norge utarbeider årlege turistundersøkingar (sommar og vinter). Turistundersøkinga gir informasjon om norske og utanlandske gjestar i Norge, formål med reisa, reisemønster, pengeforbruk knytt til Norgesreisa, reisefølgje, samt gjennomførte og ønske om aktivitetar og opplevingar.

Dei viktigaste funna for Ørsta-regionen i turistundersøkingane gjeld i kva grad gjesten er tilfreds, kva som påverkar dette og kvifor gjestane søker til Norge og fjordregionen.

Om gjestane er tilfredse med besøket


¹ "Verdiskaping i reiselivet i Møre og Romsdal", Menon Business Economics, 2017.

Figuren under viser at gjestfriheit til lokalbefolkninga scorar høgast på tilfredsmålingane. Spesielt dei utanlandske gjestane (grønt) vektlegg dette parameteret høgast når det gjeld ferieopplevingar. Vidare ser vi at dei er fornøgde med både attraksjonane, aktivitets- og matopplevingane. For Ørsta-regionen betyr dette at å satse på vertskapsrolla (til eit breitt lag av aktørar og lokalbefolkning) vil vere både viktig og riktig. Vidare utvikling av attraksjonar - naturbaserte og menneskeskapte, samt kombinere dette med aktivitetar og (mat)opplevingar vil vere rett veg å gå.




Utanlandske feriegjestar - formål med reisa

For dei utanlandske gjestane er det å oppleve naturen og - ikkje minst - fjordane det desidert viktigaste, og også det flest planlegg å gjere. I tillegg kjem det å oppleve fjella som ein relativt viktig del av reisa. Dette passar svært godt saman med det grunnlaget Ørsta-regionen har for reiselivsutvikling. Natur, fjordar og fjell er jo sjølve grunnlaget i råvara til denne regionen.



Norske feriegjester - formål med reisa

For dei norske feriegjestane betyr det mest å ha det moro saman med andre når det gjeld val av og opplegg for feriereisa, i tillegg til å oppleve natur og lade batteria. Altså er rekreasjon og sosialt samvere i naturen noko viktigare for nordmenn enn for utanlandske gjestar. Igjen er dette eit godt utgangspunkt for reiselivet i Ørsta-regionen, då dette handlar om å legge til rette for både dei som ønskjer ro og avslapping (lade batteria) og dei som ønskjer meir fart og spenning (ha det moro), med naturen som basis.



Sommar


Frå turistundersøkinga for sommaren 2016 finn vi at det estimerte totalforbruket har stege med om lag 7,6 milliardar norske kroner frå eit estimat på 31,7 milliardar norske kroner i sommarsesongen 2015 til 39,3 milliardar norske kroner i sommarsesongen 2016. Dette tilsvarar ein auke på 24 %. Det er fleire faktorar som forklarar denne utviklinga, og dei viktigaste faktorane blir gjennomgått og utdjupa i etterfølgjande avsnitt.

Det er særleg marknader som Tyskland, Sør-Europa, Nederland og Kina som utgjer ein stor absolutt stigning i talet overnattingar. Samla sett står desse marknadene for ein auke på omkring 410 000 overnattingar frå sommarsesongen 2015 til 2016. Utover dette har Danmark ein vekst i tal overnattingar på omkring 20 %. Gjestane frå utanlandske marknader, spesielt kinesiske og søreuropeiske feriegjestar, har eit forholdsvis høgt forbruk, og veksten i desse marknadene har såleis vesentleg betydning for det samla totalforbruket i Norge.

Ei anna forklaring på auka forbruk frå sommarsesongen 2015 til 2016 er at den norske krona vart svakare mot valuta i dei viktigaste turistgruppene. Samla sett kan ein auke i tal overnattingar, samt svekkinga av den norske krona, forklare ein vekst i totalforbruket på omkring 35 %. Auken i tal overnattingar står likevel for størsteparten av denne veksten på omkring 28 %, medan endringar i valutakursane står for knappe 6 % av stigninga.

Aktiviteter

I følge Innovasjon Norge sine turistundersøkingar er det dei naturrelaterte aktivitetane som hyppigast har stor eller avgjerande betydning for ferien på tvers av alle marknader. Vi ser også at det å oppleve naturen generelt og fjordane og fjella spesielt har gjennomgåande høgast verdi for dei ferierende.



*Aktiviteter som foretas av mindre enn 5 % av turistene er ikke tatt med.

** Tallene i parentes angir det gjennomsnittlige antall destinasjonsspesifikke aktiviteter som har stor eller avgjørende betydning for ferien i Norge.

Figur 1 Aktiviteter med stor betydning for ferien (Innovasjon Norge)

Vinter

Tal frå Innovasjon Norge viser også ein god auke i vintersesongen frå 2015-2016². I vintersesongen var det 7,7 millionar overnattingar ved kommersielle overnattingsstadar, og det totale forbruket* er estimert til om lag kr 21,1 mrd.

I vintersesongen rettar Innovasjon Norge marknadsføringa mot to hovudmålgrupper; det klassiske skisegmentet som kjem til Norge for å stå på ski, og nordlys-turistane som besøker Nord-Norge og/eller reiser med Hurtigruta.

Omfanget av skiturismen varierer med kva definisjon vi vel å bruke. Ser vi på alle som var på ein skiferie, eller som hadde planar om å gjere ein skiaktivitet i ferien, betyr det 2,5 millionar kommersielle overnattingar og eit forbruk på kr 4,4 milliardar kroner i vintersesongen. Bruker vi ein strengare definisjon og ser på dei «ekte» skientusiastane der hovudformålet er ein skiferie, representerer desse 1,9 millionar overnattingar og eit forbruk på kr 3 milliardar i samband med Norgesferien.

Det er flest norske skigjestar i Norge, men nærmarknadene som Danmark og Sverige er godt representerte. Danmark er også den største utanlandsmarknaden, med eit samla forbruk på ein halv milliard kr. Forbruket representerer ein andel på 36 prosent av det utanlandske skiforbruket i vintersesongen.

* Forbruket er estimert ut fra gjestar som hadde minimum ei natt ved ein kommersiell overnattingsstad og/eller Hurtigruta.

² Innovasjon Norge, Turistundersøkelsen - Oppsummering av vintersesongen 2016.

3.3.1 GJESTEDØGN

Fjord Norge i front³

Fjordar er den sterkaste assosiasjonen til Norge som ferieland. Norge blir forbunde med fjordar, natur og fjell, og i den rekkefølga, viser trackerundersøkinga til Innovasjon Norge. Fjord Norge er også den landsdelen med størst del utanlandske gjestedøgn i 2016.

Etter IN si inndeling, har Austlandet (7 fylke) størst vekst med 367 450 fleire utanlandske gjestedøgn i 2016. Så følgjer Fjord Norge, med dei fire fjordfylka, med 308 600 fleire utanlandske gjestedøgn og Nord-Norge hadde 189 500 fleire utanlandske gjestedøgn samanlikna med 2015.

Det som gjer Fjord Norge så spesielt er at vi har størst andel utanlandske gjestedøgn gjennom året, og både Fjord Norge og Nord-Norge har større del utanlandske gjestedøgn i 2016.

Gjennom året er det flest norske gjestedøgn i Norge; i 2016 71 prosent norske og 29 prosent utanlandske. Tilsvarande tal for Fjord Norge viser utanlandsk del på 38 prosent, mot 35 prosent i 2015. Tal for Nord-Norge viser 33 prosent utanlandske gjestedøgn, mot 30 prosent i 2015. Deretter følgjer Austlandet (28 %), Trøndelag (18 %) og til sist Sørlandet med Agderfylka og Telemark, der berre 16 prosent av alle gjestedøgn i 2016 var utanlandske.

3.4 STORTINGSMELDING OM REISELIV

Regjeringa la i mars 2017 fram ei stortingsmelding for reiseliv som skal vise veg for norsk reiselivsnæring framover. I regjeringa sin politikk for reiselivsnæringa er høgare verdiskaping og auka lønsemd sentrale mål, og denne utviklinga skal skje på berekraftig vis. Regjeringa vil rette innsatsen mot fem hovudområde; generelt gode rammevilkår, berekraft (miljø, sosialt, økonomisk), styrka samordning, profilering av Norge som reisemål, kunnskap og kompetanse. Regjeringa vil vidare lage ein strategi for kultur og reiseliv, med vekt på kulturturisme. Regjeringa vil også opprette eit råd for kultur- og reiseliv etter modell frå Næringspolitisk råd for kulturell og kreativ næring.

Det mest konkrete og positive ved reiselivsmeldinga er den uttalte satsinga på kultur- og opplevingsturisme, og at berekraft skal ligge som eit fundament i utviklinga av norsk reiseliv. Det vil også vere viktig for ein del av dei større, familieeigde hotella i vår region, å senke formueskatten. Men den seier lite om kva type gjestar/turisme Norge bør satse på i framtida, heller ikkje korleis fellesgodefinansieringa (tilrettelegging, søppelhandtering, toalett, parkering m.m) skal bli løyst anna enn ein muleg frivillig finansieringsmodell med spleiselag mellom frivillige, private og offentlege aktørar. Studie og pilotprosjekt for fellesgodefinansiering har likevel vist at dette er ei stor utfordring å få til i praksis.

³ Innovasjon Norge, Gjestedøgnstatistikk 2016

3.5 INNOVASJON NORGE SIN HANDLINGSPLAN FOR REISELIV

Som oppfølging til regjeringa si reiselivsmelding har Innovasjon Norge starta arbeidet med å utvikle ein målretta handlingsplan for reiseliv. Arbeidet er ikkje ferdigstilt, men nokre hovudretningar er peikt ut. Handlingsplanen identifiserer seks retningsval (klipp fra planen):

- *"Vi jobber med alle næringer som bidrar til opplevelser i Norge. Det betyr at vi må utvide reiselivsbegrepet til å innebære andre industrier enn tradisjonelt reiseliv, som for eksempel kultur, mat, og møte-og arrangementer."*

For Ørstaregionen sitt utviklingsarbeid vil fokuset på eit breitt reiseliv (inkludert kultur og matsatsing) vere rett. Vi anbefaler at regionen tek tak i koplinga mat og kultur gjennom bedriftsnettverk og gjennom å kople seg på fylkeskommunen sitt prosjekt når det gjeld mat og reiseliv.

- *"Hele Norge, hele tiden. Det innebærer å gå bort fra tradisjonelt kampanjearbeid inndelt etter årstider og geografi, men å kontinuerlig tilpasse fokuset til hva som er aktuelt."*

For Ørstaregionen betyr dette at det, uansett sesong, bør vere fokusområde som ligg fast over tid. Tidlegare nemnde mat og kultur vil kunne vere eit slikt område som er relativt sesong-uavhengig og som vil kunne treffe målgrupper i mange marknadssegment.

- *"Fra demografi til motivasjon. Identifisere hvem de som skal besøke oss i fremtiden er, og hva de er opptatt av. Tilpass deres motivasjon istedenfor geografi."*

Dette er ein måte å segmentere på som Innovasjon Norge for så vidt har drive med ei tid. Likevel er det viktig å merke seg for Ørsta-regionen at motivasjons-segmentering krev ei større grad av marknadsoorientert produktutvikling enn om ein segmenterer etter demografi. Her må utviklingsarbeidet fokusere på dei ressursane regionen har som kan vere grunnlag for gode reiselivsprodukt og vidare finne dei menneska som ønskjer disse opplevingane - uavhengig av kvar dei kjem frå.

- *"Vi skal være en pådriver for opplevelsesutvikling. Lønnsomhet, de gode historiene og bærekraften ligger i opplevelsene – skal jobbe enda mer både med utvikling i Norge og budskap internasjonalt."*

Ørsta-regionen har dei beste føresetnadene for å utvikle ekte opplevingar. Vi veit allereie at mange segment ønskjer seg det ekte og særnorske og at dei krev å delta i å skape opplevingane sjølve. Det betyr at det må bli lagt til rette for aktivitetar og opplevingar med stor involvering frå gjesten sjølv og med gode vertskap (guidar, servitørar, sjåførar, historieforteljarar etc) som opnar opp og rettleiar gjestane inn i opplevingane gjennom kunnskap og formidlingsevne.

- *"Visit Norway skal være et åpent innovasjonsmiljø. Vi skal derfor etablere ulike advisory boards bestående av andre fra reiselivsindustrien og andre relevante industrier, som tar del i utviklingen av hvordan vi jobber og hvor."*
- *"Måle, dele og lære. Kunnskapen vi sitter på skal være tilgjengelig for alle, til enhver tid. Blant annet skal vi lansere et nytt dashboard med innsikt i blant annet hva som snakkes om Norge internasjonalt, hvor internasjonale gjester oppholder seg når de er i Norge."*

Innovasjon Norge har som mål at det skal skapast 20 000 nye arbeidsplassar i reiselivet i perioden 2018-2020, men strategien fokuserer i stor grad på marketing og mindre på produktutvikling. Dette ser vi som ein brist mellom mål og strategi. Etter vår meining er det avgjerande at produktutvikling og marketing heng saman dersom ein skal klare å auke sysselsetjing og verdiskaping i reiselivet, både lokalt og nasjonalt.

4 Mål og strategi

4.1 HOVUDMÅL

Det viktigaste målet for reiselivsutviklinga i Ørsta-regionen er å skape fleire heilårs arbeidsplassar og dermed sikre levande bygder langs fjordane. Det overordna målet er derfor å skape 50 nye arbeidsplassar knytt til reiselivet innan 2021 og auke verdiskapinga i reiselivsnæringa isolert sett i same periode. Ei auka verdiskaping i reiselivet isolert vil også bety meir avleidd verdiskaping i andre næringar.

Vidare skal måleindikatorane vere:

1. Tal nye produkt som er utvikla
2. Posisjonering av Hjørundfjorden
3. Gjestedøgnsutvikling
4. Kompetanseutvikling (iverksette tiltak/kurs/opplæringsprogram)

Regionen skal bli **Norges mest unike og berekraftige fjordområde** og reisemålet skal vere godt kjent for utfordrande og ekte naturopplevingar hos målgrupper som søker aktive naturopplevingar.

Ein posisjon som Norges mest unike og berekraftige fjordområde legg også føringar for korleis ein skal utvikle reiselivet i Ørsta-regionen. Berekraft vil vi definere i tre dimensjonar; økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig. Det vil seie at dersom regionen skal utvikle Norge sitt mest berekraftige fjordområde må alle dei tre dimensjonane bli vektlagt likt. Det å vere unik inneber også at ein skal skilje seg ut frå andre liknande område, som f.eks. Geiranger, der m.a. volumnaturismen oftare og oftare vert oppfatta som negativ for området.

Ørsta-regionen blir av kundane oppfatta som eit reisemål for reisande som er opptatt av aktive naturopplevingar og lokal mat og kultur, og reiselivsnæring skal vere prega av lønsame bedrifter som tiltrekk seg kompetente medarbeidarar innan naturbasert reiseliv.

Kvalitetane i reiselivet i Ørsta-regionen byggjer på folka, bygdene, fjordane og regionen si historie - både når det gjeld fjellsport, landbruk, fiske og reiseliv.

4.2 HOVUDSTRATEGI

Hovudstrategien for utvikling av reiseliv i Ørsta-regionen er marknadsorientert produktutvikling. Dette krev tydeleg avgrensning og prioritering av målgrupper og kunnskap om desse. Eksisterande og nye produkt/produktpakkar må bli utvikla for å skape stoppeffekt og meiomsetjing frå trafikken til Ørsta-regionen, og for å utvikle Ørsta-regionen til å bli reisemålet for ei veksande gruppe av aktive naturinteresserte. Med marknadsorientert produktutvikling meiner vi at ein skal ha dialog med marknaden/kundane når nye produkt blir utvikla; teste produktet - få tilbakemelding - revidere/justere - og teste på nytt.

- Utvikle eit heilårstilbod i Ørsta-regionen med marknadsorienterte, tilrettelagte produkt og pakkar som er enkle for kunden å kjøpe, gjennom eit heilskapleg perspektiv.




Figur 2 Perspektiv for reiselivsutvikling

5 Posisjonering av reiselivet i regionen

Posisjonering i denne sammenhengen vil seie å utforme regionen sitt tilbud og profil slik at ein skaper ein særegen plass i marknaden. Resultatet ein arbeider for er å skape eit kundefokusert verditilbod. Dette verditilbodet vil fungere som ein overbevisande grunn for målgruppa som gjer at dei vel produktet. Å posisjonere seg mot konkurrentane skaper meirverdi slik at gjestane vel denne regionen framfor andre. Posisjoneringa skaper altså ei unik differensiering.

Sjølv om utgangspunktet for einkvar posisjoneringsstrategi er verksemda eller destinasjonen sitt "merke" (firma, institusjon, person) og marknadstilbod (produkt og tenester), dreier posisjonering seg ikkje om kva du gjer med produktet/tenesta, men kva du gjer med hovudet til målgruppa (kundane).

Posisjonering vil seie å plassere (posisjonere) regionen sin profil og identitet på ein attraktiv plass i gjestane si bevisstheit ved å gi dei ein unik grunn til å huske dette. Dette bør bygge på ei felles oppfatting av regionen - både internt (innbyggjarar, verksemd) og eksternt (potensielle gjestar). Denne rapporten har ikkje som formål å gå djupare inn i ein merkevarestrategi for Ørsta-regionen. Merkevare- og marknadsstrategi må gjerast i samarbeid med destinasjonsselskapet som har ansvaret for marknadsføringa av regionen slik at dette heng saman med øvrige strategiar og prioriteringar.



Figur 3 Grunnlag for reiselivsutvikling

5.1 IDENTITET

Kva er det unike ved Ørstaregionen? Kva byggjer Ørstaregionen sin identitet som reisemål? Kva er fellestrekk i historia og fram til no. Og kva er grunnlaget for vidare utvikling av Ørstaregionen som reisemål? Gjennom arbeidsprosessen har vi identifisert fire hovudområde som fellestrekk for å skape ein unik identitet som ein kan bygge vidare på gjennom merkevarebygging og produktutvikling.

1. Folka

Tidlege generasjonar og dagens etterkomarar har vist at det er muleg å få mykje ut av lite og at det skal ein god porsjon stå-på-vilje, oppfinnsomheit og muligens litt galskap til for å skape seg eit levebrød og liv ut av dei bratte og til dels karrige områda i regionen. Gjennom århundre har folk ikkje berre overlevd, men også klart å skape eit levebrød av det som fjorden og fjella har gitt. Også dagens innbyggjarar i Ørsta-regionen verkar å inneha ein god del av desse eigenskapane og er stolte over den arven dei på ulikt vis fører vidare.

2. Levande bygder

Noko av det som kjenneteiknar regionen er at det er liv og aktivitet langs fjorden, i dalane og i dei inste bygdene. Det er ikkje bygd opp av kulisser eller kunstige opplevingar. Bygdene har eit rikt kulturliv både når det gjeld kulturhistorie, kulturminne, kunst og musikk. I tillegg skjer mange av festivalane i regionen nettopp i bygdene. Dette er festivalar innan musikk, kultur og natur gjennom heile året. I mange bygder er det også eit rikt mangfald av lag og organisasjonar, der forsamlingshusa gjerne er hjertet i bygda, med potensial for nye idear og bruk.

Bedrifter og menneske har sitt virke i mange av bygdene og landbruket si betydning for levande bygder har kome klart fram i møta. Landbruket påverkar bygdene i stor grad gjennom nærvær av folk og husdyr, bygningar og kulturlandskap. Mange bønder og lokale er viktige direkte inn i reiselivsproduktet som leverandørar av lokalmat og/eller aktørar i tilleggsnæring i reiseliv (servering, selskapslokale, overnatting).

Landbruk og lokal aktivitet har over mange år bygt opp eit kulturlandskap som gir området eit levande uttrykk. Dette er også viktig for gjesten sine inntrykk og samla oppleving. Likevel er kulturlandskapet trua av attgroing og vanskelege driftsvilkår/færre drivarar. Vedlikehald av kulturlandskapet er såleis ei utfordring.

3. Frå fjord til fjell

Spennet av natur, kultur og opplevingar frå fjord til fjell går også fram av innspela frå gruppene. I form av naturattraksjonar (som Slogen, Hjørundfjorden og Norangsdalen), aktivitetar (aktørar tilbyr allereie aktivitetar som spanner frå fjord til fjell; toppturar, vandringar, fjordtransport og fiske m.m) og kulturlandskap (fjordgardar, fjellgardar, seterdrift m.m). I dette bildet ligg også Sunnmørsalpane og tindesporthistoria fra 1800-talet og fram til i dag. Desse kontrastane i natur og opplevingar innan eit kompakt område gir gode mulegheiter for attraktive produkt og aktivitetar.

4. Historia

Som eit gjennomgåande omgrep ligg regionen sine historiske faktorar som naturhendingar (skred, uver og anna), språk/dialekt (nynorsk og Ivar Aasen), den tidlegare omtalte tindesporthistoria og laksefiske (engelske klatrarar som William Cecil Slingsby og engelske lakselordar m.fl), adelege som gjentakande la sine besøk til området (medlemmar av dei europeiske kongehusa og tyske keisar Wilhelm). Cruiseturismen kom tidleg til området og dette gav ein god grobott for oppbygging av hotell og tilknytte reiselivsaktivitetar i regionen.

Utifrå desse oppsummerte hovudtrekka skal identiteten vere bygt rundt "Historisk og levande fjell og fjordlandskap" som kjernen i identitetsomgrepet til Ørsta-regionen.

5.2 BERANDE PRODUKTKONSEPT

Valet av dei berande produktkonseptar skal bidra til å tydeleggjere kva Ørstaregionen er best på. Dei representerer satsingsområde for utvikling av fleire attraksjonar og produkt, og er viktige berebjelkar for Ørstaregionen som attraktivt reisemål også i framtida.

Vandring

Med det utgangspunktet Ørsta-regionen har frå naturen si side vil eit av grunnelementa vere vandrekonsept som vesentlege utviklingskonsept her. Regionen har mange punkt (bygder, stier, attraksjonar) som det er naturleg å knyte vandreturar til og rundt. Vandringar frå bygd til bygd, vandring på tilrettelagte stiar og vandring langs gamle ferdsselsårer er nokre av mulegheitene som kan utviklast.

Her kan for eksempel dei mange turisthyttene og setrane i regionen vere naturlege knutepunkt som knyter vandreturar saman. Kommunen bør vurdere medlemskap i Sunnmøre Friluftsråd som kan vere ein ressurs i arbeidet med friluftsliv og vandrekonsept.

Toppturar sommar/vinter

Toppturturisme vinterstid er i ferd med å "ta av" i Norge. Både nordmenn og utlendingar har oppdaga denne aktiviteten og at Norge, spesielt kombinasjonen topptur og fjord, har eit fantastisk utgangspunkt for dette. Ørsta-regionen med Sunnmørsalpane og Hjørundfjorden er eit av dei aller mest spektakulære områda i landet for topptur på ski vinterstid. Området er allereie relativt godt kjent nasjonalt og internasjonalt, og dei seinare åra har det vore eit prosjekt for å setje regionen sine vinter-toppturar på kartet gjennom konseptet "Ski the Fjords" støtta av Innovasjon Norge.

Også på sommarstid ligg det godt til rette for dei meir alpine fotturane i Ørsta-regionen. Kjende toppar som Slogen, Saksa, Jakta har lange tradisjonar som mål for norske og internasjonale tinderanglarar og alpine turfolk.

I tillegg til ein natur som er eigna for topptur-turisme er det nokre gode alternativ for overnatting i regionen som vil kunne utgjere gode produktpakkar saman med guida turar i fjellet.

Fjordopplevingar

Hjørundfjorden skal som eit felles gjennomgåande og differensierande produkt vere det berande for utvikling av nye produkt og produktkonsept for Ørsta-regionen. Kombinasjonen fjord og fjell og fjord og levande bygder er ein uhyre viktig kombinasjon for å utvikle gode produktpakkar og ikkje minst viktig for marknadsføringa av regionen.

Fjorden er viktig både for gode aktivitetstilbod som fiske, kajakkurar og opplevingscruise, men også det å få ein god og forutsigbar samferdsel sjøvegen vil vere viktig for reiselivsutviklinga i regionen.

5.3 SEKUNDÆRPRODUKT

Sekundærprodukt er aktivitetar og opplevingar som representerer viktige tilleggsverdiar ved Ørstaregionen. Desse skal saman med dei berande produktkonseptane bidra til at Ørstaregionen framstår som særeigen og autentisk, og bygge opp under Ørstaregionen sin identitet.

Mange aktivitetar og opplevingar blir trekt fram som viktige sekundærprodukt for Ørsta-regionen. For at regionen skal kunne tilby totalprodukt som ligg nært opp til identiteten og som støttar opp under dei berande produktkonseptane er det viktig at sekundærproduktene heng saman med desse.

Arbeidet med masterplanen har identifisert følgjande aktuelle sekundærprodukt i Ørsta-regionen:

Matkultur

Lokalmat og matkultur er viktige "ingrediensar" i norske reiselivsopplevingar. Dette er også viktige faktorar for gjestane (norske og utanlandske) som besøker fjordane og Ørsta-regionen. Av Innovasjon Norge si turistundersøking kan vi lese at tilgangen til gode matopplevingar og lokale spesialitetar står høgt på lista. For Ørsta-regionen bør dette bety ei ytterlegare koordinering og satsing på lokale matopplevingar som eit av basisområda for utvikling.

Dette bør sjåast i samheng med fylket si lokalmatsatsing, og vi føreslår at det vert utvikla produsent- og leverandørnettverk innan lokalmat og koordinerte lokalmatsatsingar på restaurantar og overnattingsstadar.

Transport og samferdsel

For at det skal vere enkelt, raskt og oversiktleg å bevege seg mellom ulike stadar og produkt krev det tilgjengeleggjering, koordinering og god informasjon om dei ulike transport-tilboda til/frå Ørsta, og ikkje minst innad i regionen. At det er heile tre flyplassar i relativt umiddelbar nærleik (Ørsta, Ålesund og Molde) er i utgangspunktet unikt. I tillegg er det lett og opplevelsesrik tilgjengeleg tilkomst til regionen med bil, via Stryn/Hellesylt (og Norangsdalen), Åndalsnes (og Trollstigen sommarstid) og Ålesund/Festøya/Standal.

Kystbåten som kommunen finansierer er eit viktig bindeledd på fjorden for både fastbuande og besøkande. Med fjorden som historisk ferdselsåre er dette tilbodet i seg sjølv eit godt og viktig reiselivsprodukt som kan utviklast vidare.

Pr i dag er det eit relativt uoversiktleg bilde av korleis ein enklast og best kan ta seg fram i regionen ved hjelp av offentleg kommunikasjon / turistruter både langs landeveg og sjøveg. Eit viktig arbeid bør gjerast for å synleggjere potensialet endå betre, samt utarbeide og kommunisere forslag til reiseruter innad i regionen. Det bør også arbeidast frå destinasjonsselskap og kommune for å få betre og koordinerte offentlege transporttilbod i regionen.

Samferdselsprosjekt kan også på sikt vise seg å bli gode reiselivsprodukt og attraksjonar. Nasjonale Turistvegane er eit av fleire eksempel på dette. Satsing på Nasjonale Turistvegane handlar om å styrke det norske reiselivsproduktet med særskilte attraksjonar. Med ein særskild kombinasjon av natur, veg, arkitektur og kunst skal Turistvegane freiste bilkøyrande gjestar til å velje Norge som reisemål. Pr i dag er det 18 vegstrekningar som er Nasjonale Turistvegane, to av desse i Møre og Romsdal (Geiranger-Trollstigen og Atlanterhavsvegen) og ved porten til Ørsta-regionen ligg også Gamle Strynefjellsveg. Det bør arbeidast for at strekninga Hellesylt - Ørsta (via Norangsdalen) kan bli ei ny Nasjonal Turistvegstrekning. Vegen som knyter fjordane saman er unik midt i dei mektige fjella med grønt kulturlandskap og mange kulturminne. Denne strekninga er eit sekundærprodukt med attraksjonspotensial også i dag.

Vidare er Stad Skipstunnel lagt inn i Nasjonal Transportplan med finansiering for perioden 2018-2029. Skipstunnelen opnar for ei hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund (og Ørsta?), og kan bli ein attraksjon i seg sjølv med kombinasjonen naturoppleving og ingeniørkunst. Ørsta-regionen bør posisjonere seg mot dette.

Overnatting

Av overnattingstilbod i Ørsta-regionen finn vi relativ stor variasjon, sjølv om tal senger og tilgjenge på desse kunne vore betre. Det er alt frå hytte-/romutleige til små overnattingsstadar både i bygdene og sentralt i Ørsta, campingplassar, ordinære hotell som Hotel Ivar Aasen og meir særprega overnattingsstadar som Hotel Union Øye og Sagafjord Hotel. Overnattingstilbodet i regionen er typisk for distriktsregionar som Ørsta-regionen og representerer nok eit godt gjennomsnitt av utvalet vi finn på samanliknbare destinasjonar.

Overnattingsstadar er for tilreisande basisprodukt sjeldan hovudattraksjonar i seg sjølve. Likevel har Ørsta-regionen nokre overnattingsstadar med potensial til å utvikle seg som eigne "reason-to-go"-produkt. F.eks. Hotel Union Øye er eit slikt produkt med si historie, arkitektur og beliggenheit. Ein veit at ein del bilturistar både norske og utanlandske har hotellet som sitt hovudmål for reisa i Norge.

Ein viktig del av arbeidet med utvikling av reiselivet i Ørsta-regionen når det kjem til overnattingsstadar, er å gjere dei eksisterande tilgjengelege i enda større grad på web og hos destinasjonsselskap, samt satse på å utvikle gode gjesterelasjonar gjennom eit fokus på kompetanse og opplæring innan vertskapsrolla. Hotella bør vere eit nav for aktivitetar der sal, informasjon og formidling kan skje. Såleis er det viktig at hotella, saman med aktivitetsleverandørane, lagar gode og heilskaplege pakkar som freistar gjestane til å bli ei natt eller to lengre i regionen.

Tilleggsaktivitetar

Utover dei definerte berande produktkonsept og aktivitetane som ligg under desse, må ein utvikle tilleggsaktivitetar. Dette skal støtte opp under opplevingsdimensjonen på reisemålet og skal bidra til at gjestane som besøker området har mulegheiter til, og ønske om, å forlenge opphaldet. Det vil seie at det finst meir å gjere for ein ekstra dag eller to. Tilleggsaktivitetar er knytt til stadane gjestane bur og oppheld seg - gjerne type drop-in aktivitetar, aktivitetstilbod og/eller attraksjonar av kortare varigheit.

Det finst ei rekkje festivalar i Ørsta-regionen gjennom alle årets sesongar. Kulturfestivalar, musikkfestivalar og friluft-/ekstremsportfestivalar utgjer gode tillegg til dei meir varige produkta. Det at fleire av desse festivalane blir arrangert i dei minste bygdene gir regionen ein viktig tilleggsdimensjon. Det er stor konkurranse på festivalfronten, så det vil vere smart å dyrke dei spesielle - gjerne små - festivalane som kan vere med å gi regionen eit særpreg.

Gjennom denne masterplanprosessen har vi sett at det manglar klare samlingspunkt for formidling av historie, kultur og sal av reiselivsprodukt i Ørsta-regionen. Her bør det vurderast å utvikle slike lokalitetar basert på eksisterande infrastruktur f.eks. i Ørsta og på Sæbø. Det er mykje historie i, og informasjon om, området og dette bør samlast på nokre få stadar der det kan skapast eit miljø rundt.

Sekundærprodukta skal utviklast vidare til å understøtte identiteten som historisk og levande frå fjord til fjell.

5.4 VERDIGRUNNLAG

Felles verdier for alle som skal produktutvikle og selje opplevingsprodukt i Ørsta-regionen foreslår vi å vere;

- **Rå** (Natur og folk)
- **Kompakt** (Små avstandar mellom opplevingane)
- **Levande** (Bygdene, naturen, fjella, fjorden, elvane, kulturlandskap)

Det er anbefalt at desse verdiane ligg til grunn både for utvikling av nye/vidareutvikling av eksisterande reiselivsprodukt og i måten ein byggjer omdøme og marknadsfører Ørsta-regionen på.

6 Vidare tilrådingar

På bakgrunn av det arbeidet som er gjort saman med reiselivsaktørane, kommunen og andre interessentar ønsker vi å tilrå nokre overordna satsingsområde som legg grunnlaget for dei konkrete tiltaka som er skissert under pkt 8.

Anbefalingane er basert på innspel og drøftingar, våre erfaringar, samt regionale og nasjonale føringar og satsingar som heng saman med det potensialet som kan ligge i reiselivsutvikling i Ørsta-regionen.

6.1 NATURBASERT OPPLEVINGSTURISME

Vi anbefaler Ørsta-regionen å ha sine hovudsatsingar innan naturbasert aktivitetsturisme, som tiltak vist i pkt 7, og med dei gjestane som ønsker å oppleve kvalitetsprodukt med fokus på det lokale, levert av lokale. I tråd med målet om å ta posisjonen som **Norges mest unike og berekraftige fjordområde** vil ei slik tilnærming skilje Ørsta-regionen frå andre liknande destinasjonsområde. Dei aktive turistane har til tider eit noko lavare døgnforbruk enn andre gjestar i Norge, men til gjengjeld stansar dei lenger tid i landet. Vidare viser undersøkingar at dei aktive turistane er meir nøgde med ferien og dermed betyr det at inntrykket på destinasjonen blir forbetra.

I det å satse på naturbasert aktivitetsturisme ligg også at vi anbefaler regionen å avgrense tilgangen til Hjørundfjorden når det gjelder cruise, sjå pkt 6.3.

Bakgrunnen for anbefalingane er at Ørsta-regionen er relativt urørt og endå har levande bygder med bl.a. landbruk som viktig næring. Vi meiner at det no er god timing for å kunne ta ein posisjon ved å utvikle reiselivet i regionen gjennom å bevare så mykje som muleg av det urørte og sørge for at "råvara" blir vist og opplevd av fleire, men unngå eit slitasjevolum som lokal infrastruktur ikkje vil tole og som kan forringe gjesten sine inntrykk og opplevingar som ekte.

6.2 KULTUR, MAT OG HISTORIE-TURISME

Gjennomgåande i innspel diskusjonar og tilbakemeldingar som er kome inn er det tydeleg at reiselivsnæringa sjølv er oppteken av at Ørsta-regionen skal vere eit distrikt med levande bygdar og kulturliv/kulturlandskap. Som skrive tidlegare under kapitlet om marknad (3.4) er gjestane som besøker Norge også opptatt av gode vertskap, kultur og matopplevingar. For Ørsta-regionen - med det gode utgangspunktet og dei lange tradisjonane som ligg her - vil det å satse på å bevare dei levande bygdene og legge til rette for at det skal vere muleg å bu og leve i distriktet, vere ein del av reiselivssatsinga.

Mange turistar generelt, og Hurtigruta spesielt, etterspør autentiske og ekte opplevingar ved fjordane. Dersom ein i større grad kan opne opp og levandegjere seterkulturen i området trur vi bestemt at ein vil kunne ha nokre svært gode - og lønsame - reiselivsprodukt som er etterspurt. Det bør være ei målsetjing om å få i gong eit pilotprosjekt for utvikling av reiselivsopplevingar knytt til setrane og seterdrift.

Lokalmat-tradisjonane følgjer som ein viktig del av landbruks- og fiskekulturen i regionen. Turistundersøkinga til Innovasjon Norge viser også at gode lokale matopplevingar er viktig i reiselivssamanheng. Møre og Romsdal fylkeskommune har i samarbeid med Innovasjon Norge Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal etablert satsinga «Mat og reiseliv i Møre og Romsdal – grønn og blå sektor». Målsetjinga med satsinga er at Møre og Romsdal skal bli kjent som «matfylket» også i reiselivssamanheng.

Ivar Aasen-tunet er ein viktig kulturberar for heile Ørsta-regionen og arven etter Ivar Aasen lever i beste velgåande. "Nynorskens far" har spelt ei viktig rolle til identiteten i regionen og dette har gitt stoltheit til folket. Ivar Aasen-tunet og arrangement rundt dette vil vere viktige tilleggsaktivitetar - ikkje minst for norske gjester.

6.3 CRUISETURISME

Det har vore mange meningsutvekslingar rundt masseturisme kontra nisjeturisme i cruisediskusjonane. Etter vår mening er dette diskusjonar som i stor grad baserer seg på ulike oppfatningar av kva masseturisme er. Vi ønsker å vere tydelege på at Ørsta-regionen slik det er pr. i dag er langt unna å ha eit problem med for stort volum av gjestar. Tvert om meiner vi det er rom for ein vesentleg auke i volum store delar av året. For å unngå opphoping av gjestar i område der ein ikkje ønsker dette, foreslår vi å fordele type cruise og gjestar på fleire lokasjonar. På denne måten unngår ein "people pollution" som ein har sett andre stadar. Vi trur det er rom for mange typar turisme i Ørsta-regionen; naturbaserte aktivitetar, cruise, kulturformidling og rundturar for/med bil, buss, motorsykkel o.l., men det må vere basert på Ørsta-regionen sine premisser og målsetjing om berekraftig utvikling.

Hjørundfjorden - explorer cruise

Utifrå prinsippet om å avgrense tilgangen til Hjørundfjorden rår vi til at det blir starta eit prosjekt som tek sikte på å samarbeide med Hurtigruten og/eller andre explorerer-cruise operatørar om å definere og utvikle Hjørundfjorden som explorerer-cruise destinasjon. Dette vil kunne avgrense størrelsen på skip, tal passasjerer, tal skip samtidig etc.

Ei slik tilnærming vil også bety at Ørsta-regionen må legge til rette for denne type cruise når det gjeld aktivitetar i utflukter, fasilitetar for mottak av cruisegjestar, informasjon til skip m.m.

Vi trur at Hjørundfjorden som ein avgrensa og berekraftig cruisedestinasjon vil kunne gi området både mykje merksemd nasjonalt og internasjonalt og store konkurransefortrinn dersom ein går ut i marknaden og med kva avgrensingar som gjeld og kvifor ein ønskjer dette. Med dette vil Hjørundfjorden kunne ta ein posisjon som få - om nokon - fjordar i Norge har tatt til no, men det krev at ein er tydeleg og tør å satse selektivt.

Ørsta - cruisehamn

I motsetnad til Hjørundfjorden meiner vi Ørsta kan ta imot meir tradisjonelle cruise-operatørar. Ørsta som senter har ein infrastruktur og handelstilbod som gjer at ein kan ta i mot større mengder gjestar på same tid. Her kan ein nemne både hamneområdet i sentrum, nærleik til naturstiar og attraksjonar i umiddelbar nærleik som Ivar Aasen-senteret. Cruise-anløp i Ørsta vil gi meir besøk i sentrum og vere viktig for handels- og servicenæringa der.

Skal Ørsta vere attraktiv og aktuell som tradisjonell cruisehamn meiner vi at ein må tilrettelegge for mottak direkte i sentrum. Tømmerkaia som er blitt nemnd som muleg ilandstigningsstad for cruisegjester ser vi ikkje som eigna. Tømmerkaia er for langt unna sentrum og gir ikkje ein god velkomstfølelse (industriområde). Skal ein få utnytta cruiseturismen for lokal lønsemd må det vere ein direkte tilgang (gåavstand) frå ilandstigningspunkt til handelstilbod.

Det er også viktig å understreke at ein i umiddelbar nærleik til Ørsta sentrum har gode mulegheiter for aktive naturopplevingar og aktivitetar/turar, som f.eks. områda mot Saudehornet, Brekkeheida, Hovdevatnet og Helgehornet.

Også "tradisjonelle" cruisegjester bør kunne få oppleve Ørsta-Egga (Sandhornet og Rambjøra), Hjørundfjorden og bygdene rundt, men desse gjestane må då fraktast dit med annan transport enn skip. Her vil det vere viktig å utvikle gode rundturar for cruisegjestene, f.eks. til Sæbø og Bondalseidet.

Vi anbefaler at det vert iverksett eit eige utgreiingsarbeid for å sjå på grunnlaget for Ørsta som tradisjonell cruisehamn; kva infrastruktur som må på plass og kva dette medfører av investeringar og kostnader, kva potensiale det kan ligge i ei cruisehamn i Ørsta og korleis nå dette potensialet.

7 Tiltak

Her viser vi ei oversikt over tiltak vi rår til at det blir prioritert å arbeide konkret vidare med. Vi har prioritert produkt og tiltak utifrå hovudinndelingane i dei berande produktkonsept, og vi har teke med nokre meir generelle tiltak som legg fundament for det berande. Som nemnd innleiingsvis har det kome svært mange gode og konstruktive innspel både på arbeidssamlingane og gjennom andre kanalar og ikkje alle desse er med i oversikta. Det betyr ikkje nødvendigvis at det er vurdert som dårlege idear eller forslag, men det vil vere viktig for utviklingsarbeidet at det er eit noko avgrensa tal tiltak slik at ein får kome effektivt i gang med prosessane vidare. Tiltaka på lista er i prioritert rekkefølge, men fleire av tiltaka kan og bør ein iverksetje parallelt.

Ein viktig føresetnad for ein god utviklingsprosess er at private/kommersielle aktørar raskt blir kopla på og tek ansvar for enkelttiltak. I all hovudsak skal tiltak bli kommersielle produkt som verken kommune, destinasjonsselskap eller næringsselskap skal, eller kan, drifte.

PRODUKTUTVIKLINGSTILTAK ØRSTA-REGIONEN

Nr	Tiltak	Ansvar	Aktivitet	Leveranse	Start	Muleg finansiering
1	Urkeegga	Koordinator. Initiativtakarar	"Folke-egga". Profilere og konseptualisere turen. Iverksetur og bygge pakkar rundt denne. Tilrettelegge med informasjon.	Oppstart og kartlegging av tiltak	Q1/18	Gjensidige-stiftinga. Sparebanken Møre
2	Urke som stad/kulturoppleving	Urke Utvikling	Følge opp prosjektet som vart iverksett i 2013 og vidarebygda og tilbodet både med tanke på gjestar som kjem landevegen, fotturgjesaer og explorerreise-gjestar.	Vidareutvikling av prosjekt	Q4/17	Møre og Romsdal fylkeskommune / Fylkesmannen
3	Toppturpakkar	Hotella	Nettverksprosjekt i samarbeid med "Ski the Fjords". Forutvikle og marknadsføre gode toppturpakkar sommar og vinter.			Innovasjon Norge
4	Pakketering av opplevingsprodukt	Reiselivslaget	Opplæringsløp i pakketering og samtidig utvikle gode produktpakkar innan aktivitetsopplevingar, kombinert med overnatting/mat.	Kurs og oppfølging		Innovasjon Norge
5	Hjørundfjorden som Explorer Cruise Destinasjon	Ørsta Næringskontor. Koordinator	Eige cruiseprosjekt for Hjørundfjorden. Korleis skjermesamtidig utvikle? Sikre langsiktighet i Hurtigrute-anløp Hjørundfjorden. Få HR med på produktutvikling. Eksklusiv.	Forprosjekt	Q1/18	Ørsta kommune/Møre og Romsdal Fylkeskommune / Innovasjon Norge
6	Cruisehamn Ørsta	Reiselivslaget. Ørsta kommune. Ørsta Næringskontor	Utgjeie mulegheitene og potensialet for cruisehamn i/ved Ørsta.	Mulegheitsstudie	Q1/18	Ørsta kommune/Møre og Romsdal Fylkeskommune / Innovasjon Norge. Lokalt næringsliv
7	Hjørundfjordegga - guida turar	Koordinator. Initiativtakarar	Utvikle guida turar på Hjørundfjordegga og konseptualisere som ein ekstremløp. Kun heilt nødvendig tilrettelegging vurderast.	Tilrettelegging og turutvikling	Q1/18	Gjensidige-stiftinga, Møre og Romsdal fylkeskommune
8	Fjordcruise	Koordinator	Definere behov og utgreie mulegheiter for kombinasjon Fjordcruise og rutebåt med faste tider. Spesielt i høgsesongen.	Analyse		Ørsta kommune/Møre og Romsdal Fylkeskommune
9	Seteropplevingar	Reiselivslaget	Beskrive, konseptualisere, skape produkt og pakkar baserte på setrane i regionen. Identifisere og opprette nettverksprodusentane av setrane, saman med lokalmatprodusentar og landbruk. Gjere setane tilgjengelege og opne.	Nettverksprosjekt	Q4/17	Fylkesmannen / Møre og Romsdal Fylkeskommune
10	Gardsmatnettverk	Koordinator	Iverkesette forprosjekt for koordinering av matopplevingar knytte til fylkeskommunen si matsatsing.	Forprosjekt		Fylkesmannen
11	Tilrettelegte vandreopplevingar	Reiselivslaget	Setje prosjektgrupper	Konkretisering og beskrivelser	Q4/17	Møre og Romsdal Fylkeskommune. Stiftinga
12	Hytte til hytteturar m/urter		Utarbeide rute- og produktbeskrivelse og plan for gjennomføring og distribusjon.	Konkretisering og beskrivelse	Q4/17	
13	Guida vandreturar		Utvikle fleire - og med faste avgangar - guida vandreturar ulike vanskegradar	Konkretisering og beskrivelse	Q4/17	
14	Hjørundfjorden rundt		Konseptualisere. Utbetre traseer, betre skilting, utbetre turparkering.	Konkretisering og beskrivelse	Q4/17	Gjensidige stiftinga
15	Vandrepakkar	Hotella	Samarbeidsprosjekt. Utarbeide pakkaer for vandrarar der overnatting er ordna på forhand.	Konkretisering og beskrivelse	Q4/17	Innovasjon Norge
16	Løypestreng - Leknesnakken	Hjørundfjord Mountainguide	Forprosjekt med sikte på å avklare mulegheiter for zip-linje aktivitet	Forprosjekt	Q3/17	Miljødirektoratet. Ørsta kommune
17	Molladalen	Koordinator	Fremme Molladalen som kompakt og eventyrlig klatreturterområde. Gjennom einskapleg marknadsføring og kommunikasjon og tilretteleggt informasjon (kart, førarar etc). Vurdere enkle toalett-/søppelanlegg	Forprosjekt		Møre og Romsdal fylkeskommune / Innovasjon Norge
18	Fjordfiske	Reiselivslaget	Samle og koordinere sjøfiskeprodukt, samt tilgjengeleg desse.	Pakketering og sal	Q1 2018	Fylkesmannen
19	Car-Walks	Koordinator	Tilrettelegge og lage kart for eit antall korte (max 1,5t) turer. Bil. Langs fv 655 (Ørsta - Hellesylt) og E39 (Festøy - Ørsta)	Konseptualisering	Q1 2018	Miljødirektoratet / Møre og Romsdal fylkeskommune
20	Sti-sykling	Koordinator	Nedsette prosjektgruppe for å utvikle 4-5 sykkelruter der beskrivelse, merking og marknadsføring er prioritert når det gjeld utvikling av guida produkt.	Definere prosjekt saman med Næringslivet / Tourism / Innovasjon Norge	Q3/17	Innovasjon Norge
21	Follestadråsa	Koordinator	Utarbeide mulegheitsstudie for sti fra Ørsta til Standal og Kolåsen.	Mulegheitsstudie	Q1 2018	Miljødirektoratet
22	Kulturvandring i Bjørke	Reiselivslaget	Konseptualisere vandreprodukt med kultur og historie som fokusområde. Inkludere matkonsept.	Pakketering og sal		Fylkesmannen
23	Laksedestinasjonen Ørsta	Koordinator	Gjennomføre studietur til dei beste stadane i Trøndelag og korleis Ørsta kan utviklast som laksedestinasjon	Studietur	Q2/2018	
24	Bondalseidet som aktivitetssenter	Koordinator	Utarbeide mulegheitsstudie for å sjå på aktivitets- og attraksjonsutvikling rundt Bondalseidet.	Mulegheitsstudie		Ørsta kommune. Lokalt næringsliv
25	Nasjonal Turistveg Hellesylt - Ørsta	Ørsta kommune. Koordinator/DAS	Jobbe for å få denne vegstrekninga inn som ny nasjonal turistvegstrekning (m.a. NTP)	Påverknadsarbeid styresmakter	Q3/17	Storting/regjering (statsbudsjettet)
26	Festivalar	Koordinator. Initiativtakarar	Etablere eige festivalprosjekt som bedriftsnettverk i regionen. Formålet er å knytte festivalane saen og utnytte evt. sesongvarierte synergier.	Forprosjekt	Q4/17	Møre og Romsdal fylkeskommune
27	"Fjodråsa" Leknes - Trandal	Koordinator	Vurdere mulegheita for å utbetre/tilrettelegge sti mellom Ørsta og Trandal. Farbarhet ift sikkerhet vil være avgjerande i omgang.	Mulegheitsstudie	Q3/17	
28	"Technical Visits"-opplevingar	Koordinator	Utvikle eit kontaktpunkt for industribedrifter i regionen som kunders på besøk på såkalte "Technical Visits". Sette arbeidsgruppe næringsliv/reiseliv.	Arbeidsgruppe	Q4/17	Næringslivet?
29	El-sykkeltur i Norangsdalen	Reiselivslaget	Utvikle guida sykkelturnar frå Øye til Fivelstad	Konseptualisering	Q1 2018	Miljødirektoratet / Innovasjon Norge

8 Føresetnader

8.1 GJENNOMFØRING

For å sikre ei effektiv gjennomføring av planen må tiltaka organiserast med deltaking fra næring og verkemiddelapparat.

Utvikling og sal av produkta som skal fylle dei berande produktkonseptane og bidra til auka verdiskaping i Ørsta-regionen, krev effektivisering av marknadsføring, distribusjon og sal.

8.2 HEILSKAPLEG UTVIKLING



Figur 4 Attraktivitetsmodell

Produktutviklingsprosessen for reiselivet i ein region må vere eit prioritert, systematisk arbeid for heilskapleg utvikling av eit destinasjonsområde. Den må vere basert på lokale føresetnader, gjestane sine ønske og behov, dei fastbuande sin vilje/ engasjement/ behov, berekraftige prinsipp, samt regionen sine føresetnader og mulegheiter. Samtidig vil Norges posisjon som reisemål, landsdelsselskapet (Fjord Norge) sine prioriteringar og strategiane til destinasjonsselskapet (Destinasjon Ålesund & Sunnmøre), gi viktige føringar for val av strategisk retning og for gjennomføring av tiltak.

Det å få på plass ein produktutviklingsplan og å ha evne til å gjennomføre den, er føresetnader for utvikling av attraktive, lønsame og berekraftige reisemål og for regionen sin suksess på lang sikt.

Ei vellykka utvikling føreset:

- Eigarskap til prosessane frå næringsaktørar og offentlege aktørar
- Vilje til å prioritere økonomiske- og personal-ressursar
- Eit tydeleg overordna ansvar hos ein drivande aktør gjennom heile planperioden
- Marknadorientert produktutvikling

Vidare er det avgjerande at utviklinga vert gjennomført som eit samarbeidsprosjekt der reiselivsbedrifter, kulturnæring, handel, grunneigarar, lokalbefolkning, transportnæring og - ikkje minst - kommunen er involvert.

Det er nokre kjenneteikn som går igjen for destinasjonar som har suksess med reiselivssatsingane sine og som vi meiner vil vere viktige føresetnader også for Ørsta-regionen:

- Langsiktig arbeid
- Spissing av produkt og budskap mot utvalde målgrupper
- Tyngde i marknadsføring
- Samarbeid privat – offentlig sektor
- I dei senere år har oppretting av direkte flyruter og charteroperasjonar bidrege til å skyte fart i utviklinga for enkelte reisemål
- Sterk grad av innovasjon og differensierte produkt

8.2.1 ONLINE BOOKING – OGSÅ AV PAKKAR

Reiselivsprodukta i regionen må i enda større grad bli online bookbare, både enkeltprodukta og pakkane. Det er viktig at kvar enkelt produsent har online tilrettelagde produkt, enkelte av produkta bør også finnast på felles plattformer.

Her må ein legge seg på dei løysingane som blir tilbydd av Fjord Norge og destinasjonsselskapet.

8.2.2 SEGMENTERING

Generell marknadsføring bør erstattast av presis og tydeleg kommunikasjon retta mot ulike segment for regionen. Dette er segment som eksempelvis vandrarar, skikøyrarar, cruisejestar, bilrundreisande og andre aktive naturinteresserte.

Ei rett segmentering vil også gi tydelegare informasjon om kva kanalar som er effektive og kva budskap som fungerer og utløyser sal. Ein god segmenteringsmodell vil dessuten også gjere det lettare for aktørane å spisse produkta mot dei ulike målgruppene/segmenta. Fleire leverandørar på dette området har brei erfaring med bruk av geodemografiske segmenteringsmodellar, og dei fleste har eit bra nettverk i Europa for å framskaffe nødvendige data og informasjon med tanke på eit segmenteringsprosjekt.

Vi anbefaler at dette arbeidet blir gjort i samarbeid med destinasjonsselskapet.

8.2.3 REISELIVSNÆRINGA SITT ANSVAR

Skal Ørsta-regionen få til eit godt og fruktbart reiselivsutviklingsarbeid er det heilt avgjerande at reiselivsnæringa sjølv tek ansvar for å iverksetje tiltak og at det er både vilje og initiativ til å "ta over" produkttiltak frå prosjektet. Utan ei næring som er villig til sjølv både å ta risiko og til ei viss grad kostnader for utvikling vil det vere vanskeleg å gjennomføre mange av tiltaka.

8.2.4 KOMMUNALT ANSVAR

Skal ein få effekt ut av "Masterplan for produktutvikling reiseliv" er det avgjerande at kommunen støtter opp om prosjekta i tiltaksfasen. Ein del av tiltaka i prosjektet er langsiktige og har behov for ressursar over tid, både prosjektr ressursar og kapital.

Arealplanarbeidet i Ørsta bør i framtida spegle ei satsing og tilrettelegging for reiselivsutvikling. Kommunen må klargjere kvar ein skal kunne legge til rette for reiselivsutvikling og friluftsliv, og sørge for at desse interessene ikkje kjem i konflikt med kvarandre. Kommunen må, administrativt og politisk, drøfte og legge klare

rammer for godt og fleksibelt samspel mellom reiselivsutvikling, arealplanlegging og anna næringsutvikling.

Oppfølgingsressurs

Erfaringsmessig er noko av det viktigaste for at masterplanen skal få effekt og tiltaka skal bli gjennomførte, er personalressursar med tid, kompetanse og mandat til å arbeide med planen etter at den er godkjend. Erfaringar frå andre prosessar er at det bør settast av midlar over ein periode på 3-4 år for å finansiere minimum ei 50 % stilling som produktutviklar. Denne skal ha ansvaret for at tiltak blir iverksett, kople aktørar og vere pådrivar for at næringsaktørar tek tak i eigne mulegheiter og vidareutviklar desse. Utan ein slik ressurs vil det vere vanskeleg å få til mange av tiltaka i masterplanen.

9 Finansieringsmulegheiter

Finansiering av tiltak i ein slik omfattande plan vil sjølvstundt måtte vere eit samspel mellom næringsaktørar, kommune og det offentlege verkemiddelapparat. Bruk av offentlege verkemidlar er viktig for å få til ei langsiktig og målretta satsing. Dei fleste verkemiddel set krav til eiga finansiering - såkalt matching - der søkjar sjølv må finansiere 50 % av tiltaket og verkemidlet det resterande. Eigenfinansieringa er som regel ein kombinasjon av eigenkapital og eigeninnsats.

Innovasjon Norge

Innovasjon Norge har distriktskontor både i Ålesund og Molde. Dei kjenner regionen og reiselivet her godt og har eigen reiselivsansvarleg. Innovasjon Norge vil kunne vere ein betydeleg ressurs for gjennomføringa av tiltak i masterplanen. Her nemner vi nokre av dei viktigaste ordningane:

Bedriftsnettverk

Bedriftsnettverk rettar seg mot etablerte små og mellomstore bedrifter i alle bransjar, sektorar og landsdelar. Det føreset at bedriftene har evne og vilje til vekst i nye marknader gjennom strategisk samarbeid med andre bedrifter.

Bedriftsnettverket utpeikar ei bedrift som tek rolla som søkarbedrift og administrator på vegne av alle bedriftene. Bedriftsnettverket kan bestå av tre eller fleire små- og mellomstore bedrifter, registrert i Foretaksregisteret i Norge. I tillegg kan store bedrifter og bedrifter i utlandet inngå i nettverket, viss det er strategisk viktig for dei små og mellomstore norske bedriftene. Ein kan søke om støtte til delfinansiering av felleskostnader knytt til fellesaktivitetar i bedriftsnettverket. Dette kan for eksempel vere;

1. Kostnader til prosjektleiing og administrasjon hjå søkarbedrift/administrator
2. Kjøp av konsulentbistand og andre eksterne tenester til
 - prosjekt- og prosessleiing
 - marknads- og strategiske analysar
 - forretningsutvikling og nye forretningsmodellar
 - utgifter til felles kompetansetiltak
 - utgifter til felles deltaking på messer
 - kjøp av teknisk bistand
 - kjøp av juridisk bistand til samarbeidsavtalar og forretningsmessige kontrakter

Støtteandel vil avhenge av støtteformål, bedriftsstorleik og type kostnader. Alle stønadsberettiga kostnader må vere bokført og framgå av søkarbedrifta sitt prosjektrekneskap.

Etablerartilskot

Innovasjon Norge kan gi tilskot til etablering av nye bedrifter. Tilskotet kan gjevast i to fasar; marknadsavklaring og kommersialisering.

I marknadsavklaringsfasen er det meininga at bedrifta skal få testa sin forretningsidé i marknaden før det blir sett igang kommersialisering. I denne fasen er maksimum tilskot kr 100 000 og 100 % av godkjende kostnader kan dekkast av tilskotet. Innovasjon Norge set i utgangspunktet strenge krav til at forretningsidéen representerer noko vesentleg nytt i marknaden og du evnar å beskrive det unike med forretningsidéen. Kun eksterne kostnader vert godkjend som grunnlag for støtte.

I kommersialiseringsfasen er det å få produktet/tenesta salbar i marknaden som er hovudformålet. Her skal forretningsmodellen testast og søkjar skal klargjere korleis produktet/tenesta skal introduserast i marknaden. I denne fasen kan både interne (rekneskapsført eige arbeid) og eksterne kostnader godkjennast. Maksimal støtteramme for denne fasen er kr 500 000.

Bedriftsutviklingstilskot

Tilskot kan brukast til fleire ulike føremål for å bidra til å gjennomføre gode prosjekt som elles ikkje ville vorte realisert. Offentleg støtte i form av tilskot til enkeltbedrifter kan innebere konkurransevriding, og ingen bedrifter har i utgangspunktet "krav" på tilskot. Ordinære bedriftsutviklingstilskot kan gjevast til små og mellomstore bedrifter og det kan gjevast tilskot til både investeringar, produkt/marknadsutvikling og kompetanseutvikling. Det er anbefalt å ta kontakt med Innovasjon Norge dersom ein har behov for støtte/hjelp og diskutere prosjektet før prosjektet vert starta, då igangsette prosjekt kan vere diskvalifisert frå støtte. Den maksimale stønadssatsen avheng av føremål, bedriftsstørrelse og lokalisering, men ligg i hovudsak i størrelsesorden 10 - 40 %.

Kompetansenester

Innovasjon Norge har ei rekke opplærings- og kompetansenester tilpassa både etablerarar og allereie etablerte reiselivsbedrifter. Her kan ein nemne:

- Lær å lage attraktive pakkar for cruisegjester
- Korleis selje på møte- og konferansemarknaden
- Bli ei berekraftig bedrift
- Fram for reiselivet
- Bli god på nett
- Skap ei lønsam oppleving
- Paking, sal og distribusjon
- Godt vertskap

Det vert anbefalt at det saman med destinasjonsselskapet blir lagt opp til eit kompetanseløp i regionen basert på dei behov som ligg i næringa.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Støtte til reiselivsutvikling

Fylkeskommunen kan støtte tilretteleggande tiltak (ikkje driftsstøtte). Fylkeskommunen sitt handlingsprogram kompetanse og verdiskaping er førande for bruken av desse midlane.

Formålet til Møre og Romsdal fylkeskommune er å gi støtte til gode prosjekt/utviklingstiltak som byggjer opp under posisjonen «Møre og Romsdal som aktivitets- og opplevingsfylke nr 1» i landet. Midlane skal gå til tilretteleggande tiltak for reiselivsnæringa. Prosjekt som skal få støtte må bygge opp under posisjonen «Møre og Romsdal som aktivitets- og opplevingsfylke». Alle aktørar i reiselivet kan søke og normalt kan det gjevast støtte til 50 % av dei samla kostnadane i prosjektet/tiltaket. Det er anbefalt å ta kontakt med Regional- og næringsavdelinga i forkant av oppstart av evt. søknadsarbeid for å få tilbakemeldingar på prosjektet.

Fylkesmannen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei rekkje tilskotsordningar i skjeringspunktet lokalmat/landbruk/bygdemobilisering som alle er viktige ingrediensar i eit reiseliv basert på levande bygder og mat- og kulturhistorie. Dei ordningane som er mest aktuelle for reiselivssatsinga i Ørsta-regionen er:

Bygdemobilisering

Bygdemobilisering er støtte til lag og organisasjonar som vil jobbe med bygdemobilisering. Bygdemobilisering er eit samarbeid mellom fylkesmannen og hoppid.no. Entreprenørskap og næringsutvikling, basert på ressursar i bygda, skal ha høg fokus i bygdemobiliseringsprosjekta. Å jobbe for utvikling av lokalt næringsliv og bidra til at folk startar eigne bedrifter, er eit sentralt mål.

Matsatsing

Fylkesmannen har fleire tilskotsmulegheiter for aktørar som produserer - eller ønsker å produsere - lokalmat basert på lokale tradisjonar. Det er anbefalt å ta kontakt med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for aktørar som enten ønsker å starte eller videreutvikle lokalmatproduksjon. Den tidlegare nemnde mat- og reiselivssatsinga i Møre og Romsdal er det fylkesmannen saman med fylkeskommunen og Innovasjon Norge som står bak. Det finst også støtteordningar for vedlikehald av kulturlandskap som Ørsta bør ha ein aktiv dialog rundt.

Ørsta Næringskontor

Ørsta Næringskontor driv hoppid.no-kontoret for Ørsta kommune. Hoppid.no er ei førstlinjeteneste for personar som ønsker å starte eiga bedrift. På hoppid.no-kontora får gründeren gratis råd og rettleiing, tilbod om kurs og opplæring, råd om tilskot og finansiering og hjelp i søkeprosessar og til nettverksbygging. Gründarar kan søke om inntil 30.000 kr (avklaringsmidlar) i støtte for å finne ut om forretningsideen er berekraftig.

Hoppid.no tilbyr også gründerkurs som fokuserer på det å starte bedrift, vidareutvikle gründerbedrifta og andre tidlig-fase kurs.

Gjensidige-stiftinga

Gjensidigestiftinga saman med Den Norste Turistforening og fylkeskommunane gitt store tilskot til lokale prosjekt i form av skilting av turstiar. Formålet er å senke terskelen for bruken av turområde gjennom god skilting.

Dei som kan søkje om støtte til Gjensidigestiftinga er:

- Lag, foreiningar og organisasjonar som er registrert i frivilligregisteret
- Frivilligsentralar
- Interkommunale friluftsråd
- Offentlege verksemdar kan søke om midlar dersom dei inngår i eit spleiselag med frivillige organisasjonar, og dersom den sistnemnde står som mottakar av støtta

For Ørsta-regionen vil utvikling av stiar og skilting/merking av desse og informasjon rundt turmulegheiter vere viktige tiltak i reiselivsutviklinga, derfor vil Gjensidige-stiftinga kunne vere viktig for prosjektet framover.

Sparebanken Møre

Sparebanken Møre har fond for lokale næringstiltak som er presentert for prosjektet. Dette er fond som er søkbare for bedrifter og organisasjonar lokalt som ønsker å bidra til bulyst og attraktivitet.

Riksantikvaren

Riksantikvaren har sidan 2006 gitt støtte til tiltak som har kulturminne som utgangspunkt for verdiskaping. Dette er tiltak som i stor grad dreier seg om utviklinga av opplevingar og formidlingskonsept i tilknytning til kulturminne. Disse midlane bør vere svært aktuelle og søkbare for eit kultur- og historiebasert reiseliv som Ørsta-regionen har mykje av.

Ørsta kommune

Ørsta kommune er viktig både som ein kompetanseleverandør og myndigheit inn i ei rekkje av reiselivstiltaka som denne planen omfattar. Kommunen har også eit nyoppretta næringsfond som er særleg retta mot små bedrifter og gründerverksemd, og såleis vil desse kunne femne mange av reiselivsbedriftene i kommunen. Retningslinjer for fondet er planlagt vedtekne i august 2017, slik at søknader til første tildeling (2017) kan bli avgjort hausten 2017.

Miljødirektoratet

Gjennom ordninga "Verdiskaping i verneområder" er det muleg å søke om midlar til utvikling av berekraftig reiselivsnæring i og i tilknytning til Nasjonalparker og verneområde. Ørsta-regionen har fleire naturreservat og eit landskapsvernområde innan kommunegrensene. Det er derfor muleg å få støtte frå Miljødirektoratet til prosjekt som grensar opp til desse områda. Det krevst likevel ein heilskapleg plan som viser tiltak og effekt av eventuelle verneområde-prosjekt.

10 Avslutning

"Masterplan for produktutvikling reiseliv" skal til ei viss grad vere eit levande dokument der tiltak og prioriteringar vil kunne endrast noko ut frå evt. endring i rammevilkår og vesentlege marknadsendringar. Likevel skal planen vere eit verktøy for ei tydeleg retning og prioriteringar i utviklinga av reiselivsnæringa i Ørsta-regionen.

Ein plan vil alltid vere ein plan inntil ein faktisk tek tak og iverkset tiltaka som er omtalt. Arbeidet startar opp så snart som muleg for å ivareta det momentet som prosessen forhåpentlegvis har skapt. Det må også raskt bli avklart og definert ressursar til å arbeide vidare med planen.

Framdrift på dei ulike tiltaka vil vere forskjellig ift type tiltak, kor langt planen er komen og kor omfattande tiltaket er. Likevel har vi prøvd å vise ein tentativ framdriftsplan for å vise at produktutvikling for reiseliv i ein heil region er eit langsiktig arbeid, men der det også er muleg å få gjennomført tiltak raskt.

Fram til i dag har ikkje Ørsta kommune framstått som ein særleg aktiv reiselivskommune der reiseliv som næring har vore satsingsområde. Derfor er det sakna eit godt støtteapparat rundt dei som ønsker å etablere, vidareutvikle og satse på reiseliv som vekstnæring. For å nå måla i masterplanen er reiselivsaktørane avhengig av eit godt støtteapparat, ikkje minst frå kommunen, der dei som ønsker å etablere eller utvikle kan få hjelp og støtte. Dette krev også ei strategisk tenking rundt kombinasjonen reiseliv og andre næringar, som f.eks. landbruk. Reiselivssatsing må inn i kommunen sitt øvrige plan- og strategiarbeid, slik at dette heng saman.

For at prosessen vidare skal bli vellykka ser vi tre hovudområde som avgjerande:

1. Koordinator

Som tidlegare nemnd må det tilførast ein ressurs som kan ta ansvar for prosjekta vidare. Denne ressursen må gjerne kome på plass i samarbeid mellom f.eks. kommunen og destinasjonsselskapet, men vi ser det som avgjerande at prosjektkoordinatoren har sin hovudarbeidsstad lokalt (Ørsta), då det er ein føresetnad å vere tett på aktørane. Vi meiner det vil vere taktisk klokt å signalisere tydeleg til omgjevnadene at denne ressursen skal på plass så snart det let seg praktisk løyse - det er viktig å forplikte seg for det vidare løp.

2. Iverksetje tiltak umiddelbart

Nokre av tiltaka er relativt enkle å iverksetje, og desse bør ein kome i gang med så snart som praktisk muleg. Det å vise framdrift og bygge på den entusiasmen som er skapt gjennom arbeidet med masterplanen er utruleg viktig for å få aktørane med vidare. Eksempel på tiltak som kan bli starta opp umiddelbart er f.eks. Car Walks, pakketeringsprosjekt og Cruisehamn Ørsta. For Cruisehamn Ørsta er det allereie i gang eit arealplanarbeid, så her bør det gjerast ein analyse snarleg som innspel til planarbeidet.

3. Posisjonering av Hjørundfjorden

Som det går fram av planen anbefaler vi at Ørsta tek ein tydeleg posisjon for Hjørundfjorden som *Norges mest unike og berekraftige fjordområde*. Dette er ei posisjonering som verkeleg kan gjere Hjørundfjorden unik og skilje seg tydeleg ut frå alle andre norske fjordregionar. Dette er eit arbeid som gjerne kan gjerast i samarbeid med destinasjonsselskapet, men som det er viktig at Ørsta-regionen sjølv har styringa på. Geirangerfjorden gjer mykje for å "ta fjorden tilbake" og dempe inntrykket av people pollution og ein overfylt destinasjon. Hjørundfjorden er i så måte framleis relativt urørt og ein kan lokalt styre utviklinga sjølv - men det krevst medvitne val og vilje.

Framdriftsplan

Tentativ framdriftsplan

Nr	Tiltak	2017		2018				2019				2020			
		Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
1	Urkeegga														
2	Urke som stad/kulturoppleving														
3	Toppturpakkar														
4	Pakketering av oppleving-produkt														
5	Hjørundfjorden for Explorer Cruise														
6	Cruisehamn Ørsta														
7	Hjørundfjordegga - guida turar														
8	Fjordcruise														
9	Seteropplevingar														
10	Gardsmatnettverk														
11	Tilrettelegte vandreopplevingar														
12	Hytte til hytteturar m/ruiter														
13	Guida vandreturar														
14	Hjørundfjorden rundt														
15	Vandrepakkar														
16	Løypestreng - Leknesnakken														
17	Molladalen														
18	Fjordfiske														
19	Car-Walks														
20	Sti-sykling														
21	Follestråsa														
22	Kulturvandring i Bjerke														
23	Bondalseidet som aktivitetssenter														
24	Nasjonal Turistveg Hellesyt - Ørsta														
25	Festivalar														
26	"Fjorðrása" Leknes - Trandal														
27	El-sykkeltur i Norangsdalen														

Basert på dei aktørane som alt driv innan reiseliv i området og ein kommune som har vist vilje og evne til å satse på reiselivsutvikling gjennom dette planarbeidet, har vi stor tru på denne regionen sine mulegheiter som ein unik og betydningsfull reiselivsdestinasjon.

Ny næring på gamle tufter

Forprosjektrapport



Smia utvikling

BERTEL O. STEEN ALESUND

Metafor

INNHALD

FORORD	3
0 SAMANDRAG, FØRESLÅTT VIDAREFØRING OG NOKRE GRUNNGJEVINGAR	4
0.1 BAKGRUNN	4
0.2 MÅLSETTINGAR I FORPROSJEKTET	4
0.3 GJENNOMFØRING AV FORPROSJEKTET	4
0.4 FØRESLÅTT VIDAREFØRING	5
0.4.1 Innhald	5
0.4.2 Namn	6
0.4.3 Organisering, lokalisering og arbeidsmåtar	6
0.4.4 Tidsperspektiv	6
0.4.5 Økonomi	7
0.4.6 Kvifor ei «førstelineteneste» med spesiell vekt på naturbaserte bedrifter?	8
0.4.7 Kvifor ei eining med nedslagsfelt i fleire kommunar?	8
0.4.8 Kvifor organisert som ei avdeling av Sunnmøre kulturnæringshage?	8
0.4.9 Kvifor på Grodås?	8
0.4.10 Kvifor bruke pengar til ein profilert bil?	8
0.4.11 Kvifor ei avdeling og ikkje eit prosjekt?	9
0.4.12 Kvifor er det foreslått å legge Smia innunder Sunnmøre Kulturnæringshage og ikkje i kommuneorganisasjonen?	9
1 INNLEIING	10
1.1 BAKGRUNN	10
1.1.1 Supplerande statistikk	11
1.2 MÅL FOR FORPROSJEKTET	12
1.3 RAMMA FOR FORPROSJEKTET	12
2 GJENNOMFØRING AV OG RESULTAT FRÅ PROSJEKTET	12
2.1 KARTLEGGING AV AKTØRAR	12
2.1.1 Næringsdrivande og organisasjonar	12
2.1.2 Relevante verkemiddelaktørar	13
2.1.3 Gode eksempel og førebilete	14
2.2 RESULTAT FRÅ INTERVJU	15
2.2.1 Utfordringar	15
2.2.2 Moglegheiter og idear	16
2.3 IDÉSAMLING PÅ SMIA	16
2.4 OM FORANKRING	17
3 OPPSUMMERING OG NOKRE REFLEKSJONAR	18
3.1 MANGESYSLERIET OG SMÅ BEDRIFTER ER VIKTIGE FOR REGIONEN	19
3.2 NOKRE FØRESETNADER I DET VIDARE ARBEIDET	19
3.3 STOR SEMJE	20
4 VEDLEGG 1: STIKKORDOVERSIKT INTERVJU	21
5 VEDLEGG 2: RAPPORT FRÅ IDÉMØTE PÅ SMIA 9. JANUAR, 2018	24

FORORD

Dette forprosjektet er eit bi-resultat av kommunereformprosessane. Volda og Hornindal skal slå seg saman og korta vert lagt på nytt i det som vert Nye Volda kommune. I tillegg har kommunereformprosessen ført til at kommunar har hatt samtalar med grannane om «eitt og hitt», sams moglegheiter og utfordringar.

Ei slik moglegheit er utvikling av naturbaserte næringar i breitt. Det vil seie næringsverksemd i skjeringsfeltet mellom landbruk, natur, kultur og turisme - eit felt regionen har gode føresetnader for å utvikle. Det er nettopp desse næringane, næringar som ofte faller mellom fleire stolar, dette forprosjektet handlar om.

Vi vil takke Sunnmøre Kulturnæringshage for oppdraget. Martin Foldal har alltid vore på pletten når det har vore behov.

Vi vil takke kommunane Volda, Ørsta, Hornindal og Stranda for samarbeidet.

Vi vil takke DEG som på andre måtar har bidrege inn i prosjektet med informasjon, møte, intervju og anna.

Vi vil også ønske lykke til med det vidare arbeidet med ei spennande næring!

Norddal 9.mars, 2018.

Else Ragni Yttredal

Prosjektleder

Kirsti Pernille Indreeide

Prosjektmedarbeidar

Metafor

www.metaforen.no

0 SAMANDRAG, FØRESLÅTT VIDAREFØRING OG NOKRE GRUNNGJEVINGAR

0.1 BAKGRUNN

Kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda, Ørsta, og Stranda har sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. Innanfor landbruket er talet gardsbruk på veg nedover og attgroing og avfolking truar. I området er samstundes kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen og Hjørundfjord.

Erfaringar har vist at det er store moglegheiter knytt til næringsutvikling i skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur og reiseliv og mange nye bedrifter er i ferd med å etablere seg. Det eksisterande verkemiddelapparatet er ikkje innretta mot desse bedriftene som treng kompetanse frå fleire ulike felt. Naturbaserte næringar faller også ofte mellom dei sektororganiserte tilskotsordningane, eller faller gjennom fordi dei vert vurderte til å ha for lite vekstpotensial. På mange måtar vert desse bedriftene liggande i eit «ingenmannsland» med lite støtte frå omverda samstundes som dei utgjer viktig næring og tilleggsnæring for å oppretthalde busetting i bygdene. Det er naudsynt å få «noko til å skje» på dette feltet. Eit felt som er viktig for framtidig vekst og busetnad i regionen.

0.2 MÅLSETTINGAR I FORPROSJEKTET

Sentrale mål for forprosjektet har vore:

1. «I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.» (Sitat frå forprosjektskisse.)


Forprosjektet har dekt kommunane Volda, Stranda, Ørsta og Hornindal.

0.3 GJENNOMFØRING AV FORPROSJEKTET

Forprosjektet kan seiast å ha hatt fem hovudbestanddelar:

- Kartlegging av aktørar
- Intervju
- Idèsamling
- Diskusjonar og forankring
- Oppsummeringar og anbefalingar for vidareføring

Med brei pensel er det mogleg å summere styrkene til området innafor feltet naturbasert næring som i figuren under.



Figur 1 viser, grovt sett, styrkjer i regionen innafor naturbaserte næringar i breitt.

Det er elles verdt å merke seg:

- Mangesysleriet og små bedrifter er viktige for regionen både innafor naturbasert næring og elles.
- Allereie tidleg i prosjektet utkrystalliserte det seg eit behov for ein type «førstelineteneste» som skulle arbeide direkte ut mot bedriftene «bottom-up».
- Det ser elles ut til å vere stor semje om at ei slik eining skal prioritere: 1. Kompetanseheving, nettverk og motivasjon og 2. Støttefunksjonar

Utfyllande informasjon knytt til alt over å finne i hovuddelen av rapporten og i vedlegg.

0.4 FORESLÅTT VIDAREFØRING

Forprosjektet foreslår ei vidareføring av arbeidet for å fremje naturbaserte næringar gjennom å etablere ei utviklingseining med fokus på «naturbaserte næringar» i breitt. **Omfatta av omgrepet «naturbaserte næringar» er bedrifter innafor landbruk, natur, kultur og reiseliv og bedrifter i skjeringsfeltet mellom desse.**

Utviklingseininga skal fungere som ei «førstelineteneste» ut mot næringsdrivande.

0.4.1 Innhald

- Målsetting: Sikre eksisterande og utvikle nye arbeidsplassar innafor naturbaserte næringar i breitt i kommunane Stranda, Ørsta, Volda, Stryn og Hornindal.
- Fokus både på «næringshagefunksjonar» som innovasjon og gründerverksemd og på mangesysleriet som ein viktig byggestein for busetting i regionen.
- Satsingsområde for utviklingseininga:
 - a. Nettverk, kompetanse og motivasjon
 - b. Støttefunksjonar for næringsdrivande til dømes innafor sal, økonomi, administrasjon, strategiutvikling, søknadar og fagkompetanse
- I startfasen fokus på: 1. Å få (systematisert) oversikt og kontakt med bedrifter og enkeltpersonar i næringa, men også verkemiddelapparatet. 2. «Å få noko til å skje.»


- Vi foreslår å starte med ei samling på Grodås der næringsdrivande innafor dette feltet vert inviterte til å presentere seg og det dei held på med og konkret starte utviklinga av nettverk, kunnskapsutveksling, produkt eller produktpakkar alt etter kva som er aktuelt.

0.4.2 Namn

- Smia utvikling. Namnet vert nytta som ein arbeidstittel i denne rapporten.

0.4.3 Organisering, lokalisering og arbeidsmåtar

- Ei utviklingseining, med «næringshagefunksjonar» på kommunehuset «Smia» i Hornindal. Det vil seie tilbod om kontorplass og samlokalisering av bedrifter der dette er aktuelt.
- Utviklingseininga skal vere ei underavdeling av Sunnmøre kulturnæringshage, med eige budsjett, økonomiansvar og lokalisering.



Figur 2: Organisering av Smia utvikling som ei underavdeling av Sunnmøre kulturnæringshage.

- Eininga skal vere ei «førstelineteneste» og nytte ei «nedanfrå-og-opp» tilnærming med vekt på oppsøkkande arbeid og mobilitet. Derfor legg vi også opp til at «Smia» har eigen bil.
- I oppstartfasen ein tilsett som frå 2020 vert utvida til to tilsette
- I tillegg tilsette på prosjekt finansiert ved søknadar om prosjektmidlar
- For å sikre god samordning og utveksling av kompetanse vert det lagt opp til:
 - a. Ein kontordag i veka for Sunnmøre Kulturnæringshage avdeling Volda i Hornindal
 - b. Ein kontordag i veka for Sunnmøre Kulturnæringshage avdeling Hornindal i Volda
 - c. Ein kontordag i veka for landbrukskontoret i Ørsta ved avdelinga i Hornindal
 - d. HopplID funksjon knytt til eininga
- Utviklingseininga skal dekkje kommunane Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda.

0.4.4 Tidsperspektiv

- Oppstartfase: 1. august, 2018 til 31. desember 2019
- Driftsfase: 1. januar 2020 –

0.4.5 Økonomi

For å illustrere kostnader og finansiering har vi under laga eit røft budsjett. Dersom satsinga vert organisert innunder Sunnmøre kulturnæringshage vert det berre totalsummen kommunane må halde seg til i ein langsiktig samarbeidsavtale.

Vi vil streke under at langsiktig finansiering for minimum ei stilling er avgjerande for å få dette til. Ein får ikkje ønskt effekt dersom tilsette på Smia må bruke mykje av si tid på å skaffe prosjektmidlar for å finansiere si eiga stilling. Går alle kommunane saman om finansiering bør det også vere mogleg å finansiere to faste stillingar.

Vi legg til grunn:

- Ei fast stilling frå 1. august, 2018 – 31. desember 2019
- 2 faste stillingar frå 1. januar 2020 ut 2022 føresett at kommunane Stryn, Stranda og Ørsta vert med i eit spleiselag og at ein får gjennomslag også for anna finansiering frå 2020.
- Kostnad per tilsett noko i overkant av 800.000 kroner
- Leasing av profilert bil for å sikre mobilitet og profilering om lag 3.000 kroner per måned
- Husleige dekt av kommunen
- Det skulle vere mogleg etter kvart å få finansiering av satsingar i form av prosjektmidlar og prosjekttilsette. Desse er ikkje lagt inn i budsjett og finansieringsplan.

Tabell 1: Eit overslag over utgifter, Smia Utvikling oppstart- og driftsfase.

Budsjett					
	Oppstartfase		Driftsfase		
Kostnader	2018	2019	2020	2021	2022
Faste tilsettingar	338 333	812 000	1 656 480	1 689 610	1 723 402
Profilert bil (leasing)	100 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Utstyr og drift	50 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Husleige	0	0	0	0	0
Totalt kostnader	488 333	932 000	1 776 480	1 809 610	1 843 402

Tabell 2: Forslag til finansiering av Smia Utvikling oppstart- og driftsfase.

Finansiering					
	Oppstartfase		Driftsfase		
	2018	2019	2020	2021	2022
Samanslåingsmidlar					
Nye Volda	488 333	932 000	926 480	859 610	893 402
Stranda, Ørsta, Stryn	0	0	450 000	500 000	500 000
Anna finansiering	0	0	400 000	450 000	450 000
Totalt finansiering	488 333	932 000	1 776 480	1 809 610	1 843 402

Under er nokre av grunnane til valet av ei løysing som skissert over.

0.4.6 Kvifor ei «førstelineteneste» med spesiell vekt på naturbaserte bedrifter?

Fordi:

- Naturbaserte næringar er viktige for sysselsetting og busetjing i kommunane i regionen både no og på sikt
- Naturbaserte bedrifter i breitt er, samanlikna med andre område, sterke i regionen, ein styrkje det er mogleg å utvikle vidare dersom ein tek desse bedriftene og deira behov på alvor
- Forprosjektet har avdekka at behovet er størst for ei utviklingseining som arbeider direkte mot og saman med bedriftene
- Naturbaserte næringar i skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur, natur og reiseliv treng bidrag frå verkemiddelapparatet for å løfte seg vidare
- Forprosjektet har avdekka at naturbaserte næringar treng kompetanse og nettverk for å utvikle seg
- Kommunane og næringa i kommunane kan gjennom ei slik satsing ta ein posisjon i nasjonal samanheng

0.4.7 Kvifor ei eining med nedslagsfelt i fleire kommunar?

Fordi:

- Bedriftene, næringane og kundane ser ikkje kommunegrenser
- Kommunane har utfyllande kompetansar og miljø som kan bidra i arbeidet for å utvikle naturbaserte næringar
- Saman kan kommunane byggje opp ei meir slagkraftig eining

0.4.8 Kvifor organisert som ei avdeling av Sunnmøre kulturnæringshage?

Fordi:

- Sunnmøre Kulturnæringshage har eit miljø for næringsutvikling. Ved å kople «Smia utvikling» til SKNH får ein også tilgang til eit etablert nettverk både av næringar og verkemiddelapparat og tilgang til HoppID – systemet
- Tilgang til eit bedriftsnettverk innafor media, ikt og design. Nye koplingar mellom naturbaserte næringar i breitt og media-, ikt- og designmiljøet i Sunnmøre Kulturnæringshage kan bidra til nye gode forretningsidear og vidareutvikling.
- Samanlikna med å vere ei heilt sjølvstendig eining sparar ein startkostnader, driftsmidlar og administrasjon ved å vere del av ei allereie etablert eining.

0.4.9 Kvifor på Grodås?.

Fordi:

- Det ligg geografisk nært eit svært levande miljø innafor nettopp naturbasert næring i breitt lokalisert til dømes i Hornindal, Bjørke, Hellesylt og Austefjorden. Alle kjende både for tradisjonelt landbruk og naturbaserte bedrifter.
- Det er og vil kome til å vere ledig kontorkapasitet på kommunehuset Smia i Hornindal som kan nyttast til å tilby kontorplass og eit fagmiljø for bedrifter innafor næringa.
- I etablering av Nye Volda kommune vert kommunesenteret i Volda. I avtalen mellom Hornindal og Volda låg det likevel inne ein intensjon om å leggje funksjonar til Grodås. Dette har skapt ei moglegheit for etablering av noko nytt.
- Miljø og nettverk er av dei elementa dei næringsdrivande ser på som aller viktigast.

0.4.10 Kvifor bruke pengar til ein profilert bil?

Fordi:

- Smia utvikling skal vere mobil. Den skal kunne sørve alle delar av alle kommunane. Ei mobil eining er viktig for å nå ut til alle og for å synest i terrenget og løfter profilen både for Smia og for næringa

0.4.11 Kvifor ei avdeling og ikkje eit prosjekt?

Fordi:

- For å få resultat er det viktig å tenkje langsiktig. Det tenkjer vi blir best markert ved oppretting av ei avdeling med separat lokalisering. Eit prosjekt med kort tidshorisont vil vere lett å leggje ned.
- For å tilsette gode folk er det viktig at ein kan tilby permanente stillingar og ikkje prosjektstillingar.
- For å «fronte» arbeidet og næringa er det viktig med ei eiga eining med integritet. Vert utviklingseininga berre eit prosjekt i Sunnmøre Kulturnæringshage er faren større for at denne satsinga vil kunne «drukne» i alt det andre

0.4.12 Kvifor er det foreslått å legge Smia innunder Sunnmøre Kulturnæringshage og ikkje i kommuneorganisasjonen?

Fordi:

- Sunnmøre Kulturnæringshage har som føremål å drive med bedriftsutvikling.
- Innunder Nye Volda kommune vert utviklingseininga del av ein organisasjon som hovudsakleg er rigga for å utvikle og drive kommunal tenesteyting. Det er lett i ein kommuneorganisasjon å bli fanga av driftsoppgåver i staden for utviklingsoppgåver.
- Ulempene med ei organisering i Sunnmøre Kulturnæringshage er at det er enklare å kutte i budsjettet til einingar som ligg utanfor kommuneorganisasjonen etter kvart som tida går. Det er derfor avgjerande i størst mogleg grad å sikre langsiktig finansiering.

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda, Ørsta og Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. I området er kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen og Hjørundfjord. Kvivsvegen og Eiksundsambandet har opna området på ein ny måte med moglegheiter, men og utfordringar. Framtidig utbygging av E69 og FV-60 vil auke sentraliteten til området.

Innanfor landbruket er talet gardsbruk på veg nedover, men mange unge gardbrukarar i området har investert stort i nye driftsbygningar for storfekald. Dei attståande bruka er til dels organiserte med lange transportveggar for gras og spreiding av gjødsel og drifta blir konsentrert til dei mest lett drivne areala og med gjengroing av meir marginale. Effektivisering av drifta reduserer også talet arbeidsplassar.

Samstundes har området lange og gode tradisjonar for saue- og geitehald som i dei store både innmarks- og spesielt utmarksareala kan supplere storfekald og spesielt fremme kulturvern og hindre attgroing. Det er mange småbruk i området med brukbare driftsbygningar som berre blir brukt som buplassar eller ferieplassar.

Området har også rike tradisjonar for foredling av landbruksprodukt som øl, spekemat, anna gardsmat, selskapsverksemd, overnatting på utleigehytter m.m. Handverksprega produksjon har sterke røter knytt til båtbygging, møbel og næringsmiddel og det er god tilgang til kompetansemiljø mellom anna ved Høgskulen i Volda.

Erfaringar har vist at det er store moglegheiter knytt til næringsutvikling i dette skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur og reiseliv og mange nye bedrifter er i ferd med å etablere seg. Desse bedriftene er ofte små, men utgjør viktig næring og tilleggsnæring for å oppretthalde busetting i bygdene. Det eksisterande verkemiddelapparatet er ikkje innretta mot desse bedriftene som treng kompetanse frå fleire ulike felt og som ofte faller mellom dei sektororganiserte tilskotsordningane. På mange måtar vert desse bedriftene liggande i eit «ingenmannsland» med lite støtte frå omverda. Det er naudsynt å få «noko til å skje» på dette feltet som er viktig for framtidig vekst og busetnad i området.

1.1.1 Supplerande statistikk

Det er ikkje vanskeleg å finne statistikk som gir tal til endringane vi ser. Tabell 1 viser at tal husdyr i prosjektkommunane Stranda, Ørsta, Volda og Hornindal har gått ned med mellom 25 og 30 prosent innafor alle dei største husdyrslaga frå 2000 til 2016.

Tabell 3: Endring av tal husdyr på gardsbruk i prosjektkommunane i perioden 2000 – 2016. Kjelde SSB.¹

Totalt Stranda, Ørsta, Volda, Hornindal			Endring 2000 - 2016	
	2000	2016	Tal endring	Prosent endring
Storfe i alt	12403	8941	-3462	-28 %
Kyr i alt	4377	3300	-1077	-25 %
Mjølkekyr	4285	3193	-1092	-25 %
Ammekyr	92	107	15	16 %
Andre storfe	8026	5641	-2385	-30 %
Sauer over 1 år	11112	7925	-3187	-29 %
Mjølkegeiter	4618	3003	-1615	-35 %

Vi ser også at medan tal verksemdar i prosjektkommunane totalt har gått opp har tal jordbruksverksemdar og verksemdar innafor fiske, fangst og akvakultur gått ned i perioden 2009 – 2018 (Tabell 2). Tal bedrifter innafor reiseliv har på den andre sida gått opp.

Tabell 4: Endring av tal verksemdar totalt i prosjektkommunane Hornindal, Ørsta, Stranda og Volda og tal verksemdar innafor landbruk og servering/overnatting frå 2009 til 2018. Kjelde SSB.²

	Totalt 2009	Totalt 2018	Endring 2009-2018	Endring 2009-2018 Prosent
Totalt alle kategoriar	2474	2841	367	15 %
Jordbruk	595	521	-74	-12 %
Skogbruk	12	23	11	92 %
Fiske, fangst akvakultur	31	25	-6	-19 %
Overnatting	43	51	8	19 %
Servering	35	39	4	11 %

¹ <https://www.ssb.no/statbank/table/05984?rxid=abc502ce-9b8a-4fab-9529-6b0fe7a264e5>

² Kjelde SSB: <https://www.ssb.no/statbank/table/11583/tableViewLayout1?rxid=f708f060-1101-43ce-8d5f-f7febcafdae3>

1.2 MÅL FOR FORPROSJEKTET

Tanken bak forprosjektet er at det ligg potensial i å kombinere ulike typar kompetanse, å kople kunnskap om skog- og landbruksaktivitetar og tradisjonelt handverk med reiseliv og kunnskap innan til dømes ny teknologi, marknadsføring og finansiering.

Sentrale mål for forprosjektet har dermed vore:

1. «I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.» (Sitat frå forprosjektskisse.)

1.3 RAMMA FOR FORPROSJEKTET

Prosjektet er finansiert av kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda i fellesskap. Volda kommune er største bidragsytar. Stryn var også invitert til å vere med, men valde å vente med å involvere seg til andre nærliggande spørsmål var avklart. Det er førebels ikkje avklart om Stryn er aktuell for å involvere seg i eit hovudprosjekt. Budsjett for forprosjektet har vore 200.000 kroner eks. mva.

Sunnmøre kulturnæringshage har vore engasjert av Volda kommune til prosjektet. Selskapet Metafor har stått for prosjektleiing og praktisk gjennomføring. Ordførarane i dei respektive kommunane har fungert som styringsgruppe.

Forprosjektet er gjennomført i perioden april 2017 til mars 2018.

2 GJENNOMFØRING AV OG RESULTAT FRÅ PROSJEKTET

Forprosjektet har hatt fem hovudbestanddelar

- Kartlegging av aktørar
- Intervju
- Idésamling
- Diskusjonar og forankring
- Oppsummeringar og anbefalingar for vidareføring

I det følgjande vil vi presentere kva som er gjennomført og nokre av resultata frå arbeidet.


2.1 KARTLEGGING AV AKTØRAR

2.1.1 Næringsdrivande og organisasjonar

Det er gjort ein forholdsvis grov kartlegging av dei næringsdrivande, organisasjonar, bygdelag og kontaktpersonar til desse i dei ulike kommunane og bygdene. Oversikta er ikkje fullstendig. Oversikta har vore nytta til å ta direkte kontakt, få informasjon og invitasjon til idésamling. Oversikta er systematisert og lagra og vil gi eit utgangspunkt for ein meir fullstendig oversikt i det vidare arbeidet.

2.1.2 Relevante verkemiddelaktørar

I kommunane kan ein seie at det er få og små ressursar som direkte arbeider inn mot naturbaserte bedrifter i breitt. Det eksisterande verkemiddelapparatet i kommunane er lista opp i figuren under.



Figur 3 viser relevante verkemiddelaktørar for naturbaserte næringer i kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda.

I tillegg finst det i kommunane og bygdene næringslag, grendelag, bondelag, bonde- og småbrukarlag, bygdekvinnelag, skogeigarlag og husflidslag som er aktuelle samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Regionale verkemiddelaktørar kan heller ikkje seiast å arbeide spesifikt inn mot dette feltet, men det er mange ressursar å byggje på og knyte seg til også for næringsdrivande innafor naturbaserte næringer. Figuren under viser nokre av dei.

Tabell 5 viser aktuelle hjelparar for naturbaserte næringar i eller knytt til ein noko breitt definert region utanfor prosjektkommunane. Lista er ikkje uttømmende.

Hjelparar for naturbaserte næringar i eller knytt til regionen	
FoU og undervisning	• Vestlandsforskning • Møreforskning • Høgskulane i Volda og Molde • NTNU, Ålesund • Norsøk, Tingvoll • Ruralis, Trondheim • Sogn og Fjordane Hagebrukskule • Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, Bryne
Organisasjonar	• Hanen Vestlandet og M&R • Bondens Marked Sunnmøre • Matnavet Midt-Norge • Kompetansenavet Vest • Oikos - Økologisk Norge S&F og M&R
Fylka og fylkesmannen	• M&R fylke, Regional- og næringsavdelinga • Hoppid.no • S&F fylkeskommune, nærings- og kulturavdelinga • Fylkesmannen i M&R og S&F, landbruk og mat • Inn på tunet/Grøn omsorg M&R og S&F (Fylkesmannen)
Kulturinstitusjonar	• Sunnmøre Museum • Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Reiseliv	• Fjord-Norge/NCE Tourism • Destinasjon Ålesund og Sunnmøre
Virkemiddelapparatet	• Innovasjon Norge M&R og S&F • Kompetansenavet Vest • Matnavet Midt-Norge • Forskingsrådet • Ålesund Kunnskapspark
Anna	• Distriktssenteret

I tillegg er det fleire meir marknadsorienterte tiltak og etableringar som kan fungere som marknadskanalar eller hjelp for naturbaserte næringar. Nokre er veletablerte, til dømes Tine si støtte inn mot gardsbruk og mjølkeproduksjon. Nokre nyare døme har kome fram gjennom prosjektet:

- **Bazeat** er ein digital plattform for lokalmatprodusentar som vert pilotert i mars med 12 leverandørar på søre Sunnmøre. Plattformen inviterer også inn fleire (bazeat.no).
- **Coop Vest** planlegg no «butikk i butikk» for lokalmat (smaksglede.no). Coop er også behjelpelig med papirarbeid for etablering av lokalmatproduksjon.
- **Destinate AS** har etablert ein felles digital plattform som er klar til bruk for aktørar som tilbyr kvalitetssikra tenester innan naturbasert reiseliv (sjå destinatenorway.no).
- **Designvegen** (designvegen.no) forsøker å knyte saman opplevingar i regionen for designinteresserte besøkande.

Det er heilt sikkert fleire døme.

2.1.3 Gode eksempel og førebilete

Det har også gjennom prosjektet kome fram nokre prosjekt og etableringar som kan fungere som førebilete i det vidare arbeidet med å utvikle naturbaserte næringar. **Rørosmat** og **Den Gylde omvei** er to døme som ofte har vore nemnt.

Røros er slik ein stad det bør vere mogleg å hente både inspirasjon, kompetanse og konkrete verktøy. Henta frå nettsida til Rørosmat:

«....Rørosmat SA er et andelslag med mange aktive matprodusenter som andelseiere. Selskapet Rørosmat SA og merket «Røros – mat fra Røros-traktene» skal være Norges tydeligste merkevare innen lokalmat, og bidra til verdiskaping for våre medlemmer. Med et kontaktpunkt, en ordre og en levering betjener vi det norske dagligvare- og storhusholdningsmarkedet og formidler det mangfoldet av varer som våre medlemmer produserer....Rørosmat SA eier varemerket «RØROS mat fra Røros-traktene». All aktivitet i selskapet skjer under dette merket. Rørosmat SA ønsker å bidra til at matvarene, -tradisjonene og -produsentene fra Røros-traktene blir enda mer kjent og verdsatt. Rørosmat SA skal være råvareprodusentenes og videreforedlingsbedriftenes redskap for salg, distribusjon og markedsutvikling av regional mat og andre tilhørende tjenester

....I Røros-traktene har vi skapt et moderne mateventyr. Det har vi fått til fordi vi er mange som står sammen. Fordi vi brenner for å skape verdier ut av de ressursene vi har. Fordi vi blir inspirert av hverandre. Og fordi vi kan by på god mat med smak av fjell, vidde, skog og sjø.

Vi som jobber i Rørosmat SA er produsentenes forlengede arm, og er stolte over og glade for å kunne samarbeide med så mange dyktige produsenter som brenner for det de gjør. Vi jobber på produsentenes vegne med markedsføring, salg og distribusjon av varene deres. Dette er vårt bidrag til at produsentene skal kunne lykkes, slik at Røros-traktene står fram som en kulinarisk region hvor man er stolte av at unike råvarer produseres, videreføres, omsettes og nytes.» (<https://rorosmat.no/om-oss/>)

Den Gyldne Omvei er ein annan type organisering som har klart å skape ei eining som gir meirverdi for området. Frå nettsida til Den Gyldne Omvei:

«Vegstrekningen Den Gyldne Omvei går gjennom vakkert kulturlandskap i Inderøy kommune i Nord-Trøndelag, med mat, kunst- og kulturopplevelser underveis.

Langs Den Gyldne Omveien kan du besøke kunsthåndverkere i sine verksted, produsenter av gårdsmat, historiske minnesmerker, galleri og kunstmuseum, skulpturpark, – og du kan spise og sove godt i fredelige omgivelser. Hvilepulsen er gjerne litt lavere på Inderøy enn andre steder, og det vil også du oppdage når du kommer hit som på besøk.

Flere steder finner du spennende gårdsbutikker som selger både lokal mat og flotte gaveartikler. Nærheten til sjøen gir muligheter til bading, fiske, båt- og friluftsliv. Uansett hvor du drar og hvem du besøker vil du møte et gjestfritt og dyktig vertskap, som hjelper deg med å få det aller beste ut av oppholdet på Inderøy.

Det tar 12 minutter å kjøre E6 mellom Røra og Vist. Den Gyldne Omvei tar 8 minutter mer.... eller en dag, ei uke, en hel sommer, et helt liv....» (Ref. <https://dgo.no/den-gyldne-omvei>)

2.2 RESULTAT FRÅ INTERVJU

Intervjua hadde ei forholdsvis brei innretning og vart gjennomført først og fremst med tanke på å **identifisere moglegheiter og utfordringar knytt til utvikling av naturbaserte næringar**. Det vart gjennomført delvis strukturerte intervju med 12 personar. Informasjonen i intervjua vart deretter systematiserte og analysert.

2.2.1 Utfordringar

Kva utfordringar meiner då «folk» at naturbaserte næringar i breitt står overfor i regionen? Vi har delt informasjonen inn i kategoriar.

Dei **strukturelle utfordringane i landbruket** er velkjende. Mange gardsbruk legg ned eller dei som arbeider på gardane har heil- eller deltidsarbeid utanfor bruket. Det er i det heile få familiar som lever av landbruk. Eksempel på radikal nedbygging av landbruket kan ein sjå til dømes i Austefjorden. Av utfordringar nemnt i denne samanheng i kartlegginga var mange og ulike: Mangesysleriet, vanskar med samdrift, ungdom som ikkje vil ta over, for dårleg lønsemd og lite fritid, grøfting og grøftesystem, bygningar som ikkje vert vedlikehaldne, silotenking i forvaltning og verkemiddelapparat – eit kunstig skilje mellom landbruk og dei andre næringane, ein må kjøre store

avstandar for å hauste gras og ikkje minst attgroing. Det siste er eit gjennomgangstema for mange. Andre peikar på at **bygdene er under nedbygging**, fortel om skular som er truga, få personar og låge marginar i næringane.

På **bedriftsnivå innafor turisme, landbruks- og bygdenæring** vert det nemnt mellom anna at det er manglande hjelp og støtte frå offentlege aktørar, at folk vert trøytte, det er mangel på miljø og kapital. Eit anna tema som mange tek opp er **utfordringar knytt til kompetanse og nettverk**. Mange typar kompetanse og nettverk vert nemnde: kompetanse på leiing, læring på tvers av bedrifter, produksjonskompetanse, kunnskap om offentlege lovar og reglar, kunnskap om kulturminnevern, utviklingskompetanse og mangel på kompetanse om korleis ein skal skape vekst – for å nemne nokre.

Innafor reiseliv vert det nemnt at ein ikkje får noko ut av gjennomgangstrafikken frå cruise til dømes i Hellesylt og Hornindal og at ein i området er gode på naturopplevingar, men ikkje gode på å setje ting i system. Attgroing, rydding av stiar og kulturlandskap vert også nemnt i denne samanheng.

2.2.2 Moglegheiter og idear

Samstundes peiker informantane på mange moglegheiter knytt til naturbaserte næringar. **Stadar og bygder** som Urke og Bjørke vert nemnt. Hornindal er store på landbruk og har mange yngre som satsar. Dei har tradisjonar innan trearbeid, musikk og smedarbeid. Fleire tusen menneske vitjar Saksa kvart år. På Ljøen forsøker dei å skape noko.

Dei mange arrangementa i området vert nemnt som ein ressurs: Grodåscup, Hornindal rundt, Porter og Stout festival på Stranda, Naturfestivalen – Saudehornet rett opp, Strandadagane for å nemne nokre.

Mange har **idear om ulike støttefunksjonar** som hjelp til tilrettelegging og økonomi, ressurscenter for kultur, hjelp til fysisk tilrettelegging, kunnskap om regelverk. Meir **konkret dukka det også opp idear** som lokalmatbutikk, kjøkjøt, næring ut frå naturguidestudiet og anna.

For meir om utfordringar og moglegheiter nemnt i intervjuet **sjå vedlegg 1**.

2.3 IDÉSAMLING PÅ SMIA

Ei idésamling vart gjennomført i Hornindal 9. januar 2018. Målsetjinga var å samle ulike aktørar både frå næring og virkemiddelapparat for å diskutere nærare kva ei utviklingseining på Smia på Grodås skulle innehalde. Tankane om organisering, moglegheiter og utfordringar som kom fram frå kartlegginga vart kort lagt fram, medan mesteparten av tida vart brukt til å diskutere tre tema:

1. Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskiltpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?
2. Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?
3. Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Alle innspel er tekne med vidare i arbeidet i ein eigen rapport (**sjå vedlegg 2**) og i ei oversikt (stikkord) som vil følgje prosjektet vidare. Oppsummert kan ein seie at dei som deltok på møtet i Hornindal var forbausande einige om at avdelinga i Hornindal skal jobbe spesielt med:

- Kompetanseheving, nettverk og motivasjon.
- Støttefunksjonar for næringsdrivande innafor naturbaserte næringar

Vi ser føre oss at innspela knytt til kompetanseheving, nettverk og motivasjon lett lar seg kombinere, til dømes gjennom kurs som fungerer både kompetansehevande og som ein treffstad for næringa.

I tillegg var det i forsamlinga stor semje om at ei vidareføring må bidra til:

- Å skaffe oversikt over feltet «naturbaserte næringar», bedrifter i området, idear og så vidare (dette kan byggje vidare på det kartleggingsarbeidet som allereie er gjennomført i forprosjektet)
- Å avklare vidare om og på kva måte eventuelt ei eining i Hornindal skal bidra til å byggje ein felles merkevare

2.4 OM FORANKRING

I forprosjektet er det forsøkt å få til ei forankring hos sentrale aktørar i fleire rundar. Det er gjennomført:

- Intervju og samtalar med interessentar
- Informasjon til og diskusjonar med politisk leiing i kommunane i fleire omgangar
- Informasjon til og diskusjonar med fellesnemnd og formannskap
- Idésamling der virkemiddelaktørar, politikarar, næringsdrivande og andre frå dei ulike kommunane var representerte.

Eit prosjekt vert likevel prega av sitt utgangspunkt. «Ny næring på gamle tufter» er initiert av ordførarane i Volda og Hornindal som igjen har fått med seg ordførarane i Ørsta og Stranda. Det har utspring både i behovet for å bidra til utvikling av naturbaserte næringar i breitt og behovet for at det skal «skje noko» i Hornindal etter ei samanslåing av dei to kommunane.

Dette utgangspunktet har prega arbeidet med forprosjektet og vil også prege arbeidet i ei vidareføring på fleire måtar. For det første; forprosjektet femner over fire kommunar med ulik motivasjon, kvar sine innfallsvinklar, prioriteringar, styrker og svakheiter på dette området. Kommunane har også mange bygder med sine særpreg. Det er dermed slik at forankringa i kvar enkelt kommune og bygd ikkje har nådd så langt som vi kunne ønskje. Samstundes kan denne breidda vere noko av styrken i det vidare arbeidet. Vi oppfattar det slik at spesielt bedriftene innafor naturbaserte næringar gjerne vil tenkje regionalt og endå større og dermed støttar oppunder tanken om eit samarbeid mellom dei fire – fem kommunane.


For det andre, i forprosjektet har vi ikkje klart å nå ut til dei næringsdrivande så godt som vi skulle ønskje. Samstundes opplever vi støtta som sterk frå dei som har vore involverte. Vi oppfattar det slik at næringa har eit ønskje om at dette skal verte til noko. Idésamlinga på Smia viste dette svært godt, med livlige diskusjonar og stort engasjement i ei breitt samansett forsamling. Vi oppfattar det også som ei styrkje i det vidare arbeidet at det var stor semje i forsamlinga på smia om kva ei slik eining bør arbeide med. Noko vi har teke med oss vidare i arbeidet.

For det tredje, initiativet «frå toppen» og med sterkast engasjement frå to kommunar gjer også at forankringa i kommuneorganisasjonen kunne vore betre. Administrasjonen er «tekne på senga» av eit initiativ som er initiert frå øvste politiske leiing delvis utanfor eigen kommune. På den andre sida gjer prosjektet sitt utgangspunkt i samanslåinga mellom Hornindal og Volda at arbeidet er gjort idet kort vert lagt på nytt. Nettopp det gir moglegheiter for arbeidet med å få til noko nytt også innafor dette feltet. «Noko» som kan bidra til å gjere vidareutvikling lettare for naturbaserte næringar, for bedrifter som arbeider i motvind på mange måtar.

3 OPPSUMMERING OG NOKRE REFLEKSJONAR

Med brei pensel er det mogleg å summere styrkene til området innafor feltet naturbasert næring som i figuren under.

- Heile området er, sett i forhold til mange andre område, sterke på landbruk, både «storproduksjon» og produksjon av lokalmat.
- Det er nokre svært sterke reiselivsdestinasjonar i området. Geiranger er ein av dei viktigaste ikona Norge har knytt til internasjonal turisme. Hjørundfjordområdet og då spesielt Sæbø og Urke er i ferd med å løfte seg både nasjonalt og internasjonalt.
- I Ørsta har ein eit sterkt landbruksfagleg miljø til dømes gjennom interkommunalt landbrukskontor, Norsk Landbruksrådgjeving Vest og Tine.
- Volda er sterke på Media, IKT og design både gjennom Kulturnæringshagen og studium på høgskulen. Naturguidestudiet på høgskulen er også aktuelt og det er fleire andre studieemne som vil kunne koplast inn mot naturbasert næring i breitt.
- Hornindal er sentralt både fordi dei er sterke på landbruk og har tradisjonar innafor natur- og kulturbaserte næringar og fordi dei ligg geografisk sentralt i forhold til kommunane – også dersom Stryn etter kvart blir del av samarbeidet.
- Og i sør ligg Stryn som ved deltaking vidare vil kunne supplere dette biletet.



Figur 4 viser, grovt sett, styrkjer i regionen innafor naturbaserte næringar i breitt.

3.1 MANGESYSLERIET OG SMÅ BEDRIFTER ER VIKTIGE FOR REGIONEN

Norske gardar har gjennom historia vore små og det har vore naudsynt å kombinere jordbruk med anna verksemd for å overleve. Det kunne vere drift av skog, fiske, handverk eller anna. Denne praksisen vert kalla «mangesysleriet» og har lange tradisjonar i Norge generelt og i vårt område spesielt.³

Mangesysleriet er framleis ein viktig byggjestein for bygdene i vårt område noko også statistikk viser. Tabellen under viser at over 80 prosent av bedriftene i prosjektkommunane har 0-4 tilsette. Dette er likevel ikkje unikt for området. Tala tilsvaer landsgjennomsnittet.⁴ Innafor jordbruk og skogbruk er talet småbedrifter høgare. Kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda har heile 569 landbruksverksemdar registrert. Berre 11 av desse har meir enn fire tilsette.

Overnattings- og serveringsbedrifter har fleire tilsette. Mange av desse er truleg deltidstilsette - utan at vi har tal på dette.

Tabell 6 viser tal og storleik på verksemdar i prosjektkommunane Stranda, Hornindal, Ørsta og Volda innafor alle næringskategoriar, innafor jordbruk og skogbruk og innafor overnatting og servering, 2018. Dei tilsette kan også vere deltidstilsette. Kjelde SSB.⁵

	Tal verksemdar i prosjektkommunane, alle næringskategoriar		Tal Verksemdar innafor jordbruk skogbruk		Tal verksemdar innafor overnatting og servering	
	Totalt	Prosent	Totalt	Prosent	Totalt	Prosent
Alle størrelsar	2841		569		90	
Ingen tilsette	1837	65 %	505	89 %	43	48 %
1-4 tilsette	479	17 %	53	9 %	21	23 %
5-9 tilsette	227	8 %	7	1 %	11	12 %
10-19 tilsette	140	5 %	2	0 %	9	10 %
20-49 tilsette	108	4 %	2	0 %	5	6 %
50-99 tilsette	35	1 %	0	0 %	1	1 %
100 - 249 tilsette	14	0 %	0	0 %	0	0 %
250 tilsette og over	1	0 %	0	0 %	0	0 %

Å byggje oppunder og hjelpe fram mangesysleriet og dei små bedriftene vert dermed viktig for den nye eininga.

3.2 NOKRE FØRESETNADER I DET VIDARE ARBEIDET

Første fase av prosjektet avdekkar det som såg ut til å vere nokre føresetnader for det vidare arbeidet. Desse sprang ut av den aktuelle situasjonen. Til dømes hadde kommunane fleire andre tilgrensande satsingar som det var og vil vere naudsynt å ta omsyn til. Eitt viktig døme er den nyleg vedtekne masterplanen for reiseliv i Ørsta, eit omfattande planarbeid. I Geiranger vert det også arbeidd med ein masterplan i regi av Geiranger Utvikling (tidlegare destinasjonsselskapet). Det er ikkje vanskeleg å finne fleire døme.

³ Kjelde: Norgeshistorie.no <https://www.norgeshistorie.no/grunnlov-og-ny-union/artikler/1320-hva-levde-folk-av-fiskerbonden-og-andre-neringskombinasjoner.html>

⁴ Kjelde SSB: <https://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/statistikker/bedrifter/aar>

⁵ Kjelde SSB: <https://www.ssb.no/statbank/table/07091/?rxid=df7c52bc-cdab-432a-a512-1ccbca3c6abe>

Eit anna døme på korleis konteksten har lagt føringar er at prosjektet har utspring i kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal og eit ønskje i desse kommunane om at samanslåinga skal bidra til utvikling i heile «Nye Volda» kommune. Dette gjer at Hornindal tidleg peika seg ut som eit senter for satsinga. Ved samanslåinga vert også kommunehuset i Hornindal, «Smia», delvis ledig og vil utgjere ein ressurs i det vidare arbeidet.

Intervju og kartlegging har vidare avdekka at nokre av hovudutfordringane for området er utviklinga i landbruket, busetjing i bygdene og attgroing. Ei liste over føresetnader for det vidare arbeidet vart dermed utarbeidd:

- Utviklingseininga skal bidra til å **oppretthalde og vidareutvikle**
 - Landbruk
 - Bygdene
 - Kulturlandskap
- Den skal bidra til **arbeidsplassar og busetjing**
- Den skal **supplere eksisterande strukturar** ikkje erstatte dei.
- Den skal bidra til aktivitet i Nye Volda kommune med **utgangspunkt i Hornindal**
- **Rådhuset i Hornindal** er ein ressurs som kan nyttast
- Arbeidet må samordnast med arbeidet i **Nye Volda**
- Utviklingsarbeidet må **byggje vidare på eksisterande arbeid** – til dømes masterplanen for reiseliv i Ørsta.

Lista kan truleg også vere nyttig i det vidare arbeidet med å etablere «Smia utvikling».

3.3 STOR SEMJE

Allereie tidleg utkrystalliserte det seg eit behov for ein type «førstelineteneste» som skulle arbeide direkte ut mot bedriftene «bottom-up». Felles arbeid under idésamlinga styrka dette inntrykket. Der vart det også klart at det var stor semje mellom dei frammøtte om kva ei slik eining skulle prioritere, nemleg:

- Kompetanseheving, nettverk og motivasjon.
- Støttefunksjonar for næringsdrivande innafor naturbaserte næringar

Dermed vart også dette eit viktig premiss for vidare arbeid og planar. Notatar frå møtet utdjupar noko kva desse behova består i, men det vert naudsynt å prioritere mellom mange gode idear, planar og behov.

4 VEDLEGG 1: STIKKORDOVERSIKT INTERVJU

Oppsummering intervju/samtalar

25. september, 2017

Utfordringar/truslar

Strukturelle utfordringar i landbruket

- Mangesysleriet i landbruket
- Vanskar med samdrift
- Ungdom vil ikkje ta over bruk
- For dårleg lønsemd i landbruket
- Lite fritid i landbruket
- Eldre som driv mjølkeproduksjon, nokre prøver sau, okser, ungdyr
- Få familiar der heile familien lever av landbruk
- 1992 var det 44 stopp-punkt for mjølkebilen i Austefjorden, no 4-6 stopp – punkt
- Grøfting, grøftesystem
- Bygningar vert ikkje vedlikehaldne
- Eigarskap
- Silo – skilje mellom landbruk og dei andre næringane
- Må kjøre store avstandar for å hauste (til dømes gras)
- Attgroing

Kompetanse og nettverk

- Manglar kapasitet på leiing
- Kurs og opplæring, nettverksamlingar
- Læring på tvers av bedriftene
- Produksjonskompetanse, lean
- Kompetanse på fagarbeidarnivå
- Offentlege regelverk. Myndighetene set ein stoppar for mykje.
- Kunnskap om lovar og reglar.
- Treng meir kunnskap om kulturminnevern
- Kompetanse hos dei tilsette
- Manglar utviklingskompetanse
- Manglar kompetanse på korleis skape vekst

Bygdene

- Skular er truga

- Miljø der vi kan utvikle oss
- Er få personar
- Ikkje så høge marginar i næringane
- Tør ikkje å tenkje stort nok
- Finst idear: Ølbrygging, produksjon av vatn, men andre har tatt posisjonane
- Mykje er dugnadsbasert i staden for å skape næring – må kunne vere ærleg på at ein vil tene pengar

Bedriftsnivå landbruks- og bygdenæring og turisme

- Manglande hjelp og støtte frå offentlege aktørar
- Folk vert trøytte
- Manglar miljø å støtte seg til
- Manglar kunnskap om finansiering
- Manglar risikokapital – innovasjonslån
- Offentlege hindringar for å få til noko nytt
- Søknadsskriving
- Nettverksbygging
- Vanskeleg med økonomi i kulturnæring
- Arbeider mykje åleine

Reiseliv

- Hornindal – berre gjennomgangstrafikk cruise
- Hellesylt – berre gjennomgangstrafikk cruise
- Volda har ikkje nokon plan for reiselivet
- Rydding av stiar
- Rydding av kulturlandskap
- Gode på naturopplevingar, men ikkje gode på å setje ting i system
- Attgroing

Støttefunksjonar

- Treng fungerande næringsorganisasjonar
- Hjelp til nye fysiske investeringar
- Landbrukskontoret fungerer ikkje
- Volda kommune er ein bremsekloss ikkje ein pådrivar
- Mangel på informasjon om støtteordningar
- Får ikkje hjelp på landbrukskontoret til desse næringane

- Har ikkje kapasitet på landbrukskontoret til utviklingsoppgåver. Driv med forvaltning, drift.
- Næringslivet ser ikkje kommunegrenser

Anna/diverse

- Utanlandske aktørar går inn i guideverksemd i området

Moglegheiter/idear

Næring/produkt

- Handverkstradisjonar
- Opplevingar
- Eigne produkt med basis i råstoff
- Overnatting
- Guiding i naturen
- Behandling av hjort og slakt
- Ost, spekemat, sider, øl
- Utleige av hus og rom
- Kombinasjonen turisme/landbruk
- Fellesbeite – felles seterdrift
- Trearbeidstradisjon
- Moglegheiter i gamle bygningar
- Stor interesse for småbruk
- Kan nytte kultur som element i ein heilskap
- Er ein levande fjord – må sjå verdien av dette
- Kjekjøt
- Naturguide-linja
- Auke produksjonen i tradisjonelt landbruk
- Hornindal har Europas djupaste innsjø
- Utnytte 117 cruiseskip til Hellesylt (Hornindal)
- Mangesysleriet
- Digitalisering av turistinformasjon
- Lokalmatbutikk
- Utvikling av merkevare
- Pokemon – teknologi i reiselivet?
- Rydding av kulturlandskap – ryddegjengar?
- Guiding – kopling til Naturguidestudiet
- Informasjon om turar

Marknad/marknadsføring

- Verdsarvstempelet i heile verdikjeda

- Marknadsføring – kopling til Volda

Støttefunksjonar

- Hjelp til fysisk tilrettelegging, økonomi
- Kunnskap om lokalmat på Stranda
- Slakteri på Hellesylt som er fleksible
- Meir pengar til tiltak
- Ressurssenter – kultur – rådgjeving på kulturområdet
- Bidra med koplingar – bonde, slakteri forbrukar
- Hjelp til fysisk tilrettelegging
- Hjelp til økonomi
- Entreprenørskap i Naturguide-studiet – nytte dette i andre samanhengar
- Huke tak i ungdomar og hjelpe dei å etablere seg – strategiske grupper, kurs i innovasjon og etablering i avgangsklasser
- Hjelp til dei som buset seg/ønskjer å busetje seg
- Bidra med kunnskap om regelverk
- Treng ein person som kan vere bindeledd – som kan koordinere
- Må ha god kontakt med dei som held på – kvar enkelt
- Viktig å ha med heile regionen
- Entreprenørskap innafor landbruk, same som i andre næringar – marknadsmoglegheiter, likviditet, investering.
- Dersom nokon har ein god ide – treng eit apparat rundt for å lykkast
- Nettverk
- Kopling av næringar. T.d. kulturnæringsshagen landbruk/reiseliv

Miljø

- Fellesskap har ein verdi
- Masterplanarbeidet har utvikla kjennskap til kvarandre og miljø
- Skape møteplassar

Struktur/organisering

- Nettverk av kommunale HopplD – kontor – 30.000 kroner utan byråkrati
- Kan tenke felles innenfor reiseliv og nyskaping, uaktuelt på næring
- Kulturnæringshage

- Eksempel Røros, Rørosmat. Kombinasjon stadeigenheit og design
- Innerøya – den gylne omveg
- Jobbe på tvers
- Ålesund Kunnskapspark (ÅKP)
- NTNU – Entrepreneurship
- Koplingar mot Naturguide studiet – Volda
- Entreprenørskap som del av kulturutdanning
- Interkommunalt samarbeid
- Næringshage?
- Må tenkje større, men fare i store konstellasjonar at vert lilleputt
- Kople til masterplan for reiseliv – Ørsta
- Landbrukskontoret – kontordager i Hornindal
- Fordel å ha nokon som er lausrive frå forvaltningsoppgåver

Stadar

- Ljøen forsøker
- Urke - reiseliv
- Bjørke – kombinasjon landbruk, reiseliv mange nyskapingar mykje skjer
- Hjørundfjordområdet - reiseliv
- Hornindal – eit trafikk-knytepunkt

- Hornindal store på landbruk, yngre som satsar
- Hornindal trearbeidstradisjon
- Hornindal tradisjonsmusikk
- Hornindal smedarbeid
- Saksa – 8000 personar besøkte i 2016
- Stryn gode på automasjon, marknadsføring og design – Moods of Norway, Farmhouse, Frieslied - dressar

Arrangement/aktivitetar

- Grodåscup
- Hornindal rundt
- Porter and Stout festival Stranda
- Naturfestivalen – Saudehornet rett opp
- Strandadagane

Diverse

- Søkjartal på matfag på Stranda har gått opp
- Det er fleire som går på tur i fjella
- Nærleik til fjord og fjell
- Informasjon frå kommunen
- Informasjon om støtteordningar
- Arena for erfaringsutveksling og kompetansedeling
- Nydyrkingstilskot

Rapport

frå Idémøte på Smia 9. jan 2018

Samandrag og oppsummering av gruppearbeid og individuelle svar på spørsmål om ei regional utviklingseining lokalisert på Smia i Hornindal.



«Ny næring på gamle tufter»

Ei smie for
nye næringar
på gamle tufter?

Deltakarar på møtet

Etternamn	Fornamn	Organisasjon/bedrift	Kommune
Sortehaug	Fride	Volda Kommune	Volda
Moltudal	Asbjørn	Volda kommune	Volda
Foldal	Martin	Sunnmøre Kulturnæringshage	Volda
Krumsvik	Erlend	Sunnmøre Kulturnæringshage	Volda
Nesdal	Jan Endre	Hornindal Kommune	Hornindal
Viddal	Liv Bente	Ørsta Kommune	Ørsta
Skåra	Børild	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Volda-Ørsta
Björdal	Inge	Stranda kommune	Stranda
Falck	Stefan N.	Volda Næringsforum	Volda
Lødemel	Bjørn	Hornindal Næringslag	Hornindal
Lindvik	Marita	Visit Nordfjord AS	Stryn
Sundal	Odd Harald	Fellesnemnda Nye Volda	Volda
Hjellbakk	Anders	Hornindal Bondelag	Hornindal
Viddal	Nina	Vingard Bjørke. Fjordbobler.	Ørsta
Rørstad	Maria N.	Hoel & Rørstad AS	Ørsta
Saure Hoel	Torbjørn	Hoel & Rørstad AS	Ørsta
Viddal	Espen-Hodne	Gardsbruk	Ørsta
Bonsaksen	Bente	Fjellgarden Øvre Ljøen, Hellesylt	Stranda
Ljøen	Elsa	Ljøen Camping	Stranda
Ljøen	Erling	Ljøen Camping	Stranda
Lødemel Stokkeland	Torunn	Kultur	Hornindal
Behrentz	Johan	Sunnmøringen	Stranda
Myklebust	Roy Aron	Fjordingen	Stryn
Yttredal	Eise Ragni	Metafor	Arrangør
Indreeide	Kirsti Pernille	Metafor	Arrangør

Det vert også laga ei liste med e-post og telefon på alle deltakarane og andre som vil vere med på arbeidet med prosjektet vidare. Denne lista vert sendt som eige vedlegg.

«Ny næring på gamle tufter»

Programmet for dagen

Velkomen til SMIA!

v/Fride Sortehaug, Varaordfører i Volda

Info om prosjektet «Ny næring på gamle tufter»

v/ Prosjektleder Else Ragni Yttredal (ligg ved)

Kva meiner du?

Individuelle svar på desse spørsmåla:

- 1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?
- 2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?
- 3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Gruppediskusjonar ut i frå dei sama spørsmåla og presentasjon i plenum.

Innspela frå dette møtet vil legge grunnlaget for det til det vidare arbeidet med «Ny næring på gamle tufter».

«Ny næring på gamle tufter»

Kva meiner du? Idésamling

Oversikt over svar på spørsmål 1 og 2

Stikkord. Sortert. Både individuelle svar og gruppearbeid er inkludert.

1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

Same tema gjekk igjen både i individuelle svar og i gruppearbeid. Det var også slåande at svara på dei to første spørsmåla var omtrent dei same og kan grupperast om lag slik:

1, Skaffe oversikt over

- Bedrifter – heimebesøk
- Personar
- Kompetanse
- Ressursar – kvar kan vi få svar?
- Idear
- Marknad
- Feltet «naturbasert næring»

2, Kompetanseheving for næringsdrivande:

- Studieturar
- Kurs. T.d. om økonomi/rekneskap, prosjekt, digital kompetanse, marknad, korleis drifte eit selskap, skogbruk, næring/reiseliv, småkraft, natur, historia vår, lokal mat
- Mentorordning
- Gode døme
- Samarbeidsgrupper – sparring

«Ny næring på gamle tufter»

3, Støttefunksjon for næringsdrivande

- Strategiutvikling
- Søknadar. Til dømes byggesøknadar
- Arbeid opp mot offentlege verksemdar
- Kunnskap om støtteordningar, bedrift, beiteordningar, kulturlandskapspleie
- Kunnskap om marknad/ marknadsføring
marknadsundersøking
- Papirarbeid
- Fagpersonar (sjå også under kompetansebehov over)
 - Geologi – omregulering
 - Idéavklaring
 - Kompetanse på prosess
 - Digital kompetanse
 - Hopp-ID
 - Forretningsutvikling

4, Motivere og inspirere

5, Nettverk og samordning

- Virke som katalysator mellom bedrifter
- Vere lim mellom naturbaserte næringar og reiselivet
- Kurs – nettverk

«Ny næring på gamle tufter»

Noko meir vekt vart lagt på to ting når det er snakk om fellestiltak:

6, Merkevarerbygging

7, Felles strategiar og planar

I tillegg kom innspel på konkrete prosjekttema:

8, Hjortelakteri – gjere noko i forhold til hjort som ressurs

9, Den Trondhjemske Postveg som ei vandre-/sykle-/kajakk-rute inn i prosjektet «Nasjonale turstiar»

Samandrag av svar på spørsmål 3

3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Dei organisasjonar og nettverk som i størst grad var lista opp i svara var: Bondelag, Hoppid.no, Hanen, Bonde- og småbrukarlag, Innovasjon Norge, destinasjonsselskap, reiselivslag, næringslag og næringskontor.

Dette syner at mange av dei som var med på møtet ser på dei tradisjonelle næringsorganisasjonane knytt til landbruk, reiseliv, lokal mat og anna lokalt næringsliv som viktige nettverk i utviklingsarbeidet.

«Ný næring på gamle tufter»

Oppsummering

Det ut til at dei som var på møtet i Hornindal var svært samde om at ei framtidig utviklingsavdeling i Hornindal skal jobbe med:

- **Kompetanseheving, nettverksbygging og motivering.**
- **Støttefunksjonar for næringsdrivande innanfor naturbaserte næringar.**

I tillegg ser vi føre oss at eit hovudprosjekt må bidra til:

- **Å skaffe oversikt over desse arbeidsfelta, bedrifter i området, idear og så vidare.**
- **Å avklare vidare om og på kva måte eventuelt ei eining i Hornindal skal bidra til å byggje ei felles merkevare.**

Vi kjem til å ta med oss desse innspela saman med det vi har gjort tidlegare for å sjå kva ei slik utviklingsavdeling i Hornindal skal vere.

«Ny næring på gamle tufter»

«Ei sky av ord»

Denne ordskya illustrerer dei stikkorda som vart brukt mest når ein samlar alle individuelle svara frå alle tre spørsmåla.



«Ny næring på gamle tufter»

Kontaktinfo

«Ny næring på gamle tufter»

Prosjektmedarbeidar

Kirsti Pernille Indreeide

E-post: kpi@online.no

Mobil: 94 16 28 63

Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal

Sunnmøre Kulturnæringshage

Martin Folldal, Dagleg leiar

E-post: mf@sknh.no

Web: www.sknh.no

Mobil: 92 22 41 65

Kontoradresse: Storgata 8, 6100 Volda

Metafor

Else Ragni Yttredal, Prosjektleder

E-post: ery@metaforen.no

Web: www.metaforen.no

Mobil: 41 61 34 03

Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal



«Ny næring på gamle tufter»

Metafor

OS 48/18 Orientering frå temakomiteé for kulturbygging

OS 49/18 Rapport om helsetenestetilbodet i Hornindal og Volda